


Planbeskrivelse med konsekvensutgreiing



Fjaler kommune

Gnr. 272, Bnr. 3

Tiltakshavar: Frode Haugen

Planleggar: Yngve Systad,
Sunnfjord Entreprenør AS.

1. utkast: 17.02.2020

Revidert dato: 09.03.2020

Revidert 2. gong: 12.08.2020

Revidert 3. gong: 08.06.2021

1. INNLEIING	5
2. NØKKELOPPLYSNINGAR	5
3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	6
3.1 Intensjonar og formål med planen	6
3.2 Kvalitetar som planframlegget bidreg med	7
4. PLANPROSESSEN	7
4.1 Oppstartsmøte	7
4.2 Vedtak om oppstart	7
4.3 Varsel om oppstart av planarbeid	7
4.4 Medverknadsprosess	7
4.5 Undervegs møte	10
4.6 Konsekvensutgreiing	39
4.7 Konflikatar eller heimlar	39
5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINJER	39
5.1 Nasjonale rammer og føringar	39
5.2 Regionalt	40
5.3 Lokalt - kommunen	40
5.4 Reguleringsplanar	40
5.5 Avvik frå planar og retningslinjer	41
6. FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING	41
7. SKILDING AV PLANOMRÅDET I DAG	41
7.1 Lokalisering	41
7.2 Avgrensing	42
7.2.1 Grunngevinga av planavgrensinga	42
7.2.2 Skildring av dagens bruk av planområdet	42
7.3 Tilstøytane planar	42
7.4 Topografi / Landskapstrekk	42
7.5 Sol- og lysforhold	43
7.6 Lokalklima	43
7.7 Stadens karakter	43
7.7.1 Eksisterande bygningar	43
7.7.2 Kulturminneverdiar	45
7.8 Naturverdiar og landbruk	46
7.9 Rekreasjonsverdi, rekreasjonsbruk og uteområde	52
7.10 Born og unges interesser	52
7.11 Veg og trafikkforhold	53
7.12 Offentleg kommunikasjon/kollektivdekning	53
7.13 Sosial infrastruktur og andre servicetilbod	53
7.13.1 Idretts- og kulturtilbod	53
7.13.2 Helsetilbod	53
7.13.3 Nærleik til arbeidsplassar	53
7.13.4 Daglegvarehandel og andre servicetilbod	54
7.14 Teknisk infrastruktur	54
7.14.1 Vatn og avlaup	54
7.14.2 Trafo og kraftlinjer	54
7.14.3 Energi	54
7.14.4 Støy	54
7.15 Miljø, klima og grunnforhold	54
7.16 Beredskap og ulykkesrisiko	54

7.16.1 Rasfare	54
7.16.2 Flaumfare og havnivåstigning	54
7.16.3 Overvatn	54
7.16.4 Vind	55
7.16.5 Potensielle forureiningskjelder	55
7.16.6 Ulykkesrisiko	55
7.17 Privatrettslege bindingar	55
8. SKILDRINGAR OG VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	56
8.1 Innleiing	56
8.2 Reguleringsføremål oversikt	56
8.3 Byggjeføremål	58
8.3.1 Bustad	58
8.3.1.1 B1	58
8.3.1.2 B2	58
8.3.2 Fritidsbustad	59
8.3.2.1 Felles for hyttefeltet BFR1 – BFR6	59
8.3.2.2 BFR1	59
8.3.2.3 BFR2	59
8.3.2.4 BFR3	59
8.3.2.5 BFR4	60
8.3.2.6 BFR5	60
8.3.2.7 BFR6	60
8.3.2.7.1 BFR6_1	61
8.3.2.7.2 BFR6_2	61
8.3.2.7.3 BFR6_3	61
8.3.2.7.4 BFR6_4	61
8.3.2.7.5 BFR6_5	61
8.3.3 Campingplass	61
8.3.3.1 Campingplass 1 - BC1	61
8.3.3.2 Campingplass – BC2	62
8.3.4 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	62
8.3.4.1 BBS2	63
8.3.4.2 BBS3	63
8.3.4.3 BBS4	63
8.3.4.4 BBS5	63
8.3.5 Leikeplass	64
8.3.5.1 BLK	64
8.3.6 Uthus / Naust / Badehus	64
8.3.6.1 BUN2	64
8.3.7 Næring og Tenesteyting	64
8.3.7.1 BKB2	64
8.4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	64
8.4.1 Køyreveg O_SV1	64
8.4.2 Veg felles, FSV	64
8.4.3 Annan veggrunn – grøntareal, SVG	65
8.4.4 Parkering	65
8.4.5 KAI f_SK1	66
8.4.6 Elektriske anlegg	66
8.5 Landbruks- natur- og friluftsføremål samt reindrift	66

17.02.2020

8.5.1 LNFR Areal for naudsynthe tiltak for landbruk og reindrift, samt gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag	66
8.5.1.1 L3 og L4	66
8.5.1.2 LNA5	66
8.5.2 Friluftsføremål av LNFR	66
8.5.2.1 L1 og L2	66
8.6 Friluftsområde i sjø og vassdrag	67
8.6.1 VS - Småbåthamn	67
8.6.2 VEV1 og VEV2	68
8.7 Omsynssoner	68
8.7.1 Sikringssone H140 - Frisikt	68
8.7.2 Støysone H200	68
8.7.2.1 Støysone H210	68
8.7.2.2 Støysone H220	68
8.7.3 Faresone ras- og skredfare H310	68
8.7.4 Faresone høgspenningsanlegg H370	69
8.7.5 Bevaring naturmiljø H560	69
8.7.5.1 H560_1	69
8.7.5.2 H560_2	70
8.7.6 Bevaring kulturmiljø H570	70
8.7.6.1 H570	70
9. KONSEKVEN SAR FOR PLANFORSLAGET INKLUDERT KONSEKVEN SUTGREIING	73
9.1 Konsekvensutgreiing	73
9.1.1 Oversikt over tema som inngår i konsekvensutgreiinga	73
9.1.2 Metode	73
9.1.3 KU Trinn 1: Registrering og vurdering av verdi	75
9.1.3.1 Verdivurdering av strandsona	75
9.1.3.2 Verdivurdering av kulturminne	75
9.1.3.3 Verdivurdering av naturområde	76
9.1.4 KU Trinn 2: Tiltakets verknad/omfang	77
9.1.4.1 Verknad/omfang strandsone	77
9.1.4.2 Verknad/omfang kulturminne	79
9.1.4.3 Verknad/omfang naturområde	82
9.1.5 KU Trinn 3	84
9.2 Konsekvensar for eksisterande reguleringsplanar	90
9.3 Natur og ressursgrunnlaget	90
9.4 Verknader for naboar og interesse motsetnader	90
9.5 Friluftsliv, naturområde, born og unges interesser i nærmiljøet	90
9.6 Universell utforming og tilgjenge	91
9.7 Naturmangfald	91
9.8 Landskap/estetikk	92
9.9 Trafikkanalyse og teknisk infrastruktur	92
9.10 Miljøkrav	96
9.11 Risiko og sårbarheit	96
9.12 Juridiske og økonomiske konsekvensar for kommunen	96
9.13 Energibehov og forbruk	96
9.14 konsekvensar for næringsinteresser	96
9.15 Avveging av verknadane	96
10. RISIKO OG SÅRBARHEITS ANALYSE	97
10.1 Innleiing	97

17.02.2020

10.2 Metode	97
10.3 Definisjonar	98
10.4 Sjekklister ROS og vurderingar	99
10.5 Kommenterar til sjekklister	102
10.5.1 Natur og miljøforhold	102
10.5.1.1 Snø- eller steinskred/-sprang	102
10.5.1.2 Radon	103
10.5.1.3 Skog-/lyngbrann	104
10.5.1.4 Flaumfare, ekstremnedbør, overvatn, stormflo og havnivåstiging	104
10.5.1.5 Vind	107
10.5.1.6 Sårbar flora	107
10.5.1.7 Verneområde	107
10.5.2 Forureining	108
10.5.2.1 Støy og støv knytt til trafikk	108
10.5.2.2 Støy og støv knytt til anna verksemd/aktivitet	108
10.5.2.2.1 Støy knytt til Lutelandet vindmøllepark	108
10.5.2.2.2 Skuggekast knytt til Lutelandet vindmøllepark	112
10.5.2.3 Forureining i sjø og vassdrag	113
10.5.2.4 Høgspenlinjer	114
10.5.3 Beredskap	116
10.5.4 Infrastruktur	117
10.5.4.1 Trafikkulykker	117
10.5.4.2 Kraftforsyning	117
10.5.4.3 Energi og VA-System	117
10.5.5 Andre forhold	118
10.5.5.1 Brann tilknytt campingplass	118
11. AVSLUTTANDE KOMMENTAR	119
12. REFERANSAR OG KJELDER	121
 VEDLEGG:	
1. Innkomen merknader, avsendar: Oddgeir Lammetun og Mari Flem Hagen	1 til 2
2. Tilsvar til innkomen merknader frå Oddgeir Lammetun og Mari Flem Hagen.	1 til 6
3. Innkomen merknader, avsendar: Tina Lammetun Dale og Tommy Dale	1 til 1
4. Tilsvar til innkomen marknader frå Tina Lammetun dale og Tommy Dale.	1 til 1
5. Innkomen merknader, avsendar: Geir Lammetun og Arnhild Lammetun	1 til 2
6. Tilsvar til innkomen merknader frå Geir Lammetun og Arnhild Lammetun.	1 til 3
7. Innkomen merknader, avsendar: Norodd Lammetun	1 til 1
8. Tilsvar til innkomen merknader frå Norodd Lammetun.	1 til 5
9. Innkomen merknad, avsendar Hans, Geir og Norodd Lammetun	1 til 1

17.02.2020

1. INNLEIING

Planområdet ligg på øya Lammetun vest i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane. Eigedommen har gards- og bruksnummer 272/3. Planen går under namnet **Lammetun**. Eigedommen har allereie ein reguleringsplan som vart godkjend i 1996 med endringar i 2002, eksisterande plan går under namnet: Lammetun med plan ID: 200202.

Oppstart av planarbeidet vart varsla etter plan- og bygningslova §12 07. juli 2015, samstundes som planprogrammet vart lagt ut for offentleg ettersyn.

Planprogrammet vart vedteke av formannskapet i Fjaler kommune i sak 014/168 februar 2016. Det vart allereie 27.09.2004 søkt om å få endra reguleringsplanen for eigedommen, denne søknaden vart avslått 18.01.2005 med det til grunn at saka vart utsett og vurdert under rullering av kommuneplanen (arkivsaks nr. 2004000979). kommuneplanen skulle endrast i 2008, då fekk grunneigar beskjed om at tiltaka var så omfattande at det måtte utarbeidast eigen reguleringsplan for området.

Dokument som føl saka er å finne på Fjaler kommune si heimeside under sak nr. 11/379 og 16/2027.

Hensikt med planarbeidet

Hensikta med planen er å oppdatere reguleringsplanen slik at den blir i tråd med ønska utvikling av eigedommen, samt å få gjeldande bruk av området til å stemme overeins med dagens kart. Då dagens bruk av området per i dag ikkje stemmer overeins med gjeldande reguleringsplan for Lammetun. Ønskt utvikling av eigedommen inneber å legge til rette for utviding av eksisterande campingplass. Det planleggast for ei utviding med både fleire faste campingplassar og «drop-in»-plassar i tillegg ynskjer ein å utvikle området som senterområde med leikeplass. Sør på planområdet har ein planlagt utviding av eksisterande hyttefelt. Ein ynskjer at dagens resepsjon, som er lokalisert ved eksisterande campingplass, skal være sentrum for området slik det er i dag. Planen utarbeidast av Yngve Systad (Sunnfjord entreprenørane AS) på oppdrag frå grunneigar.

2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Grend	Lammetun
Gardsnamn (adresse i sentrum)	Lammetunvegen 371, 6964 Korssund
Gards nr./bruk nr.	272/3
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	Regulert av reguleringsplan for Lammetun av 2002
Forslagsstillar	Frode Haugen
Grunneigar (sentrale)	Frode Haugen
Plankonsulent	Yngve Systad (Sunnfjord Entreprenørane AS)
Ny plans hovudformål	Bustad, småbåthamn, hyttefelt, campingplass, verna område, næringsområde, friluftsområde og LNF.
Planområdets areal i daa	Ca. 773 daa (inkl. område i sjø)
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgder, o.l.)	Strandsone, verna område, friluftsområde
Forelegg det varsel om innsigelse (J/N)	Nei
Konsekvensutgreiings plikt (J/N)	Ja
Kunngjering oppstart, dato	06.07.2015
Fullstendig planforslag mottatt dato	20.02.2020
Informasjonsmøte avheldt dato	20.02.2020

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Bakgrunn for planarbeidet er at ein ynskjer ei justering av tidlegare teikna grenser på kartet, og i tillegg få til ein meir einskapleg plan for eksisterande bruk av området. Dagens kart og terreng stemmer ikkje overeins.

I tillegg har Fjaler kommune handsama fleire søknader frå grunneigar med konklusjonar om at ein må endre reguleringsplanen på eigedommen før kommunen kan vurdere å innvilge søknadane. Det vil være i alle si interesse å få ein oppdatert plan for dette området.

Vi meiner å kunne gjere området betre ved å justere grenser å få teikna inn endringar som gagnar området. I plankartet er no kystlinja endra i forhold til tidlegare plankart, slik at den stemmer overeins med dagens kart.

Når det gjeld småbåtanlegg i sjø- og vassdrag så er allereie godkjende og bygde flytebrygger teikna inn i plankartet (VS, BBS2 og BBS3-5), slik at reguleringsplanen no er oppdatert etter dagens situasjon.

Planområdet vil få ulike funksjonar, som: bustad, hyttefelt, landbruksformål, parkeringsplass, næringsområde, turisme og kulturminne. Noko av dette finnast allereie på området, men ikkje alt er definert skikkeleg på kartet. I tillegg er det viktig å få med nye punkt som ikkje har vore med i tidlegare reguleringsplanar for å kunne auke graden av utnytting av området og slik auke næringsgrunnlaget.

Samfunnet er stadig i endring og turismen endrar seg i takt med samfunnet elles og nye prosjekt skrur fram. Gjennom samarbeid med andre næringar i HAFS-regionen ser ein at ein kan tilby noko som set regionen på kartet. Reguleringsplanen frå 2002 er ufullstendig og enkelt oppbygd og har heller ikkje med t.d. bustadområde som har vore på eigedommen sidan slutten av 1800-talet.

Planendringa vil blant anna innebere ei samansetting av bustadfelt, område nytta til jordbruksformål, kulturminne, parkeringsplass, campingplass, næringsområde og hyttefelt. Dette skal gjerast på ein aktiv og berekraftig måte, med fokus på ei balansert utvikling mellom bruk og vern.

Firmaet Lammetun Ferie og Fritid som har tilhøyrse på området driv hovudsakleg med bygningsarbeid og turisme. Område har kvart år mange besøkande, noko som resulterer i at ein ser ein heilt annan bruk no enn tidlegare sidan behova har endra seg.

Forslaget er utarbeidd av Yngve Systad på oppdrag for grunneigar og dagleg leiar av Lammetun Ferie og Fritid – Frode Haugen.

3.1 INTENSJONAR OG FORMÅL MED PLANFRAMLEGGET

Intensjonen med detaljreguleringsplanen er å auke utnyttinga innanfor planområdet og leggje betre til rette for både turistar og andre besøkande og skape berekraftig næring. Det vil bli lagt vekt på god landskapstilpassing for å få endringane til å harmonere med landskapet rundt. Her skal leggst til rette private føremål og næringsføremål. Det er viktig å ta vare på miljø, natur, kultur og lokal identitet.

Følgjande målsettingar har vore viktig å ivareta for tiltakshavar av plan ved utforming av planforslaget:

1. Funksjon og arealbruk til planområdet.
2. Tilhøyrande funksjonar til planområdet (vatn, avløp, straum, offentleg og privat service, etc.)
3. Tekniske plankrav (grad av utbytting, uteareal, parkering etc.)
4. Offentlege og private interesser (transport, miljø, kulturminne, friluftsliv,

17.02.2020

næringsverksemd, nærliggande område, etc.)

5. Strukturen på busetnader tilpassa nær- og fjernverknader (landskap og terreng).
6. Beredskapsmessige forhold: helse, miljø og sikkerheit (HMS).

3.2 KVALITETAR SOM PLANFRAMLEGGET BIDREG MED

Planforslaget vil opne opp for at ein kan nytte området på ein betre måte og få dagens kart og terreng til å stemme. Kystlinja er no endra i forhold til tidlegare plankart slik at den stemmer overeins med dagens kart. Det vil være mogleg å utvikle område slik at ein med kan auke tal besøkande og tilby ei meir kontrollert bruk av område.

Ved enkle grep kan grunneigar få betre kontroll på bruken av eigedommen og kan også skape arbeidsplassar i eit område som allereie er pressa på arbeidsmarknaden.

Målet er at fleire kan ta del i og kanskje busette seg på Lammetun som ligg naturskjønt til med direkte tilknyting til store naturområde.

4 PLANPROSESSEN

4.1 OPPSTARTSMØTE

Det har vore gjennomført oppstartsmøte 17.11.2010, 17.10.2014 og 22.10.2015 med Fjaler kommune. Det har vore gjennomført synfaring med Knut Åland ved Fylkeskulturkontoret i november 2015.

4.2 VEDTAK OM OPPSTART

Oppstart av planarbeidet vart vedteke 26.04.2011 av Formannskapet i Fjaler kommune i sak 042/11.

4.3 VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEIDET

Varsel til alle grensande naboar og instansar etter liste tilsendt frå Fjaler kommune og kunngjort i lokalavisa Firda 07.07.2015. frist for attendemelding var sett til 17.08.2015.

4.4 MEDVERKNADSPROSESS

I samband med varslinga kom det inn merknader frå fem instansar:

Fylkesmannen,
Fiskeridirektoratet,
Statens vegvesen,
gravemelding.no og
NVE.

I tillegg til varsel vart det og gjennomført ei synfaring på planområdet ved Fylkeskulturkontoret v/Knut Åland.

Innkomne merknader er teke omsyn til og er kommentert i tabellen under og på dei neste sidene:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 21.07.15:	Tiltakshavars kommentar:
Natur og Miljø:	
Det er skrive feil storleik på kartavgrensinga, det er skrive 68 daa i staden for 680 daa.	Vi beklagar skrivefeilen.
FM er samd i at det bør gjerast ei kartlegging eller tilstandsvurdering av både kulturminne og naturmangfald på denne lokaliteten, med utgangspunkt i tidlegare skildring i kulturlandskapsrapporten frå 1991 på naturtypelokalitet BN00068445.	Det er ikkje gjennomført fagkyndig kartlegging eller tilstandsvurdering av kulturminne og naturmangfald på "Neset". Men begge tema er omtalt og skildra grundig i planomtalen av plankonsulent/tiltakshavar.

17.02.2020

FM veit ikkje kor grundig det er rydda etter tidlegare aktivitet på Lammetun fort, og planarbeidet bør derfor ha ei vurdering av eventuell ureining knytt til dette.	Når det gjeld ureining i samband med rydding av kystfortet, så vart kystfortet rydda og tilrettelagt for turisme for fleire år sidan. Derfor er dette ikkje eit tema som er omtalt i planomtalen.
FM meiner at det bør gjerast eit enkelt reknestykke ut frå djupnemåling av torva m.m.) på kor mykje karbon som ligg bunde i planområdet, og korleis planen vil bidra til frigjere dette til atmosfæren, eller hindre vidare opptak.	Tatt til følgje. Tiltakshavar har fått Karl Jan Erstad v/Rådgivande agronomar til å utarbeide rapport inkl. reknestykke kor mykje karbon som ligg bunde i planområdet, og korleis planen vil bidra til å frigjere det til atmosfæren samt planlagde avbøtande tiltak.
FM minner om at det i planomtalen skal gjerast greie for verknadane planen vil kunne få for ulike interesser og omsyn. Uavhengig av konsekvensutgreiinga så kan aktuelle tema her m. a. vere kva konsekvensar planen har for strandsona, naturmangfald, friluftsliv, folkehelse, landskap, grønstruktur, barn og unge, universell utforming, ureining, fritidsbustader og naust.	Tatt til følgje. Det er i planomtalen gjort greie for kva verknader planen vil kunne få for ulike interesser og omsyn, det er nærare omtalt under dei ulike aktuelle tema.
Landbruk: Planområdet omfattar også jordbruksareal i form av dyrka mark og innmarksbeite, som det er viktig å ta omsyn til i planarbeidet. Så langt det gjeld spørsmål om problemstillingar knytt til landbruksinteressene i området, viser FM til standardbrevet til FM ved oppstart av planarbeidet.	Vi har lagt til grunn NIBIO sine gards kart, der fell planområdet under følgjande kategoriar: overflate dyrka jord, innmarksbeite og produktiv skog. Av desse tre er det berre område for innmarksbeite som blir fysisk rørt av tiltaka i planen. Dette er nærare omtalt i planprogrammet.
Samfunnstryggleik: FM viser til merknadane om samfunnstryggleik og beredskap i standardbrevet.	Tatt til følge, dette er nærare omtalt i planprogrammet under ulike aktuelle tema.

Kystverket Vest, 07.08.2015:	Tiltakshavars kommentar:
Det må takast omsyn til ferdseilen ved planlegging i sjø, og det er derfor viktig at det ikkje planleggast tiltak/aktivitetar som kjem i konflikt med framkomeleg heita i sjøområdet.	Tatt til følgje.
Tiltak som planleggjast etablert i sjø må dimensjonerast slik at dei kan motstå bl.a. straum/drag og bølgeslag i området.	Tatt til følgje.
Det må takast med i reguleringsbestemmingane at tiltak som fell inn under hamne- og farvasslovas bestemmingar skal godkjennast av hamnemyndigheit. Kommunalt hamnemynde i Fjaler kommune er Flora Hamn KF (Alden hamneområde)	Tatt til følgje. Det er lagt inn eige punkt i føresegnene og det er omtalt i planforslaget at tiltak som fell inn under hamne- og farvasslovas bestemmingar skal godkjennast av hamnemyndigheitene før ei eventuell utbygging.

17.02.2020

NVE, 11.08.2015	Tiltakshavars kommentar:
<p>Delar av området er synt som aktsemdsområde for snøskred og steinsprang. Dersom reguleringsplanen skal opne for utbygging innanfor aktsemdsområde må skredfaren vurderast nærare. Til arbeidet med å vurdere skredfare må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse, og skredfarevurderinga må underleggast kontroll av sidemann eller uavhengig part.</p> <p>Det må definerast faresone-grenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggt teknisk forskrift (TEK 10). Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen, dvs. syne som omsynssone og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår NVE til at det aktuelle området vert teke inn i planen. dersom skredfare skal utgreiast bør dette gå fram av planprogram under utgreiingstema.</p>	<p>Tatt til følge.</p> <p>Nye utbyggingsområde er lagt utanfor aktsemdsområder for snøskred og steinsprang. Det er derfor ikkje naudsynt med vidare vurdering av skredfaren og det blir heller ikkje lagt inn omsynssoner for snøskred og steinsprang. Temaet er gjort greie for under punkt 7.15.1 i planomtalen.</p>
Fiskeridirektoratet, 25.08.2015	Tiltakshavars kommentar
<p>Fiskeridirektoratet ber om at de vurderer å greie ut moglege konsekvensar for sjøområda som planframlegget dekkjer, og at dette vert teke inn under planprogrammet sine utgreiingstema.</p> <p>innanfor grensene til planområde i sjø, har vi registrert gytefelt for sei og hyse.</p> <p>Dei siste to åra har det vore gjort kartlegging av marint biologisk mangfald i Sogn og Fjordane (jf. Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald). Dette arbeidet har vore utført av havforskningsinstituttet og det er mogeleg å ta kontakt med dei for å få opplysingar om resultatane frå desse undersøkingane.</p> <p>Dei har hatt fokus på gyteområde for kysttorsk og ålegrasenger.</p>	<p>Delvis tatt til følge.</p> <p>Fiskeridirektoratet sine kartløyisingar syner at det er eit gyteområde for sei og hyse som strekk seg frå Langøyflua i nord til Øyatåna ved Lutelandet i sør. Som igjen syner at noko av planområdet i sjø ligg innanfor gyteområde for sei og hyse. Gyteområde det her er snakk om er eit stort område, planområde ligg i utkanten av dette feltet.</p> <p>Dei tiltaka i planområde som ligg innanfor gyteområde; BBS1, BBS2, BBS4 samt ei mindre utfylling i sjø ved utbygging av nye utleieeiningar innanfor BUH1.</p> <p>Av desse tiltaka er BBS1, BBS2 og BBS4 allereie utbygde og eksisterande flytebrygger og kaianlegg innanfor planområdet per i dag.</p> <p>BBS1 vart gitt mellombels dispensasjon til i april 2019. Fiskeridirektoratets uttale til denne var:</p> <p><i>Vi har registrert eit gyteområde for torsk og hyse vest for Lammetun, men reknar ikkje tiltaket for å kome i konflikt med dette, og har av den grunn ingen merknader til søknaden.</i></p> <p>Når det gjeld gyteområde er det i hovudsak viktig å unngå å øydelegge sandbotn/botn. Tiltaka våre innanfor område er i form av flytebrygger. Dei øydelegg ikkje botnen, då dei er festa i land og ikkje gjer inngrep på sjøbotnen. Flytebrygger i seg sjølv har ein positiv effekt på gyteområde, då dei er med på å gje vekst og grobotn for blåskjel, tang, algar m.m. som fisken igjen kan gøyme seg i når den skal gyte.</p> <p>På grunnlag av dette er ikkje gyteområde for sei og hyse ikkje omtalt i planen når det gjeld tiltaka BBS1, BBS2 og BBS3-5.</p> <p>For mindre utfylling i sjø ved utbygging av BUH1 er gyteområde omtalt og temaet er nærare utgreidd under punkt 10.4.2.2 (kap. 10 – ROS analyse).</p>

17.02.2020

Statens vegvesen, 07.08.2015	Tiltakshavars kommentar:
Det må utarbeidast ein trafikkanalyse for tiltaket og utifrå denne må ein sjå på om krysset til Fv. 5655 har god nok utforming slik det er i dag.	Tatt til følge. Formannskapet i Fjaler kommune gjorde tilleggsvedtak då dei vedtok planprogrammet for detaljreguleringsplan for Lammetun 08.02.2016, om at det må inn ei analyse av trafikken gjennom gardstuna på Lammetun. På bakgrunn av Fjaler kommunes tilleggsvedtak saman med Statens vegvesen si uttale er det utført trafikktejing og trafikkanalyse. Sjå kapittel 9, punkt 9.9.

4.5 UNDERVEGSMØTE

Vi har hatt møter og synfaring med Fylkeskulturkontoret v/Knut Åland, november 2015 på Lammetun. Vi har hatt møte med Fjaler kommunes representant Gaute Lundeland mars 2017. I tillegg har vi og fått skriftlege tilbakemeldingar frå kommunen som gjeld endringar dei synes burde takast med i planprogrammet og føresegnene. Desse har vi imøtegått så langt det har lete seg gjere utan å ta vekk nokon av dei planlagt tiltaka.

Desember 2019, januar 2020, november 2020 og mars 2021 vart det gjennomført arbeidsmøter med kommunen.

05.03.2020 vedtok formannskapet i Fjaler kommune i sak FOR-026/20 å legge framlegg til endring av detaljreguleringsplan for Lammetun ut på høyring og offentleg ettersyn.

Høyringsfrist vart sett til 24.04.2020.

Desse kom med merknader/motsegn til reguleringsplanen medan den låg ute til 1. gongs høyring i perioden 12.03.2020 – 24.04.2020:

Offentlege instansar:

- Statens vegvesen
- NVE
- Fiskeridirektoratet
- Miljøorganisasjonen grønn framtid
- Vestland fylkeskommune
- Kystverket
- Fylkesmannen i Vestland

Andre:

- Oddgeir Lammetun og Mari Flem Hagen
- Arnhild og Geir Lammetun
- Tina Lammetun Dale og Tommy Dale
- Norodd Lammetun

På dei neste sidene kan de lese merknadane/motsegnene frå dei ulike offentlege instansane, samt korleis vi imøtegår desse.

Merknader frå nabobruka vert ikkje opprinsa her, då dei ikkje har nokon riktig samanheng med og ikkje skal ha noko å seie for behandlinga av planen.

Dette er fordi merknadane deira var utelukka av privatrettsleg karakter, samt at det var ein god del av innhaldet i deira merknader som ikkje stemte overeins med kva planframlegget regulera områda for, og at dei soleis var einige i det planframlegget regulera ein del område til utifrå deira merknader. Ein del av merknadane var usanne og påstandane er direkte løgn. Merknadane til nabobruka og tilsvar til desse, som vi har sendt til kommunen finn de i si heiling som vedlegg til planen.

17.02.2020

Statens Vegvesen, 23.03.2020		Tiltakshavars kommentar
<p>I vår uttale til oppstartsvarsel bad vi om at det måtte utarbeidast trafikkanalyse for tiltaket og utifrå denne sjå om krysset til fv. 65 har god nok utforming og kapasitet slik det er i dag.</p> <p>I dokumenta som ligg til offentleg ettersyn er det vurdert forventa trafikkauke som følgje av auka aktivitet og planfremjar har vurdert at det ikkje er naudsynt å utbetre krysset mellom kommunalveg og fylkesveg 5655 (tidl. Fv.65).</p> <p>Vi ser det som planmyndigheita og vegeigar si oppgåve å vurdere om tala som ligg til grunn for trafikkauke er akseptable. Ut over dette har vi har ingen merknader til planen.</p>		Tatt til følgje.
NVE, 27.03.2020		Planstilars kommentar
<p>Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 12.03.2020. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl). NVE prioriterer å gi innspel og uttalar til overordna planar og rettleiing/opplæring til kommunar med store utfordringar innanfor vårt saksområde. I tillegg prioriterer vi å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen», der vi ber kommunen om å skrive tydeleg i oversendingsbrevet kva ein eventuelt ynskjer hjelp til i den enkelte sak. I denne saka kan vi ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.</p>		Tatt til følgje. Det er tatt omsyn til både ras- og flaumfare, havnivåstigning m.m i planen. Og vi meiner soleis at desse områda er godt ivaretekne.
Fiskeridirektoratet, 02.04.2020		Planstilars kommentar:
<p>I vår uttale til melding av oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram, ba vi om at det vart vurdert om ein skulle greie ut moglege konsekvensar for sjøområda som planframlegget dekte, og at dette vart teke inn under planprogrammet sine utgreiingstema. I planomtala er det gjort greie for gytefeltet som kjem inn i deler av planområdet. BBS1, BBS2 og BBS4 er eksisterande og utbygde flytebrygger og kaianlegg innanfor gyteområdet. Det er planlagt ei fylling i sjø på ca. 250m³ på område BHU1. Denne fyllinga vil kunne få negativ påverknad på gyteområdet og marint liv. Det er i føresegnene sett krav om bruk av siltgardin ved utfylling i sjø i anleggsperioden. Vi anser avbøtande tiltak som tilstrekkeleg. Vi ber å få søknadar om tiltak i sjø på høyring. Blautbotnområdet sør i planområdet er teke i vare ved at det fell inn under omsynssone H560 i føresegnene. Vi har elles ikkje merknadar til planarbeidet og ber om å få kopi av vedtak i saka.</p>		Tatt til følgje. Den planlagde utfyllinga er no redusert til 150m ³ på område BUH1. Framleis med krav om siltgardin som avbøtande tiltak. Vi er glade for at det vert ansett som tilstrekkelig.
Miljøorganisasjonen Grønn Fremtid, 05.04.2020	Planstilars kommentar	
Planens § 2.1.3 B2 bokstav b) og c) og § 6.1.3.1 H370: FARESONE	Tatt til følgje. Vi har vore i kontakt med SFE ang. Kor mykje spenning det går gjennom den aktuelle linja.	

17.02.2020

<p>HØGSPENNINGSANLEGG fremstår å ivareta Forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Bestemmelsene fremstår dog ikke å ivareta krav til utredning og minimering av stråling jf. strålevernforskrifen (til) § 5. Vi ber om at strålevernforskrifen også hensyntas i planarbeidet</p>	<p>På grunnlag av dette vert følgande lagt inn i føresegner: <i>For punkt b) - f) visast det til forskrift om strålevern §5. DSBs rettleiar til forskrift om elektriske forsyningsanlegg, kapittel 6, der «viktige bygningar» og «mindre viktige bygningar» definerast slik:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Viktige bygningar: bygningar nytta til bustad føremål.</i> • <i>Mindre viktige bygningar: bygningar med største grunnflate 50 m², som ikkje nyttast til bustad føremål, og der det berre leilegheitsvis eller kortvarig oppheld seg menneske.</i> <p>Jamfør dei opplysingane vi har, som no er omtalt i planomtalen ifht. Forskrift om strålevern. Så ligg B2 i meir enn god nok avstand til høgspenlinja hf. Strålevernsforskrifta. Sjå ROS analysen for utfyllande informasjon.</p> <p>Tomtene innafor B2 er i nytt forslag gjort mindre, og kjem soleis lenger frå høgspenningslinja.</p>
<p>Vestland fylkeskommune, 14.04.2020</p>	<p>Planstilars kommentar</p>
<p>Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjar fylkesdirektøren for kultur, idrett og inkludering motsegn til følgjande punkt i planframlegget som ikkje er av prinsipiell karakter og som har vesentleg negativ verknad for regionale og nasjonale kulturminneverdiar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) 2.3.2 BFT1 – «Blåklukka» 2) 2.4.1 BUH1 – Utleiehytter 3) 2.5 Campingplass (BC) 4) 2.6 Leirplass (BLP) <p>Vestland fylkeskommune reiser motsegn om ikkje følgjande arealføremål og tilhøyrande føresegner blir tekne inn i planen:</p> <ol style="list-style-type: none"> 5) 6.2.2 Bevaring Kulturmiljø (H570) <p>Motsegnene blir trekt dersom framlegga våre vist i saksframlegget, vert endra ved endeleg godkjenning av planen. Sjå også andre merknader til planframlegget.</p> <p>Automatisk freda kulturminne</p> <p>Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i planområdet. Det kan likevel finnast slike kulturminne. Frå steinalderen kan det vere enkeltgjenstandar (som steinøksar, pilspissar, avslag av flint eller andre typar stein) eller mindre samlingar av slike. Det kan vere åkrar eller spor etter gardshus frå bronse-, jarn- og mellomalder. Slike spor vil finnast i molda og ned mot undergrunnen. Her kan også vere små, overgrodde rydningsrøyser. Ved mistanke om slike kulturminne, gjeld varslingsplikta. Arbeidet eller aktiviteten må med ein gong avsluttast, og</p>	<p>Tatt til følge.</p> <p>Tatt til følge.</p> <p>Sjå detaljerte kommentarar til dei ulike punkta.</p> <p>I revidert planframlegg er no framlegga til FK kome i møtes og lagt inn så langt det let seg gjere. Sjå dei ulike kommentarane under for kvart punkt.</p>

17.02.2020

<p>det må takast kontakt med Vestland fylkeskommune for nærare avklaring. Foto kan sendast via mobil. Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre at det er gjeve løyve til det, jf. lov om kulturminne §§ 4, 3 og 8.</p> <p>Følgjande føresegn må difor setjast inn i generelle føresegn § 1.1.:</p> <p>Dersom det blir funne noko som kan vere automatisk freda kulturminne, må arbeidet med ein gong stogkast, og det må takast kontakt med kulturminnemynde i Vestland fylkeskommune.</p> <p>Til føresegn 6.1.3. Høgspent. Tillegg til bokstav g) Plan for kabelgrøft skal føreleggast Vestland fylkeskommune. Det må gjerast for å undersøke forholdet til automatisk freda kulturminne.</p> <p>Marine kulturminne.</p> <p>Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Lammetun gbnr. 272-3 i Fjaler kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har difor ingen merknader til reguleringa.</p> <p>Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.</p> <p>Kulturminne frå nyare tid</p> <p>På Lammetun er krigshistoria ein vesentleg del av opplevingsverdien. Tiltak som vert sett i verk innanfor dette området, må av den grunn ikkje føre til at verken opplevingsverdien eller krigsminna vert svekka. Det må i tillegg leggjast vekt på at tiltaka er reversible og lett kan endrast. Ein vesentleg del av opplevingsverdien til krigsminna ved Lammetun, er avhengig av at dei er knytt opp mot eit autentisk krigshistorisk kulturlandskap og at siktlinjene frå krigsminna</p>	<p>Tatt til følgje:</p> <p>Dette er no arbeidd inn i føresegnene. Grunnen til at det ikkje var med i tidlegare forslag, er at dette står i lov om kulturminne, og ein reguleringsplan går ikkje over lova. Så dette tenkte vi var unødvendig å ha med i føresegnene.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Dette er no innarbeidd i føresegnene.</p> <p>Tatt til følgje.</p> <p>Vi er klar over lov om kulturminne, og skal sjølv sagt både melde ifrå og stanse eventuelt arbeid dersom me skulle finne noko.</p> <p>Ingen av tiltaka i planen medfører verken at opplevingsverdien eller krigsminna vert svekka. Derimot tilrettelegg planen for besøkande i fortet.</p>
--	--

17.02.2020

<p>til fjorden ikkje vert endra av nye inngrep i landskapet. Det same forholdet gjer seg gjeldande for siktlinjene frå fjorden og inn mot festningsanlegga.</p> <p>Kystfortet på Lammetun er eit av dei viktigaste og best bevarte kystforta i Vestland. Kanonane her skulle nedkjempe sjømål på Vilnesfjorden og Buefjorden, sperre innløpet til Dalsfjorden og Askvoll. I tillegg skulle dei verne tyske skip og konvoiar i skipsleia. Som eit samanhengande kjede vart kystforta etablert langs norskekysten som del av den 2685 km lange Atlanterhavsvollen. Kystfortet ved Lammetun er eit kulturmiljø av høg regional verdi og nasjonal interesse.</p> <p>I gjeldande reguleringsplan for Lammetun gnr. 272 bnr. 3 vedteken 1994 med endringar frå 2002 er fortet regulert til spesialområde bevaring med følgjande føresegn:</p> <p>§ 5.0 Spesialområde verneområde for festningsanlegg.</p> <p>5.1 Området skal vernast mot nedbygging og andre inngrep og restane etter festningsanlegget skal restaurerast.</p> <p>I den framlagte reguleringsplanen er vernet av anlegget monaleg svekka i høve gjeldande regulering. Vestland fylkeskommune har følgjande merknadar til dei framlagte reguleringsføremåla med føresegnar:</p> <p>2. BEBYGGING OG ANLEGG</p> <p>2.2 Fritidsbustader (BFR), 2.2.6 BFR3 Vestland fylkeskommune rår sterkt i frå å regulere inn fleire enn den allereie eksisterande hytta som vist i felt BFR3. Fylkeskommunen rår til at nye hyttetomter regulerast inn i bakkant av reguleringsområde, som ei utviding av felt BFR2. Her vil hyttene ligge lengre frå kystfortet. Tiltaket krev og dispensasjon frå byggjeforbodet langs sjø.</p> <p>2.3 Fritids- og turistføremål, 2.3.2 BFT1 – «Blåklokka» «Blåklokka» er ein vertikalstilt sylindar i glas og aluminium som er tenkt nytta som ly for dei som vil oppleve storm og uver eller fuglekikking, lengst ute på Varden. Tiltaket krev dispensasjon frå byggjeforbodet langs sjø. Festningsverka og kystfortet ved Lammetun er eit krigshistorisk kulturmiljø av høg regional verdi. Det er av den grunn lite ønskjeleg at det vert gjort nye og markerte tiltak i landskapet</p>	<p>Ingen av tiltak i planen går utover siktelinja til fortet.</p> <p>Siktelinja frå fjorden og inn mot fortet vert ikkje korrekt å snakke om, då kystfortet vart bygd for å ikkje synast frå fjorden og lufta.</p> <p>Det er både på denne eigedommen og dei andre eigeommene rundt fortet gjort mange tiltak dei seinare åra.</p> <p>På Lutelandet kjem det og høge vindmøller ruvande rett i siktelinja.</p> <p>På Lammetun har andre fått bygd heilt inntil delar av fortet.</p> <p>Det som gjer at Lammetun kystfort er eit av dei best bevarte forta er at grunneigar og planstilar Frode Haugen har brukt fritida si og sine eigne midlar på å ruste opp att fortet. Dette bør vestland fylkeskommune ha i minnet når dei kjem med sine merknader.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>I nytt planutkast etter innkomne merknader i høyringsrunda har vi no endra omsynssonene rundt fortet.</p> <p>Vi har no slått saman omsynssonene H570 2, 3 og 4 til ei stor omsynssone kalla H570_2. denne omsynssona har og fått mykje større areal enn det som var lagt inn i førre forslag.</p> <p>Dette for å i imøtegå fylkeskommunen. H570_1 ligg enno som ei eiga omsynssone.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Utvidinga av BFR3 er no gjort om til ei utviding av BFR2, slik at det kjem lenger vekk frå fortet. Slik kjem og nytt hyttefelt lenger vekk frå sjøen. Næraste punkt til sjø er no ca. 80 meter.</p> <p>Vi har endra på utforminga av Blåklokka for å gjere den minst mogleg synleg.</p> <p>Det vil bli nytta grå kledning på veggen mot fortet.</p> <p>Sidefelt og felt mot sjø vil framleis være i glas. Høgda på bygget er redusert frå 4 meter til 2,8 meter.</p>
--	---

17.02.2020

<p>rundt krigsminna.</p> <p>Ut i frå ei kulturminnefagleg vurdering reiser Vestland fylkeskommune motsegn mot dette reguleringsformålet i området rundt Lammetun kystfort.</p> <p>2.4 Arealføre mål utleigehytter (BUH), 2.4.1 BUH1 – Utleigehytter</p> <p>Vestland fylkeskommune meiner at bygging av utleigehytter mellom sjøen og kystfortet vil forringe den kulturhistoriske verdien av fortet og redusere lesbarheita av anlegget frå sjøen. Tiltaket krev dispensasjon frå byggjeforbodet langs sjø. Område er i dag regulert til spesialområde bevaring.</p> <p>Vestland fylkeskommune reiser motsegn til planforslaget om å endre arealføre målet frå spesialområde bevaring til arealføre mål utleigehytter.</p> <p>2.5 Campingplass (BC)</p> <p>Festningsverka og kystfortet ved Lammetun er eit krigshistorisk kulturmiljø av høg regional verdi. Det er av den grunn ikkje ønskjeleg at det vert gjort nye og markerte tiltak i landskapet rundt krigsminna. Tiltaket krev og dispensasjon frå byggjeforbodet langs sjø. Ein permanent plassering av campingvogner og «spikartelt» innanfor området til kystfortet vil forringe den kulturhistoriske verdien av fortet og redusere lesbarheita av anlegget frå sjøen.</p> <p>Ut i frå ei kulturminnefagleg vurdering reiser Vestland fylkeskommune motsegn til arealføre målet campingplass i området rundt Lammetun kystfort.</p> <p>2.6 Leirplass (BLP)</p> <p>Området som er føreslått regulert til leirplass er i dag regulert til spesialområde bevaring, og dette arealføre målet må vidareførast med arealføre mål LNF, jf. pbl § 12-5, nr. 5 med omsynssone kulturmiljø H570. Nye bygningar som t.d. gapahuk så nært til synlege delar av fortet vil forringe den kulturhistoriske verdien av det og redusere lesbarheita av anlegget. Det vil fortsett vere mogeleg for telting med enkle telt i det vidareførte LNF-område.</p> <p>Vestland fylkeskommune reiser motsegn til arealføre mål leirplass.</p> <p>2.7 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med</p>	<p>Dette kjem fram av både planomtale og føresegner.</p> <p>Minner fylkeskommunen på at fortet ikkje skal kunne være les bart frå sjøen i utgangspunktet. Dette for å hindre eventuelle åtak på fortet, samt å kunne overraske fienden.</p> <p>BUH1 vil ikkje forringe siktelinja til fortet. BUH1 er no redusert frå 2 til 1 utleigeeining.</p> <p>Per i dag vert det avsette området til arealføre mål campingplass – nytta til nettopp campingplass, men er ikkje regulert til føremålet.</p> <p>Noko av meininga med planen var at den skal spegle dagens bruk av området.</p> <p>Det er i planen arbeidd inn ei mindre utviding av området nytta til campingplass i forhold til dagens bruk.</p> <p>Det er lagt inn byggegrense, møne- og gesimshøgde på området slik at det ikkje kan byggast noko nærast sjøen eller fortet.</p> <p>Minner fylkeskommunen igjen på kvifor fortet er så godt i varetatt og har høg regional verdi. Dersom vi ikkje har måtar å få inn midlar på vert heller ikkje fortet tatt vare på i framtida.</p> <p>Tatt til følge:</p> <p>BLP – Leirplass er tatt ut av planforslaget i heiling.</p>
--	---

17.02.2020

<p>tilhøyrande strandsone (BBS), 2.7.2 BBS1 Vestland fylkeskommune meiner at flytebrygga i område BBS1 har ein uheldig plassering nær kystfortet og dermed vil forringe den kulturhistoriske verdien av fortet og redusere den historiske lesbarheita av anlegget frå sjøen. Slike anlegg må heller konsentrerast til nokre få stader innanfor reguleringsområdet</p> <p>6 OMSYNSSONER</p> <p>6.2 Sone med særlege omsyn til friluftsliv og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø med angivelse av interesse, 6.2.2 Bevaring Kulturmiljø (H570) Vestland fylkeskommune meiner at det må lagast ei samanhengande omsynssone (H570) for heile området til Lammetun kystfort. Fylkeskommunen ser det ikkje som føremålstenleg at anlegget blir delt opp i ulike mindre omsynssoner. Omsynsona må starte ved den austlege avgrensinga av gjeldande spesialområde bevaring og strekke seg ned til sjøen mot vest.</p> <p>Vestland fylkeskommune meiner at følgjande føresegn må gjelde for omsynssona:</p> <p>6.2.2 Bevaring Kulturmiljø (H570)</p> <p>a) Omsynssona omfattar anlegget både over og under bakken og det historiske kulturlandskapet rundt, slik at heilskapen i anlegget vert teke vare på og blir lesbart både frå sjøen og frå dei ulike stadane i sjølve anlegget.</p> <p>b) Innanfor omsynssona må det ikkje settast i verk tiltak eller bruksendringar som fører til at</p>	<p>BBS1 er ikkje synleg frå fortet og forringar på ingen måte fortet slik den ligg inne i planen. Dette veit vi då vi har hatt den liggande på midlertidig løyve i tre år.</p> <p>Det er også mange av dei som kjem for å sjå kystfortet som ligg ved akkurat denne brygga. Så her synes eg fylkeskommunen skal snu, fortets gjestar må parkere ein stad både med bil og båt. Korleis skal dei kunne gjere det om ikkje vi får tilretteleggje for det? Vi har i dag plass til våre buande gjestar. Då må vi eventuelt stenge fortet for besøkande fordi dei parkerar vilt på området. Dette ville vore veldig uheldig for fylkeskommunen.</p> <p>Tatt til følgje: Slik imøtegår vi dette: Omsynssone H570_2, 3 og 4 er no omgjort til ei stor omsynssone kalla H570_2. omsynssona er no auka med over 27 000m². Vi ber om at fylkeskommunen godtek denne endringa. Å sette av heile eigedommen lik dei føreslår er uaktuelt, då det ikkje lenger vil være mogleg for oss å drive verksemda vår vidare. Dette vil igjen medføre til at vi lyt stenge fortet. Då vi ikkje kan stå for restaurering, vedlikehald ++ slik vi har gjort i mange år. Om vi ikkje får tent inn midlar til dette. Då verken kommunen, fylkeskommunen eller andre instansar hjelp oss med midlar til dette arbeidet.</p> <p>Tatt til følgje: Dette er no lagt inn i føresegnene, utanom 2 minimale endringar. FK framlegg til endring bokstav a) er nesten lagt inn i heiling, dette er fråvike med at desse orda er tatt ut av framlegget: "frå sjøen". FK meiner at kystfortet skal være lesbart både frå sjøen og dei ulike stadane i anlegget. Dette strir mot måten kystfortet vart bygd på , det vart bygd på ein slik måte at det skulle være minst mogleg lesbart frå sjøen. Dersom kystfortet skulle være mest mogleg lesbart frå sjøen, hadde det med stort sannsyn vorte bomba under krigen. For FK framlegg til bokstav b) er den lagt inn,</p>
--	---

17.02.2020

<p>området endrar karakter. Dette gjeld bygningar, anlegg og utviding av veg eller tal parkeringsplassar, oppsetting av gjerde, skilt, endringar av større vegetasjonselement eller belegg, planering, utfylling og andre landskapsgrep.</p> <p>c) Festningsanlegget kan restaurerast og tilbakeførast til opphavleg tilstand og utsjånad, på dokumentert grunnlag.</p> <p>d) Det kan gjerast skjøtsel av vegetasjonen. Tre, busker og kratt kan sagast eller klyppast ned for å halde landskapet ope.</p>	<p>utanom at ein har tatt ut ordet gjerde. Dette fordi det er gjerdeplikt innafør område ihht. jordskifte frå 1971.</p> <p>Dersom ein legg inn dette vil det øydelegge for framtida, dersom eignedomen skulle bli nytta til jordbruk - som den i si tid vart. Det vil og gjere til at vi vil bli den einaste landbrukseigedomen i Fjaler som har eit juridisk bindande dokument på at ein ikkje skal kunne setje opp gjerde. Her har vi gjort det avveginga at vi må kunne få ha løyve til å setje opp gjerde, for å kunne bevare landbruksinteressene for eigedommen. Dette omsynet meiner vi og at FK må sjå og ta, då dei andre plassar ber oss om å ta omsyn til beite områder.</p> <p>FK framlegg til endring bokstav c) er lagt inn i heiling. Den låg inne frå før, men med litt anna formulering. No ligg den slik FK ber om.</p> <p>FK framlegg til endring bokstav d) er lagt inn i heiling. Den låg inne frå før, men med litt anna formulering. No ligg den slik FK ber om.</p> <p>Minner nok ein gong fylkeskommunen på at kystforta vart bygde slik at dei IKKJE skulle synast verken frå fjorden eller lufta. Dette for å hindre eventuelle åtak og for å kunne komme overraskande på fienden med åtak.</p> <p>Derfor er det komplett umogleg å tenke seg at ein kan klare å unngå at nye tiltak gjer fortet mindre les bart frå fjorden eller lyfta.</p> <p>Det vil bli det same som å seie at vi lyt rive alt og flytte herifrå.</p> <p>Minner og om at kystfortet faktisk er eit krigsminne etter 2. verdskrig, bygd av tyskarane. Dette er ikkje i seg sjølve eit positivt minne, vi gjer det vi kan for å ta vare på det, men at vi ikkje skal kunne drive verksemda vår for at fortet skal være best mogleg ivaretatt, samstundes som fylkeskommunen synes vi skal halde fram med å halde det ved like. Det er ganske arrogant.</p> <p>Vi meiner det er på tide fylkeskommunen må sjå og anerkjenne den jobben vi har gjort med fortet.</p> <p>Då det faktisk er tiltakshavar som har æra for at forta er så godt ivaretatt som det er i dag.</p> <p>Han nyttar eigne midlar, tid og lønnar andre for at fortet skal være så bra som det er.</p>
--	---

17.02.2020

<p>BORN OG UNGE</p> <p>Det er lagt opp til 2 bustadområde, B1 og B2 med høvesvis 3 og 6 bustader. Det er ikkje fastsett føringar i føresegnene som seier noko om korleis det skal tilretteleggast for born og unge her. I kapittel 7.10 i planomtalen står det om born og unges interesser. Der vert det vist til skrin fastmark og lynghei med gode soltilhøve og utsikt, og at arealet difor har godt potensiale for friluftsliv og lek. Det vert også vist til at Våge skule og Våge barnehage ligg ca. 10 minutt køyring frå Lammetun, og til dei fasilitetane og aktivitetane som er på campingplassen. Vi meiner at born og unge sitt behov for gode leikeareal ikkje er godt nok dekt gjennom planen. Vi legg til grunn at det er små bustadfelt, tomter med plass til gode uteareal, og tilgrensande naturområde. Vi meiner likevel at det bør leggast til rette for eit opparbeidd leikeområde eigna for balleik, særleg med tanke på at næraste anlegg er ein 10 minutt køyretur unna.</p> <p>Område B2 er den naturlege plassen for eit slikt område, då det her er lagt opp til flest bustader. Vi vil understreke at eit areal ikkje nødvendigvis treng å vere stort for å ha kvalitet. Til dømes kan eit lite område vere eigna for balleik så lenge arealet er flatt, har eigna underlag og har mål, sportsvegg, basketballkorg eller liknande. 5 gonger 5 meter kan vere nok i eit lite bustadfelt. Sentral plassering med god oversikt i feltet vil og gjere at alle born i alle aldrar kan nytte det. Leikearealet kan godt ligge inntil tilkomstveg inne i feltet og om ein opparbeider arealet samstundes med tilkomstvegar til feltet, vil dette ikkje trenge å føre til vesentlege meirkostnader.</p> <p>SAMFERDSLE</p> <p>Ved varsel om oppstart og høyring av planprogrammet vart det frå Statens vegvesen, som den gong var forvaltar av fylkesvegen, sagt at det måtte utarbeidast ein trafikkanalyse for tiltaket, og ut frå den sjå på om krysset til fv.5655 har god nok utforming og kapasitet slik det er i dag. Ettersom at konklusjonen på trafikkanalysen er at kapasitetsreserven er vesentleg har me ingen merknadar til endring av detaljreguleringsplan for Lammetun som lagt ut til høyring og offentleg ettersyn</p>	<p>Tatt til følgje:</p> <p>Ved B2 er det no sett av eit større område for leikeplass.</p> <p>Området som er sett av er på heile 714 m2.</p> <p>Området er sett av for både B1 og B2 saman. Vi har forlenga vegen på B2 ut til leikeplassen slik at ein lett kjem seg fram til den.</p> <p>Området har gode sol- og lystilhøve og ligg godt skjerma for både støy og støv.</p> <p>Arealet er plassert slik vi har gjort, for å halde det lengst unna høgspenningsanlegget som mogleg.</p> <p>På den andre sida av bustadfelt B2 er det rasfare og derfor er ikkje den sida eit alternativ.</p> <p>Tatt til etterretning.</p>
--	---

17.02.2020

Kystverket, 24.04.2020	Planstilars kommentar
Syner til brev, motteke 12.3.2020, vedkomne endringar i ovannemnte reguleringsplan. Kystverket har ingen merknader til planen slik den føreligg.	Tatt til etterretning.
Fylkesmannen i Vestland, 24.04.2020	Planstilars kommentar
<p>Fylkesmannen si vurdering</p> <p>Etter å ha vurdert planen i lys av eige medverknadsansvar på planområdet, finn vi at planen på ein del punkt er fremma i strid med nasjonale føringar. Fylkesmannen fremmar derfor motsegn til forslag til detaljreguleringsplan for Lammetun i Fjaler kommune med bakgrunn i at vi samla sett vurderer framlegget til ikkje å ivareta støy/folkehelse og landskapsverknadar på ein tilfredsstillande måte.</p> <p>1) Småbåtanlegg</p> <p>Planomtalen: «Når det gjeld småbåtanlegg i sjø- og vassdrag så er allereie godkjende og bygde flytebrygger teikna inn i plankartet (BBS1, BBS2 og BBS4), slik at reguleringsplanen no er oppdatert etter dagens situasjon».</p> <p>Flytebryggja i BBS1 er ikkje godkjent. Formannskapet gav 25.03.2019 mellombels dispensasjon for ho til utgangen av 2019. Vi kan heller ikkje sjå at det er godkjent nokon flytebryggje i område BBS2, medan det i område BBS4 alt ligg fleire (fire?) flytebryggjer og to kaianlegg.</p> <p>Alle tre områda som er avsette til småbåtanlegg er store (vi finn ikkje BBS3 på plankartet). Avgrensinga av områda kan skape forventingar om at det kan byggjast fleire flytebryggjer enn den eine som er der, eller den eine planforslaget opnar for. Avgrensinga av områda må derfor reduserast.</p> <p>I BBS1 og BBS2 blir det opna for ei flytebryggje med landgang i kvart av områda. Vi er kritiske til plasseringane og finn at dei må bli plasserte andre stadar. Det er heller ikkje sagt noko om storleiken på flytebryggjene. Dette må i alle tilfelle på plass.</p> <p>Ifølgje BBS4 bokstav a) skal nye tiltak løysast som fellesanlegg for fleire brukarar. Etter vår vurdering bør det ikkje opnast for fleire flytebryggjer eller kaiar i området. I BBS4 blir det i bokstav b) opna for ei ny felles flytebryggje i området. BBS4 ligg i eit trongt sund, og avgrensinga av byggeområdet strekkjer seg</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Vi har gjort vårt beste for å imøtekomme Fylkesmannen sine merknader og motsegner. Sjå enkelt kommentarar på dei neste sidene til dei ulike kommentarane/merknadane.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>I område BBS2 finn de permanent løyve til flytebrygge på Fjaler kommunes sider her: Permanent byggeløyve gitt 05.04.2018, arkivsak ID 17/1476, dokument ID: 18/4051 hjå Fjaler kommune.</p> <p>Dette vart oppgitt i planomtalen.</p> <p>BBS3 vart tatt ut av planen rett før den vart sendt til høyring. Derfor fann de ikkje den og derfor vart det eit hopp i merking.</p> <p>Vi imøtegår FM på å redusere områda for arealføremål småbåtanlegg for alle område.</p> <p>BBS1</p> <p>Er redusert med 467m².</p> <p>Det er også lagt inn størrelse på flytebrygga og landgangen i føresegnene.</p> <p>BBS2</p> <p>Område er redusert med 176m².</p> <p>Størrelse på flytebrygga og landgang er lagt inn i føresegnene.</p> <p>BBS4:</p> <p>Har vi no delt opp i fleire små områder, då dette området hovudsakleg dekkar inn tiltak som finnast frå før.</p> <p>Derfor har vi delt det opp etter kvar tiltaka ligg i dag.</p> <p>Oppdeling er navngitt slik:</p>

17.02.2020

<p>lengst inne over heile sundet. Sundet er del av eit viktig friluftsområde, jf. høyringa av kartlagde friluftsområde der området er referert til som flott og populært med mange sund og vikar.</p> <p>Kommunen må konkret ta stilling til kor den nye flytebryggja i BBS4 skal liggje, og ikkje avsetje eit så stort område til formålet. Den nye flytebryggja må samlokaliseras med ei av dei eksisterande flytebryggjene. Etter vår vurdering er den framlagde avgrensinga ei dårleg og arealkrevjande planløsning som vil vere uheldig for m.a. landskap, estetikk og friluftsliv.</p> <p>Plasseringane av BBS1 og BBS2 må vurderast på nytt. Vi føreset vidare at kommunen tek inn føresegner som avgrensar storleiken på dei nye flytebryggjene i BBS1 og BBS2 og dei eksisterande i BBS4. Planen må ha konkrete føringar for utforming av tiltaket slik at det vert nytta enklast moglege konstruksjonar tilpassa tilhøva på staden, og at det vert lagt vekt på god estetikk og terreng- /landskapstilpassing. Vi legg til grunn at det ikkje skal etablerast molo i nokon av dei tre områda.</p> <p>Fylkesmannen har motsegn etter det ovannemnde.</p> <p>2) BFT1 – blåkklokka - Varden</p> <p>Området ligg innanfor naturtypelokaliteten BN00068445 Lammetun (verdi B), men heilt i kanten av denne. Området er føreslått avsett med omsynssone bevaring kulturmiljø, ikkje naturområde.</p> <p>Glasklokka med BRA=20 m2 og mønehøgde 4 m skal plasserast sør på halvøya Varden, og fungere som ly ved storm-, dyre- og fuglekikking.</p> <p>Området er truleg marginalt med tanke på eventuelle sårbarar artar. Den største påverknaden vil nok vere av landskapsmessig art. Vi er sterkt kritiske til plasseringa av glasklokka av landskapsmessige årsaker sidan bygningen vil vere godt synleg på lang avstand. Kommunen må vurdere om det kan vere andre løysingar og plasseringar som vil vere mindre uheldig landskapsmessig før vi tek stilling til saka.</p> <p>Fylkesmannen har i denne omgang motsegn til plasseringa av BFT1. Plasseringa må i alle tilfelle diskuteras nærare med kommunen.</p>	<p>BBS4 blir til: BBS3, BBS4 og BBS5. Område er redusert med 7 896m². Det vil innafor BBS5 vere lov med ei ny flytebrygge. Denne er plassert innafor område. I føresegnene går det fram kor stor denne kan være. Felles i føresegner for BBS1-5: I føresegnene går det no klårt fram at det innafor desse områda ikkje vil være tillate med utfylling i sjø og heller ikkje med molo.</p> <p>BBS1: Plasseringa av denne er vi avhengig å ha lik foreslått pga. formålet. Men arealet er redusert.</p> <p>BBS2: Som sagt permanent godkjent, denne vert ikkje flytta. Areal sett av i planen er redusert.</p> <p>BBS4: delt opp i mindre område.</p> <p>Det er no lagt inn konkrete føringar angående molo.</p> <p>Plasseringa av blåkklokka er heilt naudsynt til det føremålet den skal ha. Så vi kan ikkje endre denne. MEN vi har endra utforminga av bygget, frå ei glasklokke til eit 8 kanta bygg. Der dei 4 sidefelte i vegg som vender mot neset/land blir kledt i grå drivved liknande kledning. Halve taket, det som vender mot neset blir i grå/svarte takplater. Slik at bygget mest mogleg går i eitt med det omkringliggende terrenget. Dei 4 felte mot sjøen i vegg og tak vert det glas i. Høgda på bygget er redusert frå 4 meter til 2,8 meter. Vi meiner dette bygget vil kunne gje oss heilårsdrift som reiselivsdestinasjon og skape fleire arbeidsplassar.</p> <p>Vi håpar at dette kan føre til at FM vil sjå denne i eit nytt lys.</p>
--	---

17.02.2020

<p>3) BLP1 – leirplass Leirplassen er føreslått lagt midt i naturtypelokaliteten BN00068445 Lammetun (verdi B). Vi rår til å leggje leirplassen lenger unna kulturminna i området, då han (særleg som teltplass) både vil kunne vere sjenerande for dagsbesøkande til krigsminna, og vil kunne føre til auka slitasje på krigsminna og dei raudlista planteartane som er knytte til dei. Når det gjeld kulturlandskapsartar knytt til andre delar av naturtypelokaliteten, er desse avhengige av skjøtsel i form av beiting eller slått. Tilrettelegging for auka ferdsel kan neppe reknast som eit tiltak som i seg sjølv vil vere med på å halde vegetasjonen nede og slik bevare sjeldne kulturlandskapsartar.</p> <p>4) Grunne område i sjø Grunne område i sjø er generelt viktige for biologisk produksjon og mangfald, og fungerer ofte som beiteområde for fisk og fugl. Utfyllingar vil vere øydeleggjande for desse kvalitetane, og inneber negative inngrep i dei grunne områda. Planforslaget legg til rette for utfylling ved BUH1 (utleigehytter). Det er uklart kor mykje det skal fyllast ut, men det er oppgitt at det er ei «mindre utfylling». Det er stilt krav om siltgardin i anleggsfasen. Det må gjerast greie for kor mykje det skal fyllast ut. Det ser i tillegg ut til at det må fyllast ut ved BUN1 (naust). Det kjem fram av føresegnene at byggjegrensa følgjer formålsgrensa. Vi meiner at det er eit dårleg plangrep å leggje til rette for utbygging av utleigehytter (BUH1) og naust (BUN1) gjennom å vinne byggjegrund ved å fylle ut i grunne område i sjøen. Vi krev at utleigehyttene blir trekt tilbake frå sjøkanten og lengre opp på land. Vi vil peike på at utleigehytter ikkje treng liggje i strandkanten/ved sjøen. Vi føreset at det verken skal fyllast ut eller sprengast ved etablering av naustet (BUN1). Kommunen må sørge for at planforslaget tar vare på dette. Planen er her i strid med pbl. § 1-8 og dei statlege planretningslinene for forvaltning av strandsona. Det er rom for anna plassering og for å leggje tiltaka lengre frå sjø. Vi har motsegn til dette.</p>	<p>Tatt til følgje: Arealføremål BLP-leirplass er no teke ut av planen.</p> <p>Tatt til følgje; Vi beklagar at det ikkje var presisert i føresegnene kor mykje det skulle fyllast ut ved BUH1. Det var kun omtalt i ROS. Det var 250m³ som var planlagt utfyllt her. Dette er no redusert til 150m³. Då arealføremål BUH er redusert og område for utfylling dermed og blir sterkt redusert og trekt lenger inn mot land. Størrelsen på utfyllinga kjem no klårt fram av føresegnene. I tillegg har vi redusert BUH1 frå å være 2 utleigeeiningar til å være 1 utleigeeining, då får vi den noko lenger vekk frå sjøen. Og det gjev mindre tiltak i strandsona. Vi ser det naudsynt med utleigeeining nær sjøen, då vi ser at sjøbua som ligg i dette området har 5 gongar så høgt belegg på overnatting enn Låven som ligg 100 meter ifrå sjøen. Så for oss er dette ei naudsynt plassering. Men vi har som sagt gått ned frå 2 utleigeeiningar til 1. samt at vi har teke vekk BUN1. slik at tiltak i strandsona går ned kraftig ned. Noko vi håpar kan gjere at FM ser positivt på tiltaket som no ligg i revidert planframlegg. NB. Det skulle aldri fyllast ut ved BUN1, då denne skulle byggast på eksisterande ringmur. Dette beklagar vi at ikkje kom godt nok fram i omtale og føresegner. Dette tiltaket er no tatt ut av planen, for å lette utbyggings tiltak i strandsona og 100-meters beltet.</p> <p>Tatt til følgje:</p>
---	---

17.02.2020

<p>5) Støy - folkehelse</p> <p>Fritidsbustadtomta BFR5 og åtte av dei føreslegne fritidsbustadtomtene i BFR3 ligg heilt eller delvis i gul støysone ved den planlagde vindparken på Lutelandet. Tomta i BFR5 og ei av tomtene i BFR3 er utbygde.</p> <p>I punkt 6.1.2.2 i føresegnene er det gitt følgjande føring: «I gul sone kan bebyggelse med støyfølsamt bruksføremål oppførast dersom avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold. Det må utarbeidast ein plan for avbøtande tiltak og skjerming mot støy i samband med byggesak».</p> <p>Følgjande rekkefølgekrev er gitt for støy (punkt 7.1 c): «Det skal være utarbeidd plan for avbøtande tiltak for kvar enkelt fritidsbustad innanfor støysona H220 saman med den enkelte byggesøknad, som må godkjennast av kommunen før det vert gjeve byggjeløyve til tiltak i støysona».</p> <p>Det går fram av kap. 3.5 i T-1442/16 at: «Utendørs støy er et plantema og skal være avklart før byggesak... Reelt sett vil kommunen ha begrenset mulighet til å sikre tilfredsstillende støyforhold utendørs gjennom byggesaken...».</p> <p>Rettleiar T-1442 er ikkje juridisk bindande. Dette er retningsliner som må følgjast opp med konkrete føresegner og tiltak i reguleringsplanar. Ifølgje T-1442 bør reguleringsføresegnene vere så konkrete som mogleg.</p> <p>Ved offentlig ettersyn skal det liggje føre ei vurdering av kva tiltak som er nødvendig for, og om det er mogleg, å kome under støygrensene i gjeldande rettleiar.</p> <p>Planen gjev ikkje svar på om avbøtande tiltak vil gjere det mogleg å kome under støygrensene i støyutsette område.</p> <p>Vi meiner støy ikkje er godt nok ivareteke i planforslaget. Planforslaget sikrar ikkje at det vil bli sett i verk avbøtande tiltak for å gje tilfredsstillande støyforhold for fritidsbustadane i gul sone.</p> <p>Kommunen må innarbeide tydelege føringar knytt til støy, slik at planen vert eintydig og føreseieleg for alle, og slik at folk som kjøper tomt her for å bygge fritidsbustad, ikkje vert utsette for stor støybelastning og enkelt kan halde seg til kva som gjeld. Vidare må</p>	<p>BFR3 er no flytta lenger bak, og inngår no som ei utviding av det som var BFR2_2 i staden for BFR3. Dette feltet har fått namn BFR6 i nytt planframlegg.</p> <p>Dette gjer til at feltet kjem ut av støysona. Derfor fell krav om plan om avbøtande tiltak til dette feltet vekk.</p> <p>Og vi anser det som at vi her har gått FM i møte og kommentera ikkje merknaden utover dette.</p>
---	--

17.02.2020

<p>kommunen innarbeidde rekkefølgeføresegner som sikrar at det vert etablert nødvendige støyskjermingstiltak og krav til når tiltaka skal vera gjennomførde. Fylkesmannen har motsegn til punktet.</p> <p>6) Ureining</p> <p>I fråsegna vår ved oppstart sa vi at: «Vi veit ikkje kor grundig det er rydda etter tidlegare aktivitet på Lammetun fort, og planarbeidet bør derfor ha ei vurdering av eventuell ureining knytt til dette».</p> <p>I planomtalen er det sagt at kystfortet vart rydda og tilrettelagt for turisme for fleire år sidan, og derfor er ikkje temaet omtalt nærare i planomtalen. Vi legg såleis til grunn at kommunen har gjort ei sjølvstendig vurdering av faren for ureining i planområdet.</p> <p>Merknader til planføresegnene:</p> <p>Planføresegnene er oversiktlege og lettlesne, men dokumentet er på heile 24 sider. Vi ber kommunen vurdere å ta bort unødvendige opplysningar og fjerne lufta, slik at det vert eit meir brukarvenleg dokument. Noko av informasjonen høyrer meir heime i planomtalen. Vi vil understreke at lover og forskrifter gjeld ved sidan av føresegnene uavhengig av om dei er nemnde i dokumentet eller ikkje.</p> <p>Når det gjeld punkta 2.1.3, 2.5.2, 2.5.3 og 6.1.3.1 rår vi kommunen til heller å ha ei føresegn som t.d. seier at: «Den til ei kvar tid gjeldande brannforskrift, el-forskrift osb. gjeld». Då slepp ein ev. uføresette problem dersom gjeldande forskrifter vert endra. Dersom det er viktig for kommunen å synleggjere forskriftene (eller lovutdrag), rår vi heller til å ha dei som vedlegg til føresegnene og streke under at det er forskriftene som galdt ved godkjenningstidspunktet for planen.</p> <p>A) 2.1 Byggjeområde for bustader (B) B1 og B2 I høyringsframlegget til ny kommuneplan er det føreslege at maks tomtestorleik for frådeling av nye bustadtomter er to daa. To av dei fire tomtene i B1 er vesentleg større enn dette, medan alle dei seks i B2 er vesentleg større enn dette.</p> <p>Den nordlegaste tomte i B1 er over to daa og i konflikt med innmarksbeite. Tomta kring eksisterande bustad og garasje i B1 er om lag</p>	<p>Tatt til etterretning.</p> <p>Tatt til følge:</p> <p>Føresegnene er no redusert lik FM har foreslått. EL-forskrift og brannforskrift ligg som vedlegg til planen etter kommunens ynskjer. Føreskriftene er noko forlenga med eit par punkt som er lovverk om kulturminne etter fylkeskommunens ynskjer.</p> <p>Tatt til følge;</p> <p>Desse punkta er tatt vekk i revidert planframlegg.</p> <p>Tatt til følge:</p> <p>Dei to omtalte tomtene innafor B1 er no redusert i størrelse. Dette er gjort ved å dele opp den nordlegaste tomte i to tomter. Det same er gjort med tomte rundt bustadhuset. Noko som medfører at vi har delt opp den tomte som per i dag er utbygd med planstilars hus og</p>
--	---

17.02.2020

<p>3,5 daa. I tillegg til dei nemnde bygningane inngår også ein lagerbygning og ein mindre bygning i forslaget til tomteavgrensing. Vi meiner tomta kring einebustaden og garasjen må avgrensast til to daa. Kommunen må halde fast ved framlegget til kommuneplanføresegner, og ikkje leggje opp til å fråvike føringane i kommuneplanen før han er godkjent. Det er sløsing med areal å tillate bustadtomter større enn to daa. Her må ein halde fast på maksimalt to daa, i tråd med føringane i framlegg til kommuneplanen.</p> <p>B) 2.2 Byggjeområde for fritidsbustader (BFR) BFR1, BFR2, BFR4 og BFR5</p> <p>Det må fastsetjast møne- og/eller gesimshøgde. I framlegget til ny arealdel var gesimshøgda sett til fire meter og mønehøgda til seks meter for hovudbygget på fritidsbustadeiningar. I tillegg var det forslag om at mønehøgda på tilhøyrande uisolerte utebod ikkje skulle overstige tre meter målt frå ferdig planert terreng. Kommunen må halde fast ved kommuneplanforslaget, og ikkje leggje opp til å fråvike føringane i kommuneplanen før han er godkjent. Dette gjeld òg for BFR3. Kommunen må sjå til at bygga ikkje blir for høge og ruvande. Ein må derfor sjå om ein må gjere bygga lågare og betre tilpassa plassen.</p> <p>2.2.2 BFR1</p> <p>Byggjegransa må trekkast bakom skråninga mellom gbnr. 272/17 og 272/31, ev. må området avsetjast til grønstruktur. Det må sikrast ein korridor frå eksisterande veg i BFR1 til området. Det er framleis plass til åtte tomter innanfor byggjeområdet.</p> <p>2.2.5 BFR2-3</p> <p>Planen legg til rette for ei fritidsbustadtomt på over 2,5 daa. Tomta er i konflikt med innmarksbeite. Hyttebygging på dyrka mark er i strid med jordvernstrategien for fylket. Tomtestorleiken må reduserast. Vi rår generelt til at tomtestorleiken for fritidsbustader vert avgrensa til om lag 0,5 daa. Vi kan ikkje sjå at det er oppgitt, eller at det er, nokon grunn til at tomta skal vere så stor.</p> <p>C) Byggjeområde for bustader (B) og fritidsbustader (BFR) B1, B2, BFR1, BFR2, BFR3, BFR4 og BFR5</p> <p>Vi vil klart rå til å styre storleiken gjennom</p>	<p>hage i to, for å tilfredsstille FM krav om at inga tomt skal være større enn 2 daa.</p> <p>Dei seks tomtene innafor B2 er redusert i størrelse, slik at alle er kome ned til og under 2daa. Dette er gjort kun ved å redusere tomtene, utan å dele dei opp i fleire tomter.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>For BFR1 – BFR6 (BFR6_2 er i revidert planframlegg ei utviding av det som heitte BFR2_2 i staden for utviding av felt BFR3 lik tidlegare plan).</p> <p>Er det agt inn klåre føresegner for møne- og gesimshøgde som følgjande kommuneplanforslagets føringar.</p> <p>Samt at det er lagt inn føresegn på u-isolert ute bod lik kommune-planforslaget.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Imøtegått i si heiling, sjå nytt plankart og planomtale.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Tomta er no redusert til 0,5daa. Det er lagt inn klåre føringar i føresegnene på møne- og gesimshøgde osv. Tomta er utbygd med ei hytte, som tilhøyrar planstilar.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Vi har lagt inn klåre føringar for BRA og lagt dette lik kommuneplanforslaget både på bustadhus og garasjar. Slik FM her ynskjer. Slik at</p>
---	--

17.02.2020

<p>fastsetting av bebygd areal i kvadratmeter (BYA) for kvar bustad og fritidsbustad, dvs. største tillatne bygde areal i kvadratmeter, saman med klåre føresegner for høgda, eller helst nytte samla bruksareal for kvar bustad og fritidsbustad i kvadratmeter (BRA). Slik blir det same utnytting uavhengig av tomtestorleik.</p> <p>I høyringsframlegget til ny kommuneplan var utnyttingsgraden for kvar enkel tomt sett til BRA=400 m² i byggjeområda for bustader som inkluderte garasje med maksimal storleik på 50 m² BYA/BRA.</p> <p>I høyringsframlegget til ny kommuneplan var utnyttingsgraden for kvar enkel tomt sett til BRA=130 m² i byggjeområda for fritidsbustadar. Kommunen må halde fast ved framlegget til kommuneplanføresegner, og ikkje leggje opp til å fråvike føringane her før han er godkjent, eventuelt sjå om ein må ha mindre bygg for å tilpasse til staden. Kommunen må vurdere konsekvensane av å opne for utbygging i område B1, B2 og BFR1-BFR5. Alle tomtene ligg i 100 metersbeltet langs sjøen der § 1-8 i plan- og bygningslova seier at det skal: «tas særleg hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser».</p> <p>Framlagde planforslag vil etter vår vurdering kunne få store landskapsverknader i eit område som ligg ope til langs sjøen. Både plasseringa og utnyttingsgraden må reduserast.</p> <p>BFR3</p> <p>Som døme nemner vi område BFR3 der maks BYA er 50 %, mønehøgde er 8 meter og gesimshøgda 7 meter. Nokre av tomtene er nærare to daa. Dvs. at planforslaget opnar for svært ruvande og dominerande bygningar i eit sårbart og ope landskap. I praksis kan ein på enkelte tomter få bygningar der kvar av etasjane er 1000 m². BFR3 ligg i heilskap i 100 metersbeltet langs sjøen. Byggjegrensa er sett berre 15 meter frå sjøen for den næraste tomterekka. For ei av tomtene berre 5-6 meter frå sjøen. Vi krev at tomtene blir trekte lenger vekk frå sjøen slik at allmenn ferdsel og opphald ikkje blir hindra. Kommunen må vurdere ei plassering av tomtene som er mindre konfliktfull med tanke på strandsoneverdiene, som ikkje er i konflikt med myrområde og/eller støysone, og kor mange tomter det faktisk er</p>	<p>det vert same utnytting uavhengig av tomtestorleik.</p> <p>Dette kjem no klart fram av føresegnene og planomtalen.</p> <p>Tatt til følge:</p> <p>Det er lagt inn klåre føresegner for grad av utbygging BRA=130m² i byggjeområda BFR1 – BFR6.</p> <p>Plassering og utnyttingsgrad er no redusert. Det som var ei utviding av BFR3 er no gjort om til ei utviding av tidlegare BFR2_2 (i nytt planframlegg har det no feltkode BFR6_1-4) for å imøtekomme FM og FK er trekt lenger vekk frå sjøen slik at det no ligg ca. 80 meter frå sjøen (største delen av feltet ligg 100 meter ifrå, men næraste punkt blir ca. 80 meter ifrå i det nye forslaget).</p> <p>Til døme:</p> <p>Vi har no redusert grad av utnytting slik at dette ikkje vert eit problem.</p> <p>Vi beklagar at det var dårleg planlagt i første omgang.</p> <p>Ei utviding av BFR3 er trekt ut av planen og lagt inn som ei utviding av tidlegare BFR2_2. Dette er i nytt framlegg namngitt som BFR6_1-4.</p> <p>Slik at det kjem nesten heilt ut av 100-meters beltet.</p> <p>Kun to av tomtene i felt BFR6_3 har delar av tomtene innafor 100-meters beltet.</p> <p>Men næraste punkt til sjøen er no 70-80 meter ifrå sjøen.</p> <p>Tomtene i feltet er redusert til 0,5daa per tomt. Feltet måtte endre namn pga. at ein skulle imøtekomme FM og FK på å kome lenger vekk frå sjøen og fortet. Feltet har som før plass til 10 nye tomter. Det som gjer at det ikkje ligg som eit</p>
---	---

17.02.2020

<p>plass til ut frå dette.</p> <p>D) Etablering av nye turstiar i L1-L8 og i LNA5 (punkt 2.3.1, 4.1.1 og 4.2.1), Planforslaget legg til rette for at det kan setjast opp nye benkar i område L3, L5 og L6. I tillegg opnar planføresegnene for å etablere nye turstiar i L1-L8 og LNA5.</p> <p>Det manglar føringar for korleis turstiane som ev. blir etablerte skal utformast. Kva slag inngrep vil dei føre til? Er det berre snakk om rydding av kratt og merking, eller snakkar vi om turstiar med 1-2 meters breidde som blir opparbeidde med maskin og grusa? Planen må ha tydelege føringar for korleis og kor desse turstiane kan opparbeidast.</p> <p>LNA5 bør uansett ikkje vere del av eit nettverk for nye turstiar. Av omsyn til fugleliv og anna vilt bør det vere delområde utan tilrettelegging. Når Lutelandet etter kvart misser sin funksjon som rasteområde for trekkande fuglar, vil Lammetun og holmane mot vest få større verdi for desse. Omsynssone H570_1, H570_2, H570_3 og H570_4 Turstiane kan òg etablerast innanfor områda med omsynssone H570_1, H570_2, H570_3 og H570_4. Tilrettelegging for auka ferdsel kan neppe reknast som eit tiltak som i seg sjølv vil vere med på å halde vegetasjonen nede og slik bevare sjeldne kulturlandskapsartar.</p> <p>E) 2.5.5. BC1 - campingplass</p> <p>Det er nemnd ei mengde bygg som kan førast opp innanfor område BC1, men det manglar føresegner. Det er verken sagt noko om høgde eller utnyttingsgrad. Byggjegrensa er sett kring 15 meter frå sjøen, og vi ser at det er argumentert med at «...campingplass er eit føremål som skapar allmenn ferdsel og inviterer til det, i tillegg til at det blir lettare å nytte/kome til strandsona... Campingplass er eit føremål som verkar motsett av privatiserande på eit område». Byggjeforbodet i strandsona er</p>	<p>samanhengande felt, er for å ikkje skape uvisse kring om talet nye tomter. Tomtene er plassert slik dei er for å unngå myrjord, og være best mogleg tilpassa terrenget, slik at ein slepp mest mogleg terrenginngrep. Så sjølv om felt BFR6 er delt opp i mindre felt så er det ikkje med på å skape fleire felt, men det er gjort for å kunne imøtekome FM sine merknader.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Det er no lagt inn klåre føringar i føresegnene for korleis turstiane skal vere etablerte.</p> <p>Vi meinte det vart gitt av å lage tursti og ikkje turveg. Derfor var ikkje dette be grunna meir i første forslag.</p> <p>Det er no lagt inn desse føresegnene for alle område utanom LNA5:</p> <ol style="list-style-type: none"> Etablering og utforming av tursti vil være tillat ved å rydde kratt/skog og liknande, samt å trakke opp sti manuelt. Det vil ikkje være tillate med maskinell tillaging av tursti. Tursti skal ikkje ha utforma ei breidde på over 1 meter. <p>LNA5 opnar ikkje lenger for turstiar. Det var aldri meininga heller, vi beklagar at dette ikkje vart betre presisert.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Det er no lagt inn byggjegrensa mot sjø og fortet på campingplassen som hindrar bygg nærare sjøen enn dagens spikartelt på området. Sjå plankart.</p> <p>Vidare meiner vi det ikkje var uklårt kva bygningar som kjem her, då dei er oppramsa og det er lagt inn at lista er uttømmende. Slik at det er kun dei oppramsa bygga som kan verte bygde. Område er per i dag utbygd med sanitæranlegg, resepsjon og café, samt ei grillhytte. Slik at det er begrensa kor mykje meir som vert bygd på</p>
--	---

17.02.2020

<p>ikkje berre sett for å sikre allmenn ferdsel. Det er andre verdiar som gjer seg gjeldande her òg, både landskapsverknadar, naturmiljø, friluftsliv m.v.</p> <p>Det er uklart kva bygningar som kjem her, og kva omfang utbygginga får så nær sjøen. Vi krev at tomtene blir trekte lenger vekk frå sjøen for å sikre at det ikkje blir bygd ned og slik hindre allmenn ferdsel, og at det vert innarbeidd føringar som sikrar landskapsomsyn og naturmiljø.</p> <p>F) 2.8 BUN1 og BUN 2 - naust</p> <p>I høyringsframlegget til ny kommuneplan var utnyttingsgraden for kvart enkelt naust sett til BRA=40 m² med maks. ein etasje. Planforslaget er i strid med kommuneplanforslaget. Planforslaget må endrast slik at dei ikkje kan gje grunnlag for større naust enn det som det blir opna for i kommuneplanen. Erfaringsvis kan større naust føre til bruk som fritidsbustad. Kommunen bør ikkje leggje opp til å fråvike føringane i kommuneplanen før han er godkjent. Planforslaget opnar for mønehøgda på maks. fem meter og gesimshøgda på maks. fire meter. Vi meiner gesimshøgda må reduserast til tre meter for å unngå at bygningen vert gjort om til fritidsbustad, og at det må presiserast at det berre er lov med ein etasje.</p> <p>G) 3.2.1 b) Felles føresegnar for FSV - veg</p> <p>Vegbreidde er fastsett til minimum 3,5 meter. Det må i tillegg setjast ei maks. vegbreidde.</p> <p>H) f_SK1</p> <p>Området f_SK1 er nemnt i planføresegnene. Vi finn ikkje dette området på plankartet, og kan derfor ikkje ta stilling til det. Det er opplyst at det skal vere felles kai i området. Det manglar føresegnar for området.</p> <p>Manglar i føresegna</p> <p>Vi kan ikkje sjå at det er tatt omsyn til plasseringa av utbygginga og den verknaden utbygginga kan få for omgivnadene. Det må settast meir restriktive krav til høgder for plasseringa av bygga, restriktive krav til storleik, utnytting og for gode arkitektoniske grep for å få tilpassa utbygginga til staden. Det manglar i føresegna. Det må også sjåast i samband med plasseringa av dei einskilde byggeområda.</p> <p>Det er motsegn til dei punkta der vi er kritiske i det ovannemnde for føresegna.</p>	<p>område.</p> <p>Det er i føresegnene lagt inn klåre føringar for møne- og gesimshøgda.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>BUN1:</p> <p>Er teke ut av planen i si heiling, for å lette på utbyggingstiltak i strandsona. Saman med at ein har kutta ned frå 2 til 1 utleigeeining innafor BUH1, meiner vi FM må sjå at vi har strekt oss langt etter hans ynskje. Ei viss utbygging på planområdet må vi ha for å utvikle os. Sidan vi er på ei øy er det ikkje mogleg å unngå tiltak innafor 100-meters beltet i si heiling.</p> <p>BUN2:</p> <p>Føreslegne føringar frå FM er no lagt inn i planføresegnene. I tillegg til andre presiseringar for naust ihht. utkast til ny kommuneplan.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Dette er no teke med i føresegnene. Maks vegbreidde: 4,5 meter.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Dette er no merka i plankartet. Vi beklagar at det ikkje var gjort. Denne er lita og ligg ved BUH1 og BBS2. F_SK1 er regulert av privat jordskifte frå 2018 og vil ikkje bli regulert i denne planen utover det. dette er no lagt inn i føresegnene.</p> <p>Tatt til følgje:</p> <p>Sjå punkta over for dei ulike felta.</p>
---	---

17.02.2020

Revidert planframlegg etter innarbeiding av merknader/motsegner som kom inn etter 1. høyringsrunde vart utarbeidd og vart sendt til 2. gongs høyring 03.09.2020 etter vedtak i formannskapsmøte for Fjaler kommune 27.08.2020 i sak FOR-096/20. Der frist for å kome med merknader vart sett til 16.10.2020. fylkesmannen i vestland bad om utsett frist og fekk utsett frist til 23.10.2020.

Til 2. gongs høyring kom det inn merknader frå desse 5 offentlege instansane:

- Statens Vegvesen
- Fiskeridirektoratet
- Vestland Fylkeskommune
- BKK
- Fylkesmannen i Vestland

innkomne merknader med eventuelle kommentarar finn de under:

Statens Vegvesen,	Planstilars kommentar
Uttale frå Statens vegvesen: I vår uttale, datert 12.03.20, til planen då den var sist var til offentleg høyring og ettersyn skreiv vi mellom anna: «I vår uttale til oppstartsvarsel bad vi om at det måtte utarbeidast trafikkanalyse for tiltaket og utifrå denne sjå om krysset til fv. 65 har god nok utforming og kapasitet slik det er i dag. I dokumenta som ligg til offentleg ettersyn er det vurdert forventa trafikkauke som følgje av auka aktivitet og planfremjar har vurdert at det ikkje er naudsynt å utbetre krysset mellom kommunalveg og fylkesveg 5655 (tidl. Fv.65). Vi ser det som planmyndigheita og vegeigar si oppgåve å vurdere om tala som ligg til grunn for trafikkauke er akseptable.» Vi tolkar av saksutgreiinga i samband med utlegging til høyring og offentleg ettersyn at trafikkanalysen som er utarbeidd viser at restkapasiteten i krysset er vesentleg. Vi har difor ingen merknader til planen.	Tatt til etterretning.
Fiskeridirektoratet, 08.10.2020	Planstilars kommentar
Endringar i reguleringsplanen som fell under vårt interesseområde er at småbåtanlegga/områder for flytebrygger er redusert i storleik, og fylling i sjø ved BUH1 er redusert frå 250 m3 til 150 m3 . Fiskeridirektoratet region Vest har ingen merknadar til endringane som er gjort i detaljreguleringsplanen for Lammetun.	Tatt til etterretning.
BKK	Planstilars kommentar
Merknad til arbeid med detaljreguleringsplan for Lammetun i Fjaler kommune Vi viser til varsel om igangsetjing av arbeid med ovannemnde plan. Nettselskapet har etter energilova områdekonsesjon i Fjaler kommune. Det inneber at vi etablerer og driftar straumnett i kommunen. I fylgje planprogrammet ynskjer ein å legge til rette for utleigebygg, fleire hyttetomtar, naust og småbåtanlegg innafor planområde på Lammetun. Felles for elektriske anlegg Vi har elektriske anlegg i det aktuelle planområdet som vist på vedlagt kart. Kartet skal berre nyttast som underlag for planarbeidet, og bør slettast etter bruk. Det skal heller ikkje sendast til andre utan samtykke frå oss, og det er viktig at dette ikkje vert sett på som kabelpåvising.	Tatt til etterretning.

17.02.2020

<p>Det må ikkje setjast i verk tiltak som forverrar tilkomsten til nettanlegga våre, og det er vesentleg at ein ikkje endrar terrengoverdekninga over kablar.</p> <p>Vi gjer elles merksam på at spenningsnivået for nettanlegga ikkje må førast på i plankartet (jf. «Forskrift om beredskap i kraftforsyningen» og «NVE «Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen», pkt. 6.2.5).</p> <p>Dersom det må gjerast tiltak på høgspennettet, kan det verte stilt krav til når på året anlegget kan koplust ut. Årsaka til dette er krav om kontinuerleg straumforsyning til kundane (leveringsplikta i energilova § 3-3).</p> <p>Effektbehov/ nettstasjonsplassering</p> <p>Det vart i 2011 ført opp ny nettstasjon på Lammetun (100kVA med 230 V sekundærspenning). Nettstasjonen forsyner i dag i hovudsak hyttefelt i nærrområde. Eksisterande transformator har liten restkapasitet i dag, og dersom planen med fleire hyttetomter, utleigebygg mm. skal realiserast, og ein må ta høgde for å plassere ny nettstasjon inne i planområde. Den bør i så fall av omsyn til effektuttaket plasserast nær lasttyngdepunktet, minimum tre meter frå vegkant og utanfor vegen si frisisiktsone.</p> <p>Alle nettstasjonar skal plasserast minst 5 meter frå bygningar med brennbare overflater. Avstanden gjeld og til terrassar og liknande brennbare utstikk som er direkte knytt til bygget. Desse avstandskrava vert det ofte synda mot, og det skapar problem både for eigar og nettselskap. Ein bør derfor synleggjere byggegrensar mot nettstasjonar i reguleringsvedtektene.</p> <p>Strålefare</p> <p>Det finst ingen absolutte forskriftskrav frå norske myndigheiter om grenseverdiar for magnetiske felt, men netteigar er pålagt å fylgje ein varsemndstrategi. Det betyr at ein bør ta omsyn til magnetiske felt ved planlegging og prosjektering av utbyggings- området utan at dette skal påføre prosjektet unødige ekstra investeringar. Primært vil det bety å finne fornuftig plassering for ny nettstasjon. Denne vert på generelt grunnlag ikkje anbefalt plassert der tilstøytande rom inneheld datautstyr eller følsomt elektronisk utstyr eller der rom vert brukt til stasjonære opphaldsrom (soverom).</p> <p>Ein gjer og merksam på at det ikkje alltid er samsvar mellom avstandskrav for anbefalt utgreiingsgrense for magnetfelt og gjeldande byggeforbodsbelte.</p> <p>Varsemdstrategi</p> <p>Som nemnt tidlegare ligg det nettanlegg innafor/ nær ved planområdet, og ein bed utbyggar vise varsemnd ved graving / sprenging i nærleiken av desse.</p> <p>Dersom ein grev over ein kabel eller kjem i kontakt med linjenettet, medfører det stor personfare, materielle kostnader med reparasjon, ikkje uvesentlege kostnader for tapt leveranse av energi samt irriterte kundar som vert straumlause.</p> <p>Kablar som må flyttast på, må vanlegvis kappast og skøyttast. Slike skøyttastar bør reduserast til eit minimum, då det erfaringsmessig kan medføre større risiko for feilsituasjonar i nettet og ein meir ustabil straumleveranse.</p> <p>Utbyggingsplan</p> <p>Fastsetjing av korrekt lastflyt er svært viktig, og rette data her kan ofte spare nettselskapet for til dels store investeringar og reinvesteringskostnader.</p> <p>Det er fint dersom detaljplanen vert sendt over til BKK Nett i eit format (SOSI) som gjer at den kan leggest inn i vårt kartsystem. Då kan vi få inn forslag til trasear i kartverket, og får berekna det i NETBAS med omsyn på leveringskvalitet (spenningsfall, tap, kortslutnings - verdiar etc.) Kart som viser planlagt VA- og</p>	
--	--

17.02.2020

<p>TELE er og nyttig for vurdering av eventuelle felles grøftetrasear.</p> <p>Vi vil alt no sende over kart som viser BKK Nett sine elanlegg innafor det aktuelle planområdet, sjå eige vedlegg. I den grad eksisterande nettanlegg må flyttast på, er hovudregelen at utbyggar må dekke alle kostnader med dette. Dette gjeld og eventuelle kostnader med erverv av nye grunnrettar. Nye trasear må gjevast rettar med minst like gode vilkår som BKK Nett har i eksisterande trasear. Før graving nær eksisterande kablar vil vi etter førespurnad påvise desse.</p> <p>Utbyggar bør ta kontakt med nettselskapet for å avklare behov for nettutbygging og utforming av eventuell nettløysning i god tid før arbeidet skal utførast. Det er viktig for BKK Nett med tidleg og god informasjon om det planlagde arbeidet. Vi ynskjer difor å vere med i den vidare planprosessen.</p> <p>I planbeskrivelse med konsekvensutgreiing side 144 står følgjande: Vi har vore i kontakt med SFE, no BKK. Og fått oppgitt følgjande om den aktuelle høgspenlinja som er innafor planområdet. Ein gjer merksam på at SFE ikkje er tidlegare Sunnfjord Energi, men Sogn og Fjordane Energi. SFE har ikkje fusjonert med BKK</p>	
<p>Vestland Fylkeskommune, 14.10.2020</p>	<p>Planstilars kommentar</p>
<p>Bakgrunn</p> <p>Lammetun kystfort har regional kulturminneverdi og er difor regulert til spesialområde bevaring i gjeldande plan, reguleringsplan for Lammetun gnr. 272 bnr. 3, fyrst vedteken i 1995 og så stadfesta i endra reguleringsplan frå 2002. Gjeldande reguleringsplan har eit strengt vern med bygge- og endringsforbod. Vi meiner dette er svekka i det framlagte utkastet, då det vert opna for nybygg og installasjonar innanfor det området som i dag er regulert til vern.</p> <p>Vestland fylkeskommune reiste i uttale dagsett 14.04.2020 motsegn mot følgjande arealføremål i tidlegare versjon av planen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • BFT1 – «Blåkklokka» (føresegnene kapittel 2.3.2) • BUH1 – Utleiehytter (føresegnene kapittel 2.4.1) • BC - Campingplass (føresegnene kapittel 2.5) • BLP - Leirplass (føresegnene kapittel 2.6) <p>• Motsegn med krav om å oppretthalde H570 Omsynssone bevaring kulturmiljø</p> <p>Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 opprettheld fylkesdirektøren for kultur, idrett og inkludering motsegn til følgjande punkt i det nye planframlegget som ikkje er av prinsipiell karakter og som har vesentleg negativ verknad for regionale og nasjonale kulturminneverdiar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • BFT1 – «Blåkklokka» (føresegnene kapittel 2.3.2) • BUH1 – Utleiehytter (føresegnene kapittel 2.4.1) • BC - Campingplass (føresegnene kapittel 2.5) <p>Vi går vekk frå motsegnene mot BLP – Leirplass og H570 Omsynssone bevaring kulturmiljø, med bakgrunn i dei endringane som er gjort med omsyn til dette i planutkastet.</p> <p>Motsegna vert trekt om BFT1 og BUH1 vert tatt ut av planen og omfanget av BC redusert.</p> <p>Saksutgreiing</p> <p>Motsegnene var knytte til nyare tids kulturminne. I tillegg til motsegnene hadde vi merknader til automatisk freda kulturminne. Vi kommenterer først automatisk freda kulturminne og deretter nyare tids kulturminne.</p>	<p>Generelt:</p> <p>Tatt til etterretning, og det meste er imøtegått. Utfyllande kommentarar lenger nede i tabellen.</p>

Automatisk freda kulturminne

I førre uttale bad vi om at det måtte leggjast inn føresegnar og formuleringar i føresegnene for å sikre at automatisk freda kulturminne vart tekne omsyn til ved gjennomføring av arbeid i tråd med reguleringsplanen:

- Følgjande føresegn må setjast inn i generelle føresegnar § 1.1: «Dersom det blir funne noko som kan vere automatisk freda kulturminne, må arbeidet med ein gong stogkast, og det må takast kontakt med kulturminnemynde i Vestland fylkeskommune.»
- Til føresegn 6.1.3. Høgspont, skulle det leggjast inn eit tillegg til bokstav g) «Plan for kabelgrøft skal føreleggast Vestland fylkeskommune. Det må gjerast for å undersøke forholdet til automatisk freda kulturminne.»

Etter handsaming av merknadar ved første høyring er desse innspela lagt inn i føresegnene i planen. Seksjon for kulturarv har difor ikkje lenger merknadar til dette punktet.

Kulturminne frå nyare tid

Om kulturminne frå nyare tid skreiv vi:

«På Lammetun er krigshistoria ein vesentleg del av opplevingsverdien. Tiltak som vert sett i verk innanfor dette området, må av den grunn ikkje føre til at verken opplevingsverdien eller krigsminna vert svekka. Det må i tillegg leggjast vekt på at tiltaka er reversible og lett kan endrast. Ein vesentleg del av opplevingsverdien til krigsminna ved Lammetun, er avhengig av at dei er knytt opp mot eit autentisk krigshistorisk kulturlandskap og at siktlinjene frå krigsminna til fjorden ikkje vert endra av nye inngrep i landskapet. Det same forholdet gjer seg gjeldande for siktlinjene frå fjorden og inn mot festningsanlegga. Kystfortet på Lammetun er eit av dei viktigaste og best bevarte kystforta i Vestland. Kanonane her skulle nedkjempe sjømål på Vilnesfjorden og Buefjorden, sperre innløpet til Dalsfjorden og Askvoll. I tillegg skulle dei verne tyske skip og konvoiar i skipsleia. Som eit samanhengande kjede vart kystforta etablert langs norskekysten som del av den 2685 km lange Atlanterhavsvollen. Kystfortet ved Lammetun er eit kulturmiljø av høg regional verdi og nasjonal interesse.

I gjeldande reguleringsplan for Lammetun gnr. 272 bnr. 3 vedteken 1994 med endringar frå 2002 er fortet regulert til spesialområde bevaring med følgjande føresegn:

§ 5.0 Spesialområde verneområde for festningsanlegg.

5.1 Området skal vernast mot nedbygging og andre inngrep og restane etter festningsanlegget skal restaurerast.

I den framlagte reguleringsplanen er vernet av anlegget monaleg svekka i høve til gjeldande regulering.»

For nyare tids kulturminne hadde vi ved førre høyring to punkt vi rådde frå, og fem punkt vi gjekk til motsegn på. Under kommenterer vi først dei to punkta vi rådde frå, og deretter kommenterer vi dei fem motsegnspunkta.

BFR3 – Fritidsbustader (føresegnene kapittel 2.6)

I førre fråsegn skreiv vi: «Vestland fylkeskommune rår sterkt i frå å regulere inn fleire enn den allereie eksisterande hytta som vist i felt BFR3. Fylkeskommunen rår til at nye hyttetomter regulerast inn i bakkant av reguleringsområde, som ei

17.02.2020

<p><i>utviding av felt BFR2. Her vil hyttene ligge lengre frå kystfortet. Tiltaket krev og dispensasjon frå byggjeforbodet langs sjø.»</i></p> <p>Forslagsstillar har endra plasseringa av dei nye hyttetomtene i tråd med fylkeskommunen sitt råd. Vestland fylkeskommune har difor ikkje lenger merknadar til dette punktet.</p> <p>BBS1 - Småbåtanlegg (føresegnene kapittel 2.7.2) I førre fråsegn skreiv vi: «<i>Vestland fylkeskommune meiner at flytebrygga i område BBS1 har ein uheldig plassering nær kystfortet og dermed vil forringe den kulturhistoriske verdien av fortet og redusere den historiske lesbarheita av anlegget frå sjøen. Slike anlegg må heller konsentrerast til nokre få stader innanfor reguleringsområdet.»</i> Vestland fylkeskommune har ikkje ytterlegare merknadar til dette punktet.</p> <p>BFT1 – «Blåklukka» (føresegnene kapittel 2.3.2) Vi gjekk til motsegn mot dette føremålet med følgjande grunngjeving: «<i>«Blåklukka» er ein vertikalstilt sylinder i glas og aluminium som er tenkt nytta som ly for dei som vil oppleve storm og uver eller fuglekikking, lengst ute på Varden. Tiltaket krev dispensasjon frå byggjeforbodet langs sjø. Festningsverka og kystfortet ved Lammetun er eit krigshistorisk kulturmiljø av høg regional verdi. Det er av den grunn lite ønskjeleg at det vert gjort nye og markerte tiltak i landskapet rundt krigsminna.»</i> Forslagsstillar har endra utforming, høgd og materialbruk for utkikspunktet, noko som er positivt. Fylkeskommunen meiner framleis det er uheldig at eit bygg blir lagt i strandsona, nær inn til eit kulturminne. Eit slikt byggverk vil monaleg endre det autentiske krigshistoriske landskapet der fortet ligg, Ut frå ei kulturminnefagleg vurdering opprettheld Vestland fylkeskommune motsegn mot dette reguleringsformålet i området rundt Lammetun kystfort.</p> <p>BUH1 – Utleigehytter (føresegnene kapittel 2.4.1) Vi gjekk til motsegn mot dette føremålet med følgjande grunngjeving: «<i>Vestland fylkeskommune meiner at bygging av utleigehytter mellom sjøen og kystfortet vil forringe den kulturhistoriske verdien av fortet og redusere lesbarheita av anlegget frå sjøen. Tiltaket krev dispensasjon frå byggjeforbodet langs sjø. Område er i dag regulert til spesialområde bevaring.»</i> Forslagsstillar har redusert størrelsen på utfylt areal i sjø frå 250 til 150 m², området blir då omlag 530 m². Forslagsstillar opprettheld eit BYA på 70%, noko som vil gje opning for ein bygning med ei grunnflate på omlag 370 m². Til samanlikning har dei installasjonane som står på tomta i dag ei grunnflate på til saman omlag 100 m², noko som gjev ein BYA på 20%. Installasjonane som står på tomta i dag er bygt i strid med reguleringa til bevaring. På det bygde området ligg det restar av ein bunker, som igjen bør gjerast synleg. Vestland fylkeskommune opprettheld motsegn til arealføremål utleigehytter i omsynssone bevaring kulturmiljø.</p> <p>BC - Campingplass (føresegnene kapittel 2.5) Vi gjekk til motsegn mot dette føremålet med følgjande grunngjeving: «<i>Festningsverka og kystfortet ved Lammetun er eit krigshistorisk kulturmiljø av høg regional verdi. Det er av den grunn ikkje ønskjeleg at det vert gjort nye og markerte tiltak i landskapet rundt krigsminna. Tiltaket krev og dispensasjon frå</i></p>	<p>Tatt til etterretning.</p> <p>BBS1 er heilt naudsynt for planstillars bruk av eigedommen. Den nyttast og flittig av besøkande til fortet. BBS1 har endra arealføremål til småbåthamn VS i revidert planframlegg av juni 2021.</p> <p>Tatt til følge: BFT1 er tatt ut av revidert planframlegg.</p>
--	---

17.02.2020

<p><i>byggjeforbodet langs sjø. Ein permanent plassering av campingvogner og «spikartelt» innanfor området til kystfortet vil forringe den kulturhistoriske verdien av fortet og redusere lesbarheita av anlegget frå sjøen.»</i></p> <p>Forslagsstillar har redusert omfanget av føremålet noko og har endra byggegrensa. Vestland fylkeskommune kan opne for at delar av det foreslegne arealet regulerast til campingplass, men arealet må reduserast, slik at det fell saman med byggegrensa som er foreslått mot H570_1 og området sør for vegen må takast ut av planen og bli ein del av omsynsona H_570. Fylkeskommunen meiner òg at ein BYA på 70% er ei for stor utnytting av tomta.</p> <p>Ut i frå ei kulturminnefagleg vurdering opprettheld Vestland fylkeskommune motsegn til arealføremålet campingplass med den utstrekninga det no har i området rundt Lammetun kystfort</p> <p>BLP - Leirplass (føresegnene kapittel 2.6)</p> <p>Vi gjekk til motsegn mot dette føremålet med følgjande grunngjeving: <i>«Området som er føreslått regulert til leirplass er i dag regulert til spesialområde bevaring, og dette arealføremålet må vidareførast med arealføremål LNF, jf. pbl § 12-5, nr. 5 med omsynssone kulturmiljø H570. Nye bygningar som t.d. gapahuk så nært til synlege delar av fortet vil forringe den kulturhistoriske verdien av det og redusere lesbarheita av anlegget. Det vil fortsett vere mogeleg for telting med enkle telt i det vidareførte LNF-område.»</i></p> <p>Forslagsstillar har tatt ut reguleringsføremålet frå planen. Vestland fylkeskommune har difor ikkje lenger merknadar til dette punktet</p> <p>H570 Omsynssone bevaring kulturmiljø</p> <p>Vi hadde eit krav (motsegn) om at det måtte takast inn ei omsynssone: <i>«Vestland fylkeskommune meiner at det må lagast ei samanhengande omsynssone (H570) for heile området til Lammetun kystfort. Fylkeskommunen ser det ikkje som føremålstenleg at anlegget blir delt opp i ulike mindre omsynssoner. Omsynsona må starte ved den austlege avgrensinga av gjeldande spesialområde bevaring og strekke seg ned til sjøen mot vest.»</i></p> <p>Forslagsstillar har utvida omsynsona monaleg, etter merknadane til fylkeskommunen. Seksjon for kulturarv er positive til endringane, men meiner at området må utvidast ytterlegare, slik at omsynsonene H570_1 og H570_2 heng i hop.</p> <p>Konklusjon</p> <p>Vestland fylkeskommune har vesentlege merknadar også til det nye planforslaget. Etter delegeringsreglementet for Vestland fylkeskommune og med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 opprettheld fylkesdirektøren for kultur, idrett og inkludering motsegn til følgjande punkt i det nye planframlegget:</p> <ul style="list-style-type: none"> • BFT1 – «Blåkklokka» (føresegnene kapittel 2.3.2) • BUH1 – Utleiehytter (føresegnene kapittel 2.4.1) • BC - Campingplass (føresegnene kapittel 2.5) <p>Vi går vekk frå motsegnene mot BLP – Leirplass og H570 Omsynssone bevaring kulturmiljø, med bakgrunn i dei endringane som er gjort med omsyn til dette i planutkastet.</p> <p>Motsegna vert trekt om BFT1 og BUH1 vert tatt ut av planen og omfanget av BC</p>	<p>Tatt til følgje: BUH1 er tatt ut av revidert planframlegg.</p> <p>Tatt til etterretning.</p> <p>Tatt til følgje: Dette er no endra i tråd med Vestland fylkeskommunes ynskje. Omsynssonene heng no i hope.</p> <p>Konklusjon: BFT1 og BUH1 er tatt ut av planen. Areal avsett til BC er noko redusert. Det som er att er ein nøydde å behalde. I tråd med VLFKs ynskjer har ein endra bruken område sør for vegen. Det vil</p>
---	---

17.02.2020

<p>redusert.</p> <p>Vi ser det som føremålstenleg at det vert gjennomført drøftingsmøte med kommunen så snart som råd. Og vi ser det som naturleg at det er kommunen som planmynde som tek kontakt for å avtale møte.</p>	<p>ikkje lenger være mogleg å sette opp bygg der. Kun døgnplassar. Minimerar då påverknad på fortet.</p>
<p>Fylkesmannen i Vestland, 23.10.2020</p>	<p>Planstilars kommentar</p>
<p>Planforslaget ved andre høyring gjev ikkje grunnlag for å trekkje motsegna knytt til landskapsverknadar. Vi står fast ved at planforslaget ikkje tek tilstrekkelege omsyn til det opne og sårbare kystlandskapet, og motsegna gjeld konkret følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Område for småbåtanlegg - Område for utleiehytte BUH1 - BFT1 – blåklokka – Varden - avgrensinga av BFR2 og BC1 på plankartet - byggjegrensa i BFR1, BFR3-BFR5 - merknadar til føresegnene <p>For nærare grunngjeving sjå under.</p> <p><u>Vurdering</u></p> <p>Vi ser at ein del av dei konkrete forholda vi peika på er retta opp, men vi vurderer framleis at planen har uheldige landskapsverknadar. Planforslaget tek for lite omsyn til strandsoneverdiane og byggjeforbodet i strandsona etter §1-8 i plan- og bygningsloven. Rekkjefølgja under er identisk med den i fråsegna 24.04.2020.</p> <p><u>1) Småbåtanlegg</u></p> <p>Ved første høyring hadde vi motsegn til småbåtanlegg utifrå fleire konkrete forhold som vi peika på: «Fylkesmannen har motsegn etter det ovannemnde». Ved første høyring sa vi at: «Planen må ha konkrete føringar for utforming av tiltaket slik at det vert nytta enklast moglege konstruksjonar tilpassa tilhøva på staden, og at det vert lagt vekt på god estetikk og terreng- /landskapstilpassing». Vi kan ikkje sjå at dette er følgt opp.</p> <p>Vi konstaterer at det er teke inn føringar for storleiken på både flytebyggja og landgangen i BBS1 og BBS2, og for den nye flytebyggja i BBS5, og at det er teke inn ei føresegn som seier at det ikkje skal etablerast molo i nokon av dei fem områda for flytebyggje, samstundes som at det er presisert at det ikkje er lov med utfylling knytt til nokon av dei. Områda som er føreslege avsett til</p>	<p>Tatt til etterretning, sjå utfyllande kommentarar under.</p>

17.02.2020

<p>småbåtanlegg er redusert etter første høyringa.</p> <p><u>BBS1 og BBS2</u> Ved første høyring bad vi kommunen vurdere plasseringane av BBS1 og BBS2 på ny og sa: «Vi er kritiske til plasseringane og finn at dei må bli plasserte andre stadar». Dispensasjonen for BBS1 var mellombels og galdt ut 2019. Etter det vi forstår har kommunen gjeve dispensasjon for flytebryggja BBS2. Kommunen viser til at det er avgrensa kor ein kan leggje flytebryggjer på Lammetun grunna vêr og vind. Det har vi forståing for. Kommunen vurderer at BBS1 er plassert i eit av dei mest rolege områda på Lammetun. Område BBS2 vurderer kommunen til ikkje å kome i konflikt med andre allmenne interesser, då området ligg nær utleieeininga til tiltakshavar og er festa i eksisterande kai, og derfor ikkje vil føre til vesentleg auka privatisering av området. Vi kan ikkje sjå å ha hatt verken søknaden om etablering av utleieeinig, kai eller flytebryggje BBS2 på høyring. Dette er i så tilfelle saksbehandlingsfeil. Området kring BBS1 ber preg av å vere lite utbygd, og vi meiner at inngrep må konsentrerast til område der det alt er inngrep. Lokaliseringa av BBS1 er i strid med pbl. § 1-8 og dei statlege planretningslinene for forvaltning av strandsona. Fylkesmannen har motsegn til plasseringa av BBS1. Vi rår til å samlokalisere BBS1 med BBS2.</p> <p><u>BBS3 og BBS4</u> Planforslaget manglar føringar for BBS3 og BBS4. Det er berre sagt at det er eksisterande kai og flytebryggjeanlegg. Ved første høyring sa vi at: «Vi føreset vidare at kommunen tek inn føresegner som avgrensar storleiken på dei nye flytebryggjene i BBS1 og BBS2 og dei eksisterande i BBS4». Dette var ein del av motsegngrunnlaget vårt, og må rettast opp. Vi kan ikkje sjå å ha hatt søknadane om etablering av kaianlegga eller flytebryggjene i BBS3 og BBS4 på høyring. Dette er i så tilfelle saksbehandlingsfeil.</p> <p><u>BBS5</u> Det manglar føringar for eksisterande flytebryggjeanlegg. Dette var ein del av motsegngrunnlaget vårt, og må rettast opp. Planføresegnene opnar for ei ny flytebryggje i området av tilsvarande storleik som BBS1; 2,5 x 20 meter. Det manglar føringar for ev. landgang. Det blir ikkje opna for andre tiltak i området. Føresegn 2.6.6 b er</p>	<p><u>BBS1 og BBS2:</u> Ei samlokalisering av BBS1 og BBS2 hadde vore beste situasjon for planstilar. Men på grunn av værtilhøva er ikkje dette mogleg å få til. I dårleg vær, og det er det ein del av i området, så må planstilar flytte båtane som ligg ved BBS2 til BBS1 for at dei skal ligge trygt. Båttuleige og aktivitetar i sjø er ein stor del av næringsgrunnlaget til planstilar, og det er soleis heilt nødvendig med ei trygg flytebrygge der båtane kan ligge i all slags vær. Dette vil ein ikkje oppnå ved ei samlokalisering, sjølv om ein eventuelt lagar til ei større brygge i stålkonstruksjon eller liknande. Ein har og sett av andre som har gjort slike tiltak – at dei ikkje oppnår det resultatet dei ynskjer med tanke på tryggleiken til båtane og brukarane. BBS1 har endra arealføremål til VS – småbåthamn i revidert planframlegg av juni 2021. Fordi dette stemmer betre overeins med bruken. Då denne tilrettelegg for allmenta og ikkje er ei privat flytebrygge for planstilar.</p> <p>Tatt til etterretning. Dette er no løyst ved å utvide VS slik at den har plass for båtar tilknytt nye</p>
---	---

17.02.2020

<p>overflødig, og kan takast ut. Ved første høyring sa vi til område BBS4 som no er delt i BBS3, BBS4 og BBS5: «Etter vår vurdering bør det ikkje opnast for fleire flytebryggjer eller kaiar i området».</p> <p>Det er alt etablert ei stor flytebryggje i BBS5. Det bør ikkje etablerast nok ei flytebryggje i BBS5, inst i det smale sundet. Det ligg alt tre flytebryggjer i sundet. Sundet er del av eit viktig friluftsområde, jf. høyringa av kartlagde friluftsområde, der området er referert til som flott og populært med mange sund og viker. Vi kan heller ikkje sjå å ha hatt søknaden om flytebryggje BBS5 til høyring. Dette er i så tilfelle saksbehandlingsfeil.</p> <p>Endå ei stor flytebryggje i Sjøbuvågen med auka båtferdsel, vil redusere kvaliteten på friluftslivet på land og i strandkanten. Vi kan heller ikkje sjå at det er gjort greie for kvifor det er behov for endå fleire flytebryggjer i området. Planen er her i strid med pbl. § 1-8 og dei statlege planretningslinene for forvaltning av strandsona. Fylkesmannen har motsegn til det nye flytebryggjeanlegget i BBS5.</p> <p>2) BFT1</p> <p>Byggjeforbodet i strandsona er ikkje berre sett for å sikre allmenn ferdsel. Det er andre verdiar som gjer seg gjeldande her òg, både landskapsverknadar, naturmiljø, friluftsliv m.v.</p> <p>Vi registrerer at tiltakshavar argumenterer for valde plassering slik: «Sidan føremålet med bygget er stormwatching og fuglekikking, vil ei endring av plassering gjere til at ein ikkje kan nytte det til dette føremålet då plasseringa er lagt slik at det er best eigna til dette».</p> <p>I tillegg peikar tiltakshavar på at dei har lagt inn føringar som skal gjere bygget mindre synleg i terrenget. Bygningen som skal førast opp skal ikkje vere ei glasklokke som opprinneleg tenkt, baksida som vender mot land skal ha svabergliknande farge. Halve taket som vender mot land vil og bli kledd med takplater som skal likne omkringliggende landskap i farge. I tillegg er mønehøgda redusert frå 4 meter til 2,8 meter. Bygningen kan ha BYA=20 m².</p> <p>Ved første høyring sa vi: «Vi er sterkt kritiske til plasseringa av glasklokka av landskapsmessige årsaker sidan bygningen vil vere godt synleg på lang avstand. Kommunen må vurdere om det kan vere andre løysingar og plasseringar som vil vere mindre uheldig landskapsmessig før vi tek stilling til saka».</p> <p>Plasseringa er ikkje endra etter første høyring. Vi står fast ved vurderingane frå første høyring, og ser det som</p>	<p>fritidsbustader i tillegg til planstilarar båtar i dårleg vær, samt besøkande til område.</p> <p><u>BFT1:</u> Tatt til følgje. Tiltaket er tatt ut av revidert planframlegg av juni 2021.</p>
---	--

17.02.2020

<p>svært uheldig å leggje til rette for tiltak i området ved Varden. Fylkesmannen har motsegn til plasseringa av BFT1.</p> <p>4) Grunne område i sjø – BUH1 Føremålet med utfyllinga i sjøen er å vinne byggjegrund, slik at ein kan etablere ei utleigehytte her. Maks BYA er sett til 70 % og maks mønehøgde 7,5 meter. Etter det vi måler er byggjeområdet kring 0,5 daa. Dvs. at planforslaget opnar for ein svært ruvande og dominerande bygning i eit sårbart og ope landskap. I praksis kan det i området setjast opp ein bygning der kvar av etasjane er 350 m2 . Vi konstaterer at behovet for fylling i sjø er redusert, men meiner uansett at det er eit dårleg plangrep, og at det er svært uheldig å leggje til rette for utbygging av utleigehytte (BUH1) gjennom, å vinne byggjegrund ved å fylle ut i grunne område i sjøen. Vi krev at byggjeområdet blir trekt vekk frå sjøken og lenger opp på land. Utleigehytter er ikkje næringsføremål som må liggje ved sjøen. Planen er her i strid med pbl. § 1-8 og dei statlege planretningslinene for forvaltning av strandsona. Det er rom for anna plassering og for å leggje tiltaket lenger frå sjø. Fylkesmannen har motsegn til BUH1.</p> <p>Merknader til planføresegnene <u>B) 2.2 Byggjeområde for fritidsbustadar (BFR)</u> BFR1 Føremålgrensa på den nordvestlegaste tomte i BFR1 er trekt nærare sjøen enn i gjeldande reguleringsplan. Det er ikkje fastsett byggjegrensene for området i gjeldande plan. Vi krev at byggjegrensa vert trekt meir tilbake på tomte, minimum 50 meter frå sjøen. BFR2 Planforslaget opnar for inntil fem hyttetomter i BFR2. Det ligg fem eksisterande og utbygde hyttetomter i området. Arealet som er avsett til fritidsbustadføremål er kanskje nærare dobbelt så stort som desse fem tomtene. For BFR6-2 er det presisert at ein av dei tre tomtene i området er ei eksisterande tomt. På grunn av storleiken på område BFR2 meiner vi at planforslaget ikkje er eintydig med tanke på om det skal leggjast til rette for inntil fem nye hyttetomter her i tillegg til dei fem eksisterande, noko det ser ut til å vere plass til, eller om tomtetalet er avgrensa til dei fem eksisterande. Dette må kome tydeleg fram. Arealreservasjonen må tilpassast det faktiske talet med tomter det blir opna for i området. Planføresegnene for BFR1 er utforma på same måte som</p>	<p>BUH1: Tatt til følge. Tiltaket er tatt ut av revidert planframlegg av juni 2021.</p> <p>BFR1: Då kommunen digitaliserte planen frå 2002 vart det gjort ein feil slik at den avvik frå det som faktisk var regulert. Hyttefelt 2 var med i denne planen. Planstilar meiner ein ikkje burde endre byggegrensa i samsvar med statsforvaltarens krav. kommunen har lagt inn at statsforvaltarens krav her vert imøtegått og dermed at byggegrensa vert lagt lenger inn på den nordvestlegaste tomte – 50 meter frå sjø.</p> <p>BFR2 Tatt til følge. Arealet er no avgrensa til dei eksisterande tomtene.</p>
---	---

17.02.2020

<p>for BFR2, men der er arealet som er avsett til føremålet sterkt avgrensa.</p> <p>BFR3, BFR4 og BFR5 Byggjegrensa må sikra at ev. ny utbygging vert plassert minst like langt frå sjøen som eksisterande bygg. Planen må ikkje opne for å byggje nærare sjøen enn det som alt er gjort på tomtene.</p> <p><u>E) 2.5.5. BC1 – campingplass</u> Det er nemnd ei rekkje bygg som kan førast opp innanfor område BC1. Spikartelt kan ha mønehøgde 3.5 meter og skal ikkje vera over 20 m², medan andre bygningar kan ha mønehøgde på maks 9 meter og gesimshøgde på 6.5 meter. BYA for området er sett til 70 %. Byggjegrensa til sjø varierer mellom ca. 25 og 60 meter. Føremålsgrensa ligg jamt over mellom 20 og 35 meter frå sjøen,. I føresegnene er det presisert at byggjegrensa gjeld for oppsetting av bygningar, og ikkje for «tilrettelegging for oppstilling av bubilar/campingvogner». Dvs. at føremålsgrensa er byggjegrense for oppstilling av bubilar og campingvogner utan spikartelt. Punkt 2.5.4 g) opnar for at ei campingvogn kan stå i dette området i meir enn to år. Planen er her i strid med pbl. § 1-8 og dei statlege planretningslinene for forvaltning av strandsona. Det er rom for å trekkje føremålsgrensa lenger frå sjø. Vi krev at føremålsgrensa blir trekt bak til byggjegrensa.</p> <p><u>H) f SK1</u> Det manglar føresegnar knytt til utforming av og storleik på kaien. Dette må innarbeidast i føresegnene. Vi kjenner ikkje til kva som står i det private rettsforliket av 2018, og ei føresegn som viser til dette er ikkje råd å forhalde seg til. Punkt 3.4.1 b) bør takast ut av planføresegnene. Fylkesmannen har motsegn til punkta under B, E og H.</p> <p><u>Konklusjon</u> Motsegna til føresegnene, BUH1, småbåtanlegga og BFT1 – blåklokka, medfører at kommunen ikkje kan vedta planen slik han ligg føre. Vi ser derfor i møte eit endra planframlegg som tek motsegnspunkta og merknadane til Fylkesmannen til følgje. Dersom kommunen likevel finn å ville ta planen opp til slutthandsaming slik han ligg føre, vil alternativet vere å be om mekling, jf. § 5-6 i pbl.</p>	<p>BFR3, BFR4 og BFR5 I tråd med statsforvaltarens merknad har kommunen lagt inn byggegrenser som ikkje opnar for bygging innafor områda nærare enn det som alt er gjort på tomtene.</p> <p>BC I revidert planframlegg av juni 2021 er arealet no noko meir avgrensa. Planstilar er avhengig av å få stå att med arealet som no er avsett i planen. Kommunen har og uttalt seg positive til denne utvidinga av området. Arealføremål for campingplass er delt opp i to delar, BC1 og BC2. Med ulike føresegnar for dei ulike områda. Slik at ein synleggjer at ein framleis varetek både strandsona og kystfortet på ein og god måte. campingplass som arealføremål er med på å gjere områder meir tilgjengeleg for ålmenta og er soleis positivt for å få opne område som frå før ikkje vert nytta – til å kunne bli nytta. Slik som BC2 her gjer.</p> <p>F_SK1 Tatt til følgje.</p> <p>Konklusjon: I revidert planframlegg av juni 2021 er tiltaka BFT1 og BUH1 tatt ut, i tillegg er areal avsett til campingplass endra noko i omfang men og bruken av område, dette kjem tydeleg fram av føresegnene. Både campingplassen og tidlegare BBS1 slik dei no ligg føre er heilt vesentlege for næringsverksemda for planstilar. Derfor har ein ikkje tatt dei ut av planen, slik ein har gjort med andre tiltak for å imøtekome statsforvaltaren. Men ein håpar at med</p>
--	--

17.02.2020

Av andre enn offentlege instansar kom det inn merknad frå naboeigedom, 272/1-2 (same eigarar for bruk 1 og 2). Merknaden er i si heiling av privatrettsleg karakter. I tillegg samsvarar den ikkje med realitetane i planen. Dei tek opp at utbygging av nytt hyttefelt (BFR6_1-5) vil medføre auka trafikk og soleis auka slitasje på felles veg. Dette stemmer ikkje med realitetane i planen, noko planstilar har dokumentert overfor kommunen tidlegare. Sidan avkøyrsla til hyttefeltet er før den felles vegen startar, vil det ikkje medføre auke i trafikken og dermed heller ikkje auka slitasje på felles veg. Utover dette ser vi det ikkje som naudsynt å kommentere deira merknad.

Merknaden ligg i heiling som vedlegg til planen.

Etter 3. gongs høyring gjensto det 3 motsegner, desse er fremja til klårt avgrensa delar av planen, så 21.10.21 vart resterande delar av planen vedteke. Det vert gjennomført mekling på dei tre punkta som nådde fram for to av motsegnene, slik at motsegna for BC2_1 gjenstår. Formannskapet og kommunestyret vil desember 2022 handsame endeleg vedtak av reguleringsplanen.

4.6 KONSEKVENsutGREIING

I vedtaket om oppstart vart det stilt krav til konsekvensutgreiing. Kommunen har anledning til å setje krav til konsekvensutgreiing for reguleringsplanar dei meiner har vesentlege verknader for miljø og samfunn jf. Plan og bygningslova §4-1.

4.7 KONFLIKTAR ELLER HEIMLAR

Ingen kjende konflikhtar, heimlar eller rettar som kan gjere det utfordrande å gjennomføre tiltaka i planframlegget.

5 GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINJER

5.1 NASJONALE RAMMER OG FØRINGAR

Sentrale lover og retningslinjer som legg føringar for planlegginga:

Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova)

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)

Lov om friluftslivet (friluftslova)

Lov om kulturminne (kulturminnelova)

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (Havressurslova)

Forskrift om konsekvensutgreiing (FOR 2017-06-21-854)

retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)

2014 Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (Kgl. Res av 26.09.2014)

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (Kgl.res. av 25 mars 2011)

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging.

Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming.

Strålevernsforskrifta.

Dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (1) er av særskilt betydning for denne planen, då store delar av planområde ligg innanfor strandsona.

Formålet med desse retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk i 100-

17.02.2020

metersbeltet langs sjøen. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen.

Retningslinjene delar kysten inn i 3 område. Det er strengast føringar der det er størst press på areala, medan det i mindre sentrale strøk er større rom for å vurdere utbygging gjennom kommunale planar, spesielt til næringsutvikling, som for eksempel sjøretta reiselivsbygg.

- 1. Oslofjorden: Strengast føringar, og her vidareførast rikspolitiske retningslinjer frå 1993.*
- 2. Sørlandskysten og sentrale delar av Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Trøndelagsfylka: Også relativt strenge føringar.*
- 3. Dei mindre sentrale delane av kysten i Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal og Trøndelagskysten, og for alle kystkommunane i Sogn og Fjordane, Nordland, Troms og Finnmark: Ikkje like strenge føringar.*

5.2 REGIONALT

Fylkesdelplan for arealbruk (2000)

Fylkesdelplan for klima og miljø:

Verdiskapingsplan på nett

Fylkesdelplan for landbruk

5.3 LOKALT – KOMMUNEN

Den kommunale overordna planen er kommuneplanen.

Kommuneplan for Fjaler 2014-2025 (3), samfunnsdelen, blei vedteken av kommunestyret i Fjaler kommune 10.02.2014. Samfunnsdelen gjev overordna føringar for arealdelen og kommunen sine kommunedelplanar.

Fjaler kommune har ein kommunedelplan som gjeld for Dale, og ein kommunedelplan for energi, klima og miljø. I tillegg har kommunen teknisk kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet som vert rullert kvart år, samt differensiert forvaltningsplan for Flekke- og Guddalsvassdraget. I tillegg har Fjaler kommune trafikktryggingplan.

Kommuneplanen sin arealdel for perioden 2020-2032 (2) er under utarbeiding, men ikkje ferdigstilt.

I kommuneplanens samfunnsdel 2014-2025 (3) legg Fjaler kommune fram blant anna mål, strategi og tiltak for å halde vekst i næringslivet (veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar), følgjande mål, strategi og tiltak frå kommuneplanen som er særskilt vesentleg for denne plan er:

- Mål: Fjaler kommune skal ha vekst i tal arbeidsplassar Fjaler kommune skal ha eit godt samarbeid med nabokommunane med mål om å utvikle felles bu- og arbeidsområde Fjaler kommune skal gjennom Fjaler Næringsutvikling (FNU) stå for hjelp og oppfølging av eksisterande næringsliv og nyetablerarar.
- Strategi: Nytte kulturminne, kulturmiljø, natur- og kulturlandskap, til å styrke kultur- og reiselivsnæringa.
- Tiltak: Opparbeide gode turstiar og informasjonstavler ved kjende kulturminne og miljø.
- Informere om og synleggjere natur og kulturattraksjonane våre i ulike media og fora.
- Bidra til å greie ut eventuell deltaking i ein regional park.

Temakart A i kommuneplanen for Fjaler (4) viser bl.a. område med friluftsiinteresse, naturverninteresse og naturvernområde i Fjaler kommune. På Lammetun er Neset eit viktig

naturvernområde, Ramsøyna er registrert som område av naturverninteresser - prioritet 3, og arealet langs strandsona på sørsida av Lammetun er registrert som område av friluftinteresse prioritet 1.

5.4 REGULERINGSPLANAR

Eigedommen er allereie regulert. 1.plan var vedteken i 1996 . I 2002 vart det gjort mindre reguleringsplanendringar.

Namn på eksisterande plan: Lammetun

Plan ID på eksisterande plan: 200202

Område er godkjent med hyttefelt, område til landbruk, offentleg trafikkområde og spesialområde verneområde for festningsanlegg.

5.5 AVVIK FRÅ PLANAR OG RETNINGSLINJER

Planforslaget følg i hovudsak føringane i kommuneplanen. Kommuneplanen er i desse dagar oppe til rullering, tiltakshavar har spelt inn utkast for ny reguleringsplan for Lammetun inn til den nye arealplanen for kommunen, det vart gjort januar 2019. Plangrensa føl eigedom 272/3 og til svarar planavgrensinga i gjeldande plan.

6. FORSKRIFT OM KONSEKVENSTGREIING

Planforslaget er vurdert etter §4 forskrift om konsekvensutgreiing (5).

Grunngjevinga til kommunen referer til §4 i plan- og bygningslova (6).

Det er lagt til vekt på at ein innanfor planområde har eit viktig kulturmiljø rundt Lammetun kystfort. Det vart presisert at ikkje såg behovet for store omfattande vurderingar, men då det ikkje er gjort utgreiingar for ei vidare utbygging av området i tidlegare planarbeid må ein gjere dette no i samband med detaljreguleringa. konsekvensutgreiinga er innarbeidd i planskildringa kapittel 9.

7. SKILDRING AV PLANOMRÅDET I DAG

7.1 LOKALISERING



Figur 7 – 1:
Kartutsnitt
henta frå
kartverket som
syner plassering

Eigedommen ligg ved munninga av Vilnesfjorden og Bue fjorden, ca. 10 km frå barne- og ungdomsskulen, Våge skule og ca. 45 km frå kommunesenteret Dale. Næraste butikk ligg i Korssund ca. 5 km. frå Lammetun. Avstand til Førde er ca. 85 km, til Lavik ca. 60 km og Bergen 170 km. Frå deler av eigedommen har ein utsikt til Solund kommune, Værlandet, øya Atløy og fjellet Alden i Askvoll kommune. Den gode plasseringa er nok største grunnen til at øya er eit populært turistmål. Tidlegare hadde eigedommen eit småskala gardsbruk her. Deler av planområdet er i dag utbygd og har vore regulert i 1996 med endringar i 2002, men dagens kart stemmer likevel ikkje med terrenget. Noko har undervegs vorte endra med dispensasjonssøknad til Fjaler kommune. Øya Lammetun er delt inn i fire bruk der den

17.02.2020

omsøkte eigedommen ligg vestover-vendt, men med nokre små landområde på nord- og austsida.

7.2 AVGRENSING

Planområde er ca. 773 daa. Den mest naturlege avgrensinga vil være eigedomsgrensa til dei tre andre bruca på Lammetun. Eigedommen har mykje LNRF-område.



Figur 7 - 2:
Planområde.
Karta er henta frå kartverket sine nettsider 14.06.201

7.2.1 GRUNNGJEVING AV PLANAVGRENSINGA

Planavgrensinga følgjast plangrensa til eksisterande reguleringsplan for området og eigedomsgrensene til gnr./bnr. 272/3.

7.2.2 SKILDING AV DAGENS BRUK AV PLANOMRÅDET

Ein ynskjer å endre nokre på oppteikna grenser som ikkje stemmer så godt med dagens bruk. Ein ser at ei endring vil gjere bruken lettare. Campingplass ligg i dag på LNRF område. Hyttefelt og verneområde samsvarar ikkje med gjeldande reguleringsplan.

7.3 TILSTØYTANDE PLANAR

Dei omkringliggande areala som grensar til planområdet er ikkje regulert, og er i kommuneplanen avsett til LNF-formål.

Reguleringsplan for Lutelandet, med vekt på Lutelandet vindpark, vil få konsekvensar for denne plans tiltak og planområde. Dette er utgreidd i ROS-analyse i kapittel.

7.4 TOPOGRAFI / LANDSKAPSTREKK

Planområdet trer fram som eit stort og ope rom i landskapet. Området er relativt flatt, men har lokale variasjonar som gir området nokre mindre søkk og skråningar. Planområdet ligg ved sjø, og området sin topografi gir gode sol- og utsiktsforhold. Eit stykke mot aust ligg Lammetun fjellet med sine 111 moh. Område består av lågt veksande vegetasjon, blant anna lyng og einer. Det er også ein del bergknausar på område.

Ei meir detaljert framstilling av landskapet innanfor planområde er skildra i ROS-analyse kapittel 10.



Figur 7 - 3:
Landskapet sett frå nord-aust mot sør-vest. Biletet er tatt 30.05.2018


17.02.2020

7.5 SOL OG LYSFORHOLD

Området er opent og har generelt gode høve for sol og lys heile året. Sola går i havet i sør-vest om vinteren og i vest- nordvest om sommaren. Planområdet ligg ope til og har ingen nært tilgrensande store bygg eller høgt veksande vegetasjon som vil gje skugge til området. Sola kjem lett til.

7.6 LOKALKLIMA


Planområdet er middels vindutsett, men det er ikkje særskilde problem knytt til dette, dette er basert på lokalkunnskap frå grunneigar som har budd på Lammetun i 20 år. Det er og basert på vindmålingar gjort på Lutelandet knytt opp mot den planlagde vindmølleparken der. Dokumentasjon henta og lagt til grunn for denne påstanden frå Lutelandet Energipark sin konsesjonssøknad, reguleringsplan og konsekvensutgreiing. Det er litt myrdanningar her, elles vil det ikkje vere særskilde utfordringar knytt til klima.



Figur 7 -4: syner at det ikkje er verna område innanfor eller rundt planområde, kart henta frå NGU sine nettsider geo.ngu.no 01.03.2018.

7.7 STADENS KARAKTER

7.7.1 EKSISTERANDE BYGNINGAR



Figur 7 - 5: Oversikt over dagens bruk av område.

Busetnaden i området består stort sett av eldre trehus. Eit nyare bustadhus frå tidleg 1980 og fire hovudbruk der ein har eit hus kvar på bruka. Det har og kome opp to nye

17.02.2020

bustadhus på øya i løpet av dei siste åra.

Tre av hovudbruka på øya har driftsbygningar i ulik storleik. Husa på bruka er tilnærma like i karakter. Utforminga er enkel, møna tak, rektangulære/kvadratiske i form og har 2 eller 3 etasjar. Den dominerande fargebruken er kvit og grå. Når det gjeld alderen til bustadane og bygningane er fleirtalet av bygga reist før 2. verdskrig.

Elles har planområde ein del hytter, med ulik farge, møneretning, materialval og takform, derfor vil det heller ikkje bli lagt særlege føringar for dette for nye fritidsbustadar utover at ein skal unngå å nytte fargar som gjev signaleffekt.

Eksisterande bygg innan planområde er eit bustadhus, ei sjøbu med føremål utleigeeining, eit næringsbygg med føremål lager/kontor/bueining, ei løe, ei hytte, kontor/resepsjons bygg med pub og café.

Løa, som er merka blå, på kartet i figur 7-5, ligg ca. 80 meter frå bustadhuset.

Eigedommen har på førre reguleringsplan selt ut to hyttefelt (namn på desse i ny reguleringsplan er: BFR1, BFR2_1/2, BFR3, BFR4 og BFR5), dei er markert med grønn og blå sirkel i kartet ovanfor.

Næringsbygget er rektangulært og ligg til høgre for løa (merka med blå bygning i figur 7-5) innanfor den oransje sirkelen. Næringsbygget har to utleigeeiningar, det same har løa. Gule sirkelar er naboeigedommar. Dei eksisterande bustadhusa rundt planområdet ligg godt plassert og føl terrenget.

Alle bustadane i planområde ligg ca. 2-500 m. frå kommunal veg.

Bustadhuset som ligg på planområdet vart bygt på slutten av 1800-talet. Løa like etter. Bustadhuset har vore rehabilitert, det same har deler av løa. Bustadhuset er vanskeleg å sjå frå den private vegen. Løa på eigdommen vert derimot passert med bil for å kunne kome til parkeringsplassen ved campingplassen der ein også går inn i kystfortet frå 2. verdskrig.

Ingen av dei fire nabobruka ser til bustaden, campingplassen eller kystfortet frå eigedommane sine då eigdommen er vestover vendt i terrenget med forhøgja terreng mellom. I det forhøgja terrenget går grensa mellom eigedommane. Nabobruka ligg nord /austover vendt. Innanfor planområde er det teikna inn fleire bustadtomter i nærleiken av hovudhuset på garden og område skal regulerast som bustadfelt slik at det stemmer med dagens bruk.



Figur 7 – 6:
Næringsbygget
på
eigdommen.
Ligg der den
asfalterte vegen
slutar.
Biletet er tatt
24.08.2018.

17.02.2020



Figur 7-7: Biletet syner Løa på garden. Den like ved næringsbygget på figur 7-6. Vegen til venstre for Løa fører til campingplass BC1 og område ved sjø. Biletet er tatt 30.05.2018.

Ved hamna er deler av område felleseige med dei tre andre bruka på Lammetun. Naustet som høyrer til planområde står på felleseige, men har privat grunn nord/vestover og utanfor deler av kaiområde. Loftet på naustet har i over 20 år vore nytta som utleigeining til turistar og er eit populært turistmål. Naustet er bygd i tre og har to etasjar. Forma på naustet er enkel og tradisjonell. Ein ser at det burde vore betre parkeringsmoglegheiter ved sjøen for å unngå at vert parkert på fellesområde for alle bruka. Dette er innarbeidd tiltak for i planen.



Figur 7-8: Sjøbuene ved hamna, okergul sjøbu høyrer til forslagsstillar sin eigedom. Felleseige startar frå og med høgre sida på denne sjøbua og går sør-vestover. Biletet er tatt 30.05.2018.

7.7.2 KULTURMINNEVERDIAR

Planområdet har kulturminneverdiar, desse er verna gjennom reguleringsplan for eigdommen frå 1996 og 2002. I området ligg bunkersar frå 2. verdskrig. Det er ingen spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet i området som til dømes steingardar og likande.



Figur 7-9: Bilete er teke frå kommandobunkersa på Lammetun i retning "Neset" der dei fleste bunkersane ligg. Her ser ein noko av utfordringane ein har med at skogen veks og tek vekk noko av utsikta. Biletet er tatt 30.05.2018


Grunneigar har rusta opp att kystfortet på den måten at han har spadd ut mold etter rotne treverk inne i bunkersane, han har spadd fram att trappene og opna opp at dreneringane. Folk kan i dag stort sett gå med småsko gjennom heile anlegget grunna dette vedlikehaldet. Område er i ferd med å gro att, og det ligg eit stort arbeid i å felle, og rydde skog. Det har nettopp vorte felt skog slik at sikta frå

17.02.2020

kommandobunkersen er blitt mykje betre. Område er populært og har over 1000 besøkande i året. Tala er noko misvisande då boka ein skriv seg inn i, ligg inne i kommandobunkersen og det er fleire som ikkje går inn der for å skrive seg inn, slik at det reelle talet er nok noko høgare. Grunna mange besøkande både i kystfortet, i naturen her, på campingplassen og på blåturar mm. er det i dag ei utfordring knytt til parkeringstilhøva.

7.8 NATURVERDIAR OG LANDBRUK

Deler av området har vore nytta som landbruksområde etter krigen, utan at det ber noko preg av det. Store deler av der campingplassen er plassert på område som tidlegare var brukt som innmark. Det var frå krigen og så lenge besteforeldra til grunneigar dreiv med slått. Her kunne ein hesje og det vart brukt som beite for dei få dyra dei hadde på garden.



Figur 7-10: Type jordsmonn på planområdet, henta frå NIBIO sine gards kart.

Lokaliteten omfattar dei gamle militæranlegga lengst vest på Lammetun. Her ligg det gamle bunkersar og stillingar frå 2. verdskrig. Vegetasjonen omfattar grasmark, men grunna opphøyr av beite veks det no gradvis over med busker og lauvkratt. Sidan det er brukt noko kalk i mørtelen til anlegga, har desse grunnlag for ein noko meir kalkkrevjande flora.

Sjeldne artar:

Det er gjort funn av regionalt sjeldne artar som marinøkkel og bakkesøte på lokaliteten. Andre artar som har vore registrert er fjellmarikåpe, flekkmarihand, geitsvingel, kattefot, smalkjempe og småengkall (Gaarder 11.04.2003). Lokaliteten er elles skildra i rapporten "Kulturlandskap og kulturmarks typar i Fjaler kommune" (Rudsengen et al 1991) (7).



Figur 7-11: Område der bunkersane ligg. Det viser tydeleg at vegetasjon held på å ta over. Biletet er tatt

På Lammetun er der enno spor av plantene: «Bakkesøte», fjellmarikåpe, flekkmarihand, geitsvingel, kattefot, smalkjempe og småengkall, men det har ikkje vore observert «Marinøkkel» siste åra.


17.02.2020

Viser til naturbase for Lammetun ID: BN00068445 (8) hjå Miljødirektoratet:

B (viktig) på grunn av funn av eit par sjeldsynte og kravfulle kulturlandskapsartar. Skal verdien ikkje reduserast, må gjengroing må hindrast.

Lokaliteten omfattar dei gamle militæranlegga lengst vest på Lammetun . Her ligg det gamle bunkerar og stillingar frå 2. verdskrig. Vegetasjonen omfattar grasmark, med grunna opphøyr av beite veks det no gradvis igjen med busker og lauvkratt. Sidan det er brukt noko kalk i mørtelen til anlegga , har desse grunnlag for ein noko meir kalkkrevjande flora. Det er gjort funn av regionalt sjeldne artar som marinøkkel og bakkesøte på lokaliteten . Andre artar som vart registrerte er fjellmarikåpe , flekkmarihand , geitsvingel , katefot , smalkjempe og småengkall (Gaarder 11.04. 2003). Lokaliteten er elles skildra i rapporten "Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Fjaler kommune" (Rudsengen et al 1991).

Tradisjonell bruk som slått og beite kan gjere til at landskapet held seg ope og bevarar kulturlandskapsplantane . Dersom det ikkje kjem i gang skjøtseltiltak vil området gradvis miste verdi. det bør ikkje gjødselast på lokaliteten.



Figur 7-12: Kart henta frå miljødirektoratet sine sider, syner område for Naturbase for Lammetun ID BN00068445, henta 21.06.2017.

Dette området er det lagt omsynssone rundt i heiling – H560_2.

Temakart A – Fjaler kommune, naturvernområde og naturverninteresser:



Figur 7-13: Utdrag av Temakart A, kommuneplan for Fjaler kommune 2009-2019.

Kartet syner området på "Neset som eit viktig naturvernområde , det syner og at Ramsøyna (5) er registrert som område av naturverninteresse, prioritet 3.

17.02.2020

Blautbotnsområde:

Figur 7-14: syner kartutsnitt frå naturbase Id: BM00114940 for Ramsøyna henta frå miljødirektoratet sine nettsider desember 2019.

Områder i sjøen ved Ramsøyna – markert med grønt på kartet ovanfor, er registrert som eit middels stort blautbotnsområde i strandsona, verdi set til middels viktig av miljødirektoratet. Viser til naturbase ID for Ramsøyna: BM00114940 (9):



Naturbase faktaark

Marine naturtyper

Utskriftsdato: 19.12.2019

Ramsøyna (Fjaler)

ID	BM00114940
Naturtype	Bløtbunnsområder i strandsonen
Utforming	-
Verdi	Lokalt viktig
Registreringsdato	16.12.2015
Nøyaktighetsklasse	<20 m
Verdi begrunnelse	Et middels stort bløtbunnsområde
Innledning	-
Beliggenhet og naturgrunnlag	-
Artsmangfold	-
Påvirkning	-
Fremmede arter	-
Råd og skjøtsel og hensyn	-
Landskap	-
Areal fra kartobjekt (daa)	17,6
Kommuner	1429 (Fjaler)
Kilder	NIVA 2017.

Figur 7-15 syner faktaark for naturbase ID: BM00114940, henta frå miljødirektoratet januar 2020.


Det er lagt inn omsynssone (H560_1) for å ivareta det aktuelle området i sjøen. Innanfor omsynssona skal det ikkje byggast noko då det kan gjere skade på botnen og området. I følgje handboka Kartlegging av marint biologisk mangfald, DN-handbok 19-2001 revidert 2007, utarbeidd av direktoratet for naturforvaltning (10), er kartleggingsstatusen for slike blautbotnsområde god.

Slike blautbotnsområder utgjer viktige beiteområde for fugl og fisk. Blautbotns artar er i hovudsak stasjonære og påverkast av faktorar direkte på dei plassane dei befinn seg på. Inngrep som oppmudring, hindring av vassgjennomstrøyming ved bygging av moloar og fylling av grunnvassområda vil endre produktiviteten i område.

For at eit blautbotns område skal reknast som svært viktig er definisjonen større strandflatar (>500 daa), for at slike områder skal reknast som viktige er definisjonen større strandflatar (> 200daa), syd for Stadt regnast strandflatar større enn 100 daa som


17.02.2020

viktige. Ut frå Faktaarket for Ramsøyna er arealet for blautbotnsområde her sett til 17,6 daa. Altså langt under verdiane for viktige og svært viktige områder. Og det blir rekna som eit middels stort blautbotnsområde. vi har lagt inn omsynssone i det aktuelle området (H560_1), for å sikre at det blir ivaretatt. Det vil ikkje være tillate med inngrep som oppmudring, hindring av vassgjennomstrøyminga ved bygging av moloar og fylling av grunnvassområda innanfor omsynssona då det vil endre produktiviteten i område.



Figur 7-16 syner utsnitt frå plankartet som syner omsynssone H560 bevaring naturmiljø, for blautbotnsområde ved Ramsøyna. Omsynssona er innanfor markert svart linje.

Vegetasjon:




Figur 7-17: Oversikt over bonitet, kart og teikn forklaring henta frå NGU sine nettsider (geo.ngu.no) 01.03.2018.

Det er varierende grad av vegetasjon i planområdet. På slutten av 70-talet vart det gjennom statlege midlar føreteke leplanting på nordsida av Lammetun. Det vart planta grantre. Dette er no så overgrodd at det hindrar utsikta mange stader. Elles er der litt bjørk, noko osp, litt rogn og ein del selje. I kystfortet har vegetasjonen teke overhand og her går mykje tid i løpet av året til å halde utsiktspunkta frie for tre/busker. Terrenget er likevel lett framkommeleg då det vart laga veg i store deler av kystfortet under 2.verdskrig. Det er lagt ned ein del ressursar i å halde stiar opne for at publikum enkelt skal kunne ferdast i området.



Figur 7-18: Bilete er teke i område ved bunkerane. Viser kva type skog (selje) og kratt som veks opp. Biletet er tatt 30.05.2018.

Markslag og jordsmonn:



Tegnforklaring arealstatistikk

Eiendomsgrenser

Beskrivelse	Fargekode
Grense	
Uregistrert jordsameie	
Flere hovednummer	
Tvisteteig	

Eiendom lagt til

Beskrivelse	Fargekode
Grense	
Uregistrert jordsameie	
Flere hovednummer	
Tvisteteig	

Grenser for arealressurser

Beskrivelse	Fargekode
På kart	
På flybilde	

LREG

Beskrivelse	Fargekode
Driftscenterkoordinat	

AR5 - 13 klasser

Beskrivelse	Fargekode	Symbol
Fylldyrka jord		
Overflatedyrka jord		
Innmærksbeite		
Skog, særst høy bonitet		
Skog, høy bonitet		
Skog, middels bonitet		
Skog, lav bonitet		
Uproduktiv skog		
Myr		
Jorddekt fastmark		
Skrinn fastmark		
Bebyggd, samf., vann, bre		
Ikke klassifisert		

Dato: 17.10.2019 10:48 - Eiendomsdata verifisert: 17.10.2019 10:45 - Side 2 av 5

Figur 7-19 : Figuren over syner gards kart frå Nibio sine sider over eignedommen 272/3. Samt teiknforklaring - også henta frå Nibio sine sider.

17.02.2020


Arealstatistikk for landbrukseiendom 1429-272/3/0
Gårdskart:

Markslag AR5 13 klasser

Landbruksregisteret (Landbruksdirektoratet):

Landbrukseiendom: JA

Hovednummer: 1429-272/3/0

1 tilknyttede grunneiendommer: 272/3/0

Matrikkelen (Kartverket):

Registrerte grunneiendommer: 1 av 1

Arealstatistikk (dekar):

Matrikkelnummer	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflate dyrka jord	Innmarksbeite	Skog særs høy bonitet	Skog høy bonitet	Skog middels bonitet	Skog lav bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebyggd, samf., vann, breisert	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
1429-272/3/0 Landbrukseiendom															
272/3/0	31	0,5	4,6	7,6	0,0	0,0	1,0	4,7	37,0	40,2	9,3	374,2	13,2	0,0	492,3
Sum	31	0,5	4,6	7,6	0,0	0,0	1,0	4,7	37,0	40,2	9,3	374,2	13,2	0,0	492,3

Tabellen "Arealstatistikk (dekar):" viser arealltall for teiger som entydig kan kobles til én eiendom (M eller F).

Andre arealer tilknyttet eiendommen (dekar):

Eierforhold	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflate dyrka jord	Innmarksbeite	Skog særs høy bonitet	Skog høy bonitet	Skog middels bonitet	Skog lav bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebyggd, samf., vann, breisert	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
1429-272/3/0 Landbrukseiendom															
S	1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,6	0,0	2,4	0,0	0,1	0,0	4,1
Sum	1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,6	0,0	2,4	0,0	0,1	0,0	4,1

Dato: 17.10.2019 10:48 - Eiendomsdata verifisert: 17.10.2019 10:45 - Side 3 av 5

Andre arealer tilknyttet eiendommen (dekar):

Eierforhold	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflate dyrka jord	Innmarksbeite	Skog særs høy bonitet	Skog høy bonitet	Skog middels bonitet	Skog lav bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebyggd, samf., vann, breisert	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
1429-272/3/0 Landbrukseiendom															
S	1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,6	0,0	2,4	0,0	0,1	0,0	4,1
Sum	1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,6	0,0	2,4	0,0	0,1	0,0	4,1

Tabellen "Andre arealer tilknyttet eiendommen (dekar):" viser arealltall for teiger som kan kobles til flere enn én eiendom. Det kan være teiger registrert som uregistrert jordsameie (S og Sx), tvisteteig (T) eller teig med flere matrikkelenheter (gnr/bnr) og som er tilknyttet mer enn ett hovednummer i Landbruksregisteret (Ff).

Total (dekar):

Type	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflate dyrka jord	Innmarksbeite	Skog særs høy bonitet	Skog høy bonitet	Skog middels bonitet	Skog lav bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebyggd, samf., vann, breisert	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
Arealstatistikk og eiendom lagt til	31	0,5	4,6	7,6	0,0	0,0	1,0	4,7	37,0	40,2	9,3	374,2	13,2	0,0	492,3
Andre tilknyttede arealer	1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,6	0,0	2,4	0,0	0,1	0,0	4,1
Sum	32	0,5	4,6	7,6	0,0	0,0	1,0	4,7	38,6	40,2	11,7	374,2	13,3	0,0	496,4

Vi gjør oppmerksom på at totalsummene i nederste linje i tabellen "Total" vil kunne være misvisende. Det gjelder i tilfeller hvor en og samme teig er knyttet til to eller flere av de valgte eiendommene (f.eks. T, Ff og S-teiger). Samme areal vil i så fall være inkludert i totalarealet for flere av de aktuelle eiendommene, og totalsummen for alle eiendommer som er lagt til vil dermed bli for stor.

For mer informasjon om eierforholdene, velg arealfordeling på teignivå ved utskrift.

Eierforhold M: Teiger med en matrikkelenhet
 Eierforhold F: Teiger med flere matrikkelenheter
 Eierforhold Ff: Teiger med flere matrikkelenheter, og som er tilknyttet flere hovednummer i Landbruksregisteret
 Eierforhold S: Uregistrert jordsameie, alle enheter kjent
 Eierforhold Sx: Uregistrert jordsameie, ikke alle enheter kjent
 Eierforhold T: Teiger med egenskapen tvist/omtvistet

Dato: 17.10.2019 10:48 - Eiendomsdata verifisert: 17.10.2019 10:45 - Side 4 av 5

I revidert planframlegg av 12.08.2020 (dette) har vi endra plasseringa av vegen og nytt hyttefelt (BFR6), slik at ein unngår å råke myrjord. Derfor er den rapporten angående myrjord som vi fekk Dr. Scient Karl-Jan Erstad v/ Rådgivande agronomar AS til å utarbeide for oss, der han gjorde utrekningar ut frå djupnemålingar på torva, som synte kor mykje karbon som ligge bunde i planområde som vert be rørt av tiltaka og korleis planen ville bidra til å frigjere dette til atmosfæren eller hindre vidare opptak i dette planframlegget ikkje vesentleg lenger og derfor er ikkje den med lenger. BFR6_5 ligg på innmarksbeite. Fritidsbustaden på BFR6_5 er allereie byggesøkt, godkjent og utbygd. Delar av B1 ligg også på innmarksbeite. Det er område for overflatedyrka jord, ved sida av BRF6_5. Her er det ikkje planlagt utbygging og området blir teke vare på og halde ved like som dyrka jord ved at det blir slått der kvart år og graset vert gitt til ein lokal bonde.

7.9 REKREASJON VERDI, REKREASJONSBRUK OG UTEOMRÅDE

Planområdet ligg slik til at det er populært som friluftsområde, særskilt i sør-sørvest. Folk finn roen på Lammetun. Område rundt campingplassen og kystfortet er populært både for unge og gamle anten det er utsikta, naturen eller historia dei vil ta del i. Samlokalisering med campingplass og fint friluftsområde gjer at det er ein populær plass anten du vil på campingtur, nyte solnedgangen, utsikta eller område elles.

Forslagsstillar har fått mykje skryt av interesserte innan krigshistorie om at det er tilbod om overnatting og campingplass. I sør-sørvest ligg bunkersane. Desse ligg i eit fint friluftsområde på øya. I same område er det populært å sjå på fuglar. Øya ligg slik til at ein truleg har sjeldne trekkfuglar som stoggar opp ei veke eller to på ferda si sør eller nordover. Elles er det oter i sjøkanten og flotte fuglar ein kan kome litt nærare inn på.

Det er laga til bålgruver og benkar i område for å legge til rette for at dette går føre seg i ordna former. Deler av område vert også nytta til aktiviteten paintball for ungdom/vaksne.



Figur 7-20: Utsnitt frå Temakart A, frå Fjaler kommune sin kommuneplan.

Det er også stor nærleik til sjø på alle kantar noko som gjer at ein har ei nydeleg utsikt i sør, nord og i vest. Arealet langs strandsona på sørsida av Lammetun er registrert som område av friluftinteresse, prioritet 1.

Innanfor planområde er det ein merka tursti som går til Lammetun hola, ei grotte som ligg oppe i Lammetun-fjellet. Lammetun-fjellet er 111 moh. Dette fjellet er ikkje lett å be stige og er heller ikkje mykje brukt grunna at det er vanskeleg å komme seg opp.

utanfor planområde finn ein turstiar til blant anna «Einingsfjellet» og «Bygdeheia», sistnemnde med dagsturhytta Vidsyn. Dette er populære fjell både for turistar og fastbuande. Frå Lammetun må ein køyre ca. 5 min. for å kome til Einingsfjellet og ca. 15 min for å kome til Bygdeheia.

7.10 BORN OG UNGES INTERESSER

Planområdet består av skinn fastmark og lynghei med gode soltilhøve og utsikt. Arealet har såleis eit godt potensial for friluftsliv og leik.

Det er i revidert planframlegg lagt inn eit større område for leikeplass ved B2 etter fylkeskommunens merknad til planframlegg på høyring våren 2020. arealet er på 714 m2. Våge skule og Våge barnehage ligg ca. 10 min køyring frå Lammetun, retning nord-austover. Der er det blant anna ballbinge, fotballbane og leikeplass.

Born og unge har interesser i ein campingplass då miljø, leikeplass og aktivitetstilbod har mykje å seie for opphaldet. Både campingplassen og områda rundt har mange og forskjellige tilbod som har interesse for born og unge. Forslagsstillar tilbyr fritidsaktivitetane paintball, frisbeegolf, utflukt til Lammetun hola med følgje, utleige av båt, kajakk og padlebrett (SUP)

noko som er sær s populært blant born og unge. Desse aktivitetane vert organisert i friluftsområde på og rundt eigedommen.

Som tidlegare nemnt er det er kort avstand til turområde, med f.eks. Einingsfjellet berre ein 5 min. kjøretur unna og Bygdeheia ca. 15 min. kjøring unna.

7.11 VEG OG TRAFIKKFORHOLD

Tilkomst til planområde skjer via kommunal veg.

Det er ca. 4 km. kommunal veg frå hovudvegen og ut til Lammetun. Veggen er asfaltert og ca. 3 m . brei. Veggen stoggar ved ein snuplass der ein kører inn på privat grusveg som endar ved sjøen. Naboeigedommane vert passert på den asfalterte veggen. Planområde har stort sett privat veg. Denne veggen har i dag ei bredde på ca. 3-4 m.

ÅDT og ulykkesstatistikk er nærare skildra i kapittel 9 (konsekvensar for planforslaget inkludert konsekvensutgreiing), punkt 9.9 – trafikkanalyse og teknisk infrastruktur, og i ROS analysen – kapittel 10, punkt 10.4.2.4 – infrastruktur, trafikkulykker.

7.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON / KOLLEKTIVDEKNING

Det er ikkje ordinær kollektivdekning direkte tilknytt planområdet. Det går skulebuss frå og til område utan moglegheit til å komme seg vidare til Dale eller Førde. Busshaldeplassen ligg på eigedommen til forslagsstillar. Reisetida til Våge skule er ca. 10-12 min.

Det går også buss til kommunesenteret Dale frå Korssund kvar dag. Bussturen tek om lag 1 time. Elles går det ekspressbåtrute frå nabokommunen Askvoll til Bergen og nordover til Selje. Då må ein reise til Fure og ta ferja til Askvoll som korresponderer med båten. Fure ligg ca. 15 km frå Lammetun. Elles kan ein køyre til Rysjedalsvika og ta ekspressbåtrute til Bergen/Nordfjord. Ein kan også om søndagen ta buss til Rysjedalsvika frå Våge som ligg ca. 10 km frå Lammetun.

7.13 SOSIAL INFRASTRUKTUR OG ANDRE SERVICETILBOD

På Lammetun finn ein desse lokale tilboda: resepsjon, pub/café og fritidsaktivitetane "paintball ", "Frisbeegolf", kajakk- SUP- og båtutleige, campingplass, og rekreasjonsområde. Lammetun ligg 10 km frå Våge skule der det er fritidsaktivitetar i løpet av veka. Her finn ein også helsetilbod, barne- og ungdomskule og barnehage.

Næraste butikk ligg i Korssund ca. 5 km sørover. Det er også daglegvarebutikk og byggevare på Grytøyra ca. 12 km frå Lammetun. Ca. 15 km frå Lammetun ligg den mekaniske verkstaden Fure Mekaniske AS. Sørover ligg Lutelandet, eit næringsområde som er i utvikling.

7.13.1 IDRETTS- OG KULTURTLBOD

I Våge er det ballbinge og ei fotballbane, samt eit toppmoderne nybygd trimrom - ca. 10 km frå Lammetun . Av kulturtilbod kan ein blant anna nemne Fure il med både A-lag, miniputt lag, fjellturar , innebandy , styrketrening , ungdomslag , grendelag og bibliotek. Vi har skytebane ca. 3 km. frå Lammetun. På Hauglandsenteret, ca. 30 km frå Lammetun ligg badebasseng/terapibasseng og friluftsområde.

7.13.2 HELSETILBOD

Lege og helsetilbod er i hovudsak plassert i Dale, men på Våge finn ein helsetilbod og helsestasjon på Våge skule ein gong i månaden.

7.13.3 NÆRLEIK TIL ARBEIDSPASSAR

Næraste «tettstad» til planområdet er Dale, ca. 45 km. nord- austover. 6 km sørover ligg Lutelandet. Lutelandet er sett av som eit større næringsområde i kommunen, og aktivitet innanfor område kan medføre fleire arbeidsplassar.

7.13.4 DAGLEGVAREHANDEL OG ANDRE SERVICETILBOD

Næraste daglegvarebutikk finn ein i Korssund, rett sør-aust for planområdet. Her finn ein også post i butikk. Næraste tettstad er Askvoll eller Dale. Andre private og offentlege tenester finn ein hovudsakleg der. Her er det eit greitt utval av daglegvarehandel og andre servicetilbod.

7.14 TEKNISK INFRASTRUKTUR

Sommaren 2019 fekk planstilar lagt fiber til resepsjonsbygget ved campingplass BC1, og dermed utbetra kvaliteten på det trådlause nettet som no er via fiber til både campingplassen og utleigeeiningane.

7.14.1 VATN OG AVLAUP

Det er opparbeid vatn og avløp på planområdet. Planområde får i dag drikkevannet sitt frå ein bekk og eit borehol. Der campingplassen og utleigeeiningane er knytt til boreholet. Dette er eit lite anlegg utan nokon form for reinsing.

Ved framtidig utbygging kan dagens leidningsnett vere noko underdimensjonert. MEN det er her viktig å understreke at leidningsnettet ved campingplass BC1, nauset, og hyttefelt BFR6 er stort nok til den planlagde utbygginga av desse områda etter utbetring i 2014. Det område som leidningsnettet vil vere underdimensjonert for, ved ei eventuell utbygging er B1 og B2. Om dette området blir utbygd vil ei utbetring av leidningsnettet tatt i samanheng med det. Dette er nærmare utgreidd i kapittel 10 – ROS-analyse.

7.14.2 TRAFØ OG KRAFTLINJER

Det er høgspent-luftleidningar innanfor planområdet. Denne er regulert inn i planforslaget og det er laga tilhøyrande faresone rundt den. Avstand til bygningar må følgje gjeldande føreskrifter. På sikt kan det bli søkt om å leggje lina i jordkabel. Det er usikkert om det eksisterande straumforsyningsanlegget er tilstrekkeleg for å dekke eventuelle nye bustadar. Sunnfjord energi bed om å verte kontakta når detaljplan for utbygging og utnytting føreligg. Dei kan då berekne kva som trengs av forsterkningar i nettet, samt å anslå omtrent kvar nye anlegg bør plasserast. Dette er nærmare utgreidd i kapittel 10: ROS-analyse.

7.14.3 ENERGI

Området ligg ikkje innanfor konsesjonsområdet for fjernvarme. Det er mogleg å knytte seg til eksisterande straumnett. Energiløysinga i området er elektrisitet. Ved opparbeiding av nye bustader bør det undersøkjast om det er mogleg å nytte alternative energikjelder.

7.14.4 STØY

Sjå kapittel 9 konsekvensutredning og kapittel 10 ROS-analyse.

7.15 MILJØ, KLIMA OG GRUNNFØRHOLD

Sjå kapittel 10 ROS-analyse.

7.16 BEREDSKAP OG ULYKKESRISIKO

7.16.1 RASFARE

Sjå ROS-analyse.

7.16.2 FLAUMFARE OG HAVNIVÅSTIGNING

Sjå ROS-analyse.

7.16.3 OVERVATN

Overvatn vil ikkje væra ei utfordring innafor planområdet, då det er naturleg fall til sjø på alle kantar innanfor planområdet, samt at det er gode dreneringsgrøfter til sjøen.

17.02.2020

7.16.4 VIND

Lammetun ligg ved havet og er utsett for vind. Sjølve planområdet ligg lågt i terrenget, vest på øya. På grunn av denne plasseringa vil planområdet vere middels til hardt vindutsett. Dette er basert på grunneigars lokalkunnskap etter å ha budd på Lammetun i over 20 år. Og vindmålingar gjort på Lutelandet i samanheng med vindmølleparken som er planlagt der.

Utdrag henta frå Lutelandet Energipark - Konesjonssøknad, Reguleringsplan og konsekvensutgreiing (12):

Vindmålingar på Lutelandet er utført i to forskjellige periodar . fyrste perioden var frå 6. august 1998 til 8. juli 2000. Den andre måleperioden starta 25. april 2007 og pågår framleis. for klimarapporten som er utarbeidd av Kjeller Vindteknikk er det nytta målingar fram til 30. november 2008. Det vart sett opp ei vindmålemast på Lutelandet fyrtse gong i 1998. Då vart det målt vind i 20, 35 og 50 m høgde og vindretning i 20 og 50 m høgde. Den siste og framleis pågåande målinga vart oppstarta i april 2007 . Hovuddata for målemasta er vist i tabellen nedanfor.

Posisjon til målemast, UTM 32 (Euref89)	N 6797077 og E282907
Måleperiode	25.4.2007 – samler fortsatt data
Vindhastighet (NRG-sensor)	Målt i 48,3, 30 og 10 meters høyde
Vindhastighet (RISØ-sensor)	To stk målt i 50 meters høyde
Vindretning	45 og 42,2 meters høyde
Måling/gj. snitts periode (tidsangivelser)	2 s /10 min

Datadekninga i måleperiodane har vore svært god, bortimot 100 %. Figur 8 viser kvar på Lutelandet målemast 5002 står.

Figur 7-21:
Tabellen
viser hovud
data for
målemast
5002 på
Lutelandet



Figur 7-22: Kart viser målemast posisjon 5002 Lutelandet (blå prikk), henta frå Lutelandet Energipark - Konesjonssøknad, reguleringsplan og konsekvensutgreiing, 2009

7.16.5 POTENSIELLE FORUREININGSKJELDER

Det er ingen kjend forureining innanfor planområdet.

7.16.6 ULYKKESRISIKO

Sjå kapittel 10: ROS-analyse.

7.17 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Privatrettslege bindingar etter jordskiftedom for eigedom 272/3 med naboeigedommar.

8 SKILDRINGAR OG VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET


8.1 INNLEIING

Planområde har i fleire år vore eit populært reisemål for turistar. Etter at tiltakshavar flytta til plassen har dei gradvis utvikla område og det har vorte litt til etter kvart som dei har sett kvar det har vore behov for tiltak. Tidlegare vart deler av område der det i dag er campingplass brukt til villcamping. Tiltakshavar har som hovudintensjon å skape næring og etablere eit godt område for turisme. Per i dag fungerer område som det allereie, men ein ynskjer ei utvikling av område, som kan kome til å føre til vekst innan reiselivsnæringa. Ein ser føre seg at ved å utføre skisserte tiltak innanfor planområdet vil det skape noko auka trafikk.

Formålet med planen er tilrettelegging for slik aktivitet i ein meir detaljert plan enn den som ligg føre. Det er behov for å markere på planen kvar ein har tilhøyrande parkeringsplassar, næring, bustadområde, bustadhus og flytebrygger fritidsbustader. Det skal også leggjast til rette for flytebrygger og småbåthamn. Det er lagt vekt på tilpassing til terreng for å unngå større inngrep i landskapet. Totalt skal det leggjast til rette for 10 nye bustadar.

Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene for planområdet. Innafor planområde for areal og bebyggelse (B), LNF-område, samt område for samferdsel- og teknisk infrastruktur vil ein kunne bygge ut elektriske anlegg inkl. trafo stasjon.

Nye eigedommar som er i samsvar med reguleringsplan, kan frådelast direkte utan ytlegare søknad eller nabovarsling. Endring av fastsette/regulerte grenser i planen kan gjerast etter ordinær søknad utan endring i plan.



Figur 8-1: Reguleringsplankart for Lammetun gards nr. 272 bruk nr. 3

17.02.2020

8.2 REGULERINGSFØREMÅL OVERSIKT

FØREMÅL	FELT-KODE	FELTNAMN	SUM FØREMÅL (M ²)
BEBYGGING OG ANLEGG (PBL § 12-5, NR. 1):			
Bustad (B)	1110	B1	19 214
		B2	
Fritidsbustad (BFR)	1120	BFR1	19 237
		BFR2 (2_1 og 2_2)	
		BFR3	
		BFR4	
		BFR5	
		BFR6 (6_1, 6_2, 6_3, 6_4, 6_5)	
Campingplass (BC)	1173	BC1	5 207
		BC2	
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (BBS)	1588	BBS2	1 159
		BBS3	
		BBS4	
		BBS5	
Uthus/Naust/Badehus (BUN)	1589	BUN1	60
Leikeplass (BLK)	1610	BLK	714
Næring/Tjenesteyting (BKB)	1804	BKB:	458
SUM BEBYGGELSE OG ANLEGG M²			46 049
SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12 – 5, NR. 2)			
Køyreveg (SV)	2010	SV	12 884
Veg – Felles (SVG)	2019	SVG	
Annan vegggrunn – grøntareal (SVG)	2019	SVG	
Kai (SK)	2041	SK	
Parkering (SPA)	2080	SPA	
SUM SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR M²			12 884
LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL SAMT REINDRIFT (PBL § 12 – 5, NR. 4)			
LNRF Areal for naudsynte tiltak for landbruk og reindrift, samt gardstilknytt næringsverksemd på gardens ressursgrunnlag (L)	5100	L1	397 675
		L2	
		L3	
		L4	
Naturformål av LNFR (LNA)	5120	LNA5	56 816
SUM LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL SAMT REINDRIFT M²			454 491
BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 12 – 6, NR. 6)			
Småbåthamn	6230	VS	708
Friluftsområde i sjø og vassdrag (VfV)	6710	VfV1	253 735
		VfV2	
SUM BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE M²			254 443
OMSYNSSONER (PBL § 12 – 6)			
Sikringszone H140 Frisikt		H140	
Støysoner H200		H210	
		H220	
Faresone Ras- og skredfare H310		H310	
Faresone høgspenningsanlegg H370		H370	
Bevaring Naturmiljø H560		H560	
Bevaring Kulturmiljø H570		H570	
SUM FØREMÅL EKS. OMSYNSSONER, M²			883 827

8.3 BYGGJEFØREMÅL (PBL §12-5, NR 1)

8.3.1 BUSTAD

8.3.1.1 B1 – Bustadfelt 1:

Innanfor område B1 er det i revidert planframlegg av 12.08.2020 lagt opp til 6 nye bustadtomter, i staden for dei tidlegare 4 bustadtomtene, dette pga. at 2 av dei opprinnelig 4 tomtene i planframlegget som låg ute til høyring våren 2020 var over 2daa kvar. For å kome under kommuneplanens krav som seier at bustadtomter skal være maks 2 daa og etter merknad frå FM valte vi då å dele opp dei 2 tomtene som var over 2 daa. Alle tomtene ligg i same område som hovudhuset på garden allereie er oppført i dag. Tomtene ligg på ei høgd nord-aust for hovudhuset og her er rik tilgang på sol og utsikt sør- og vestover. Om ein ser på omkringliggende område vil dette bustadområde ligge i mellom dagens hovudhus på garden og hovudhusa på nabogardane. Dette vil soleis vere med på å skape ei naturleg lita "grend" på øya. På den sørlegaste tomte innafor B1 står der i dag ei løe, denne er ombygd innvendig og vert nytta til utleigeleilegheit og forsamlingslokale av planstilar.

I planen er denne likevel regulert inn som bustadtomt, dette fordi det ikkje er planar om å utvide eksisterande bruk av løa utover slik det er i dag. Dersom det er snakk om endringar ynskjer ein å gjere det om til bustadhus, dette må gjerast ved å eventuelt rive løa. Eksisterande løe sør på område B1, kan derfor nyttast til utleigeleilegheit og forsamlingslokale, så lenge den står. Dersom det skal gjerast endringar må det være i tråd med reguleringsplan – til bustadføremaal.

Grad av utnytting: Innanfor B1 vil tillat grad av utnytting vere BRA = 400 m², dette gjeld for kvar tomt og ikkje for heile området under eitt. Grad av utnytting inkludera garasje som skal ha maks BRA = 50 m².

Mønehøgd og gesimshøgd bustadhus: Mønehøgd: Bustadane innanfor B1 skal ikkje ha mønehøgd som overstig 9 meter over planert terreng. Gesimshøgd: Maks 8 meter.

Mønehøgd og gesimshøgd garasje/uthus: Mønehøgd: maks 6 meter, Gesimshøgd: maks 4,5 meter.

Byggegrense: 4 meter frå nabotomt. Frittliggende garasje, uthus og liknande kan oppførast i hen hald til plan- og bygningslovas reglar.

Fargeval: Unngå fargar som gir signaleffekt.

Byggegrense mot kommunal veg: 15 meter.

8.3.1.2 B2 – Bustadfelt 2:

Bustadfelt B2 ligg midt på øya. Innanfor B2 er det tenkt 6 bustadtomter.

I revidert planframlegg av 12.08.2020 er grøntarealet rundt B2 utvida og tomtene redusert i storleik ned til 2 daa per tomt, dette for å halde krava i kommuneplanen og for å imøtekome FM merknader til tidlegare planframlegg som var ute på høyring våren 2020. Reduseringa av tomtearealet gjer til at tomtene ikkje lenger kryssar/ligg innafor faresona rundt høgspenlinja.

Høgspenlinja som ligg i nærleiken av B2 er omgitt av ei faresone, med 7,5 ut til kvar side frå midtlinja.

Grad av utnytting: Innanfor B2 vil tillate grad av utnytting vere BRA = 400 m², dette gjeld for kvar tomt og ikkje heile området under eitt. Grad av utnytting inkludera

17.02.2020

garasje som skal ha maks BRA = 50 m².

Mønehøgd og gesimshøgd bustadhus: Mønehøgd: Maks 9 meter over planert terreng. Gesimshøgd: Maks 8 meter.

Mønehøgd og gesimshøgd garasje/uthus: Mønehøgd: maks 6 meter
Gesimshøgd: maks 4,5 meter.

Byggegrense: 4 meter frå nabotomt. Frittliggende garasje, uthus og liknande kan oppførast i hen hald til plan- og bygningslovas reglar.

Fargeval: Unngå fargar som gir signaleffekt.

8.3.2 FRITIDSBUSTADER

8.3.2.1 Felles for hyttefelt BFR1 – BFR6:

Grad av utnytting: Maks BRA = 130 m², pr. tomt.

Alle nye fritidsbustader skal ha parkering på eiga tomt.

Mønehøgd for fritidsbustader skal ikkje overstige 6 meter over ferdig planert terreng.

Gesimshøgd for fritidsbustadar skal ikkje overstige 4 meter over planert terreng. Mønehøgd for tilhøyrande u-isolert ute bod skal ikkje overstige 3 meter, målt frå ferdig planert terreng.

Fargeval: Unngå fargar som gir signaleffekt.

Byggegrenser: Sjå plankartet.

8.3.2.2 BFR1 - Hyttefelt 1 (BFR1)

Tilsvare eksisterande hyttefelt og inneheld 8 hyttetomter – derav 6 eksisterande frådeltte hyttetomter (ei av desse er utbygd per i dag) og 2 nye tomter.

Etter FM innspel til 1. utkast til planprogram er arealføremål BFR1 redusert og grøntområde L1 er utvida.

Statsforvaltaren har kravd at byggegrensa vert trekt lenger tilbake på den nordvestlegaste tomte, fordi dei meiner at byggj grensa er trekt nærare sjøen enn i gjeldande reguleringsplan. Forklaringa til kvifor det kan sjå slik ut er at då kommunen digitaliserte planen frå 2002, vart dette hyttefeltet justert inn feil. Fjaler kommune støttar statsforvaltaren krav, og har lagt inn byggegrense 50 meter frå sjøen og inn på den nordvestlegaste tomte i revidert planframlegg av juni 2021.

Angåande hyttefelt BFR1: her er allereie nokre tomter frådelt og resten av hyttefeltet vart godkjent som hyttefelt av Fjaler kommune i 2002.

8.3.2.3 BFR2 - Hyttefelt 2

BFR2_1 og BFR2_2 inneheld til saman 5 tomter – derav 2 av tomtene ligg på BFR2_1 og 3 av dei ligg på området BFR2_2, som i dag er frådeltte frå eigedom 272/3 og er per i dag utbygde, med parkering på eiga tomt. Desse områda er tatt med i planen sjølv om dei er frådeltte frå eigedom 272/3, fordi noko av bakgrunnen for å utarbeide ny plan er at kartet skal stemme overeins med dagens situasjon.

Bakgrunn for endringar i reviderte planframlegg:

I planframlegg sendt til 1. høyring var BFR2 oppdelt i BFR2_1, BFR2_2 og BFR2_3. pga. at vi måtte endre plassering av utviding av hyttefelt BFR3 etter første høyring, har BFR2_1, BFR2_2 og BFR2_3 og blitt endra. Det som tidlegare var BFR2_1 er no

det som heiter BFR2. BFR2_2 er no BFR6_6_2 og BFR2_3 tilsvara revidert planframleggs BFR6_4.

I reviderte planframlegget av juni 2021 har det blitt gjort enno nokre namne endringar, BFR2 er på bakgrunn av statsforvaltarens merknad til 2. gongs høyring for planen oppdelt i 2 områder som no er å finne som BFR2_1 og BFR2_2. Oppdelinga skuldast at ein har redusert arealet som var avsett, slik at det er avgrensa til sjølve tomtene og ikkje tek med areal rundt/imellom tomtene. Slik at ein på denne måten imøtegår statsforvaltarens merknad på det punktet.

8.3.2.4 BFR3 - Hyttefelt 3 (BFR3)

Inneheld 1 ferdig frådelt og utbygd hyttetomt. Område er tatt med i planen sjølv om det er frådelt frå eigedom 272/3, fordi noko av bakgrunnen for å utarbeide ny plan er at kartet skal stemme overeins med dagens situasjon.

Tidlegare planframlegg som låg på høyring våren 2020 hadde med ei utviding av hyttefelt BFR3, det kom inn merknader frå FM og Fylkeskommunen på at dei ønska endra plassering av utvidinga, då feltet låg i heiling innafor 100-meters beltet, nokre av tomtene låg innafor gul støysona i forhold til Lutelandet vindmøllepark, samt at Fylkeskommunen ønskte dei flytte opp til BFR2 for å få dei lenger vekk frå kystfortet. Alle merknadane er imøtegått ved at utvidinga av BFR3 utgår, og nye hyttetomter er lagt inn som BFR6_1-BFR6_4, slik at dei kjem omtrent heilt ut av 100-meters beltet, plasseringa er lenger vekk frå kystfortet og dei kjem i heiling ut av gul støysona.

BFR3 inneheld derfor berre den eine hyttetomta som er ferdig frådelt frå eigedom 272/3 og utbygd. Med parkering på eiga tomt. Dette feltet er med for at plankartet skal stemme overeins med dagens situasjon.

Statsforvaltaren hadde ved 2. høyring merknad til at byggegrensa på BFR3, eksisterande og frådelt tomt, skulle plasserast minst like langt frå sjøen som eksisterande bygg, slik at planen ikkje opnar opp for å byggje nærare sjøen enn det som alt er gjort på tomta. Kommunen støttar opp under denne merknaden og har lagt inn byggegrense som samsvarar med statsforvaltarens merknad.

8.3.2.5 BFR4 - Hyttefelt 4 (BFR4)

1 ferdig frådelt og utbygd hyttetomt.

BFR4 inneheld ei hyttetomt, som er ferdig frådelt og utbygd frå eigedom 272/3, med parkering på eiga tomt. Dette feltet er med for at plankartet skal stemme overeins med dagens situasjon.

Statsforvaltaren hadde ved 2. høyring merknad til at byggegrensa på BFR4, eksisterande og frådelt tomt, skulle plasserast minst like langt frå sjøen som eksisterande bygg, slik at planen ikkje opnar opp for å byggje nærare sjøen enn det som alt er gjort på tomta. Kommunen støttar opp under denne merknaden og har lagt inn byggegrense som samsvarar med statsforvaltarens merknad.

8.3.2.6 BFR5 - Hyttefelt 5 (BFR5)

1 eksisterande hyttetomt, ferdig frådelt og utbygd, med parkering på eiga tomt. Dette feltet er med for at plankartet skal stemme overeins med dagens situasjon.

8.3.2.7 BFR6 – Hyttefelt 6**BFR6_1, BFR6_2, BFR6_3, BFR6_4 og BFR6_5**

BFR6 er kome til i nytt revidert planframlegg av 12.08.2020 pga. merknader til planframlegget som låg ute til 1. gongs høyring våren 2020 frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen.

Planframlegget inneheld samla sett akkurat like mange hyttetomter som tidlegare planframlegg som låg på høyring våren 2020.

Grunnen til at desse felta er komne til er fordi Fylkesmannen og Fylkeskommunen ønskte ei anna plassering av nye hyttetomter enn det som var planlagt tidlegare. For å imøtekome dei har ein no trekt dei nye hyttetomtene lenger vekk frå sjøen og dei er no nesten heilt ute av 100-meters beltet. Delar av dei 2 nedste tomtene innafor BFR6_3 ligg noko innafor 100-meters beltet, næraste punktet ligg 70-80 meter frå sjøen. Flyttinga av utvidinga er og i tråd med at dei kjem i heiling vekk frå gul støysone i forhold til den planlagde vindmølleparken på Lutelandet. Vidare imøtegår og ein også fylkeskommunen som ønskte at feltet vart flytta nærare BFR2 for å få feltet lenger vekk frå kystfortet.

Grunnen til at BFR6 ikkje ligg inne som eit stort felt men er delt opp i mindre felt, er for å tilpasse tomtene etter terrenget og unngå at ein kjem innpå myrjord, vi kunne lagt det inn som eit stort felt, men då ville det skapt uvisse til kor mange tomter som kunne kome. På denne måten som det no blir lagt fram er alle tomtene og samla arealføremål for BFR6-1 til BFR6_5 planlagt på ein slik måte at det ikkje er tvil om kor mange tomter som kan kome, samt at ein overheld FM tilråding om at tomtene skal overhalde kommuneplanens bestemmingar om at tomter til fritidsbustader ikkje skal overstige 0,5daa kvar.

Til saman er det som sagt akkurat like mange planlagde hyttetomter som tidlegare planframlegg, og som tidlegare er det planlagt 10 stk. nye hyttetomter, resterande tomter planframlegget bidreg til er tomter som er frådelt for lengst og mange av dei er og utbygde, men dei er no tatt med i framlegget for å synleggjere desse då ikkje alle ligg inne i reguleringsplanen frå 2002.

Dei er fordelt med utbygging på BFR6_1 med 2 av dei nye tomtene, BFR6_2 med to av dei nye tomtene og BFR6_3 med 6 av dei nye tomtene. BFR6_4 er det feltet som tidlegare heitte BFR 2_3, som er eit ferdig utbygd felt.

8.3.2.7.1 BFR6_1 (Del av hyttefelt 6):

Inneheld 2 av dei 10 nye hyttetomtene som i tidlegare planframlegg låg inne som ei utviding av BFR3.

8.3.2.7.2 BFR6_2 (Del av hyttefelt 6):

Inneheld 2 hyttetomter, ei av desse er eksisterande utbygd tomt medan ei av dei er ny tomt som då er ei av de 10 nye tomtene som i tidlegare planframlegg låg inne som BFR3. den utbygde tomta låg i tidlegare planframlegg inne som BFR2_2.

8.3.2.7.3 BFR6_3 (Del av hyttefelt 6):

Inneheld 2 av dei 10 nye hyttetomtene, som i tidlegare planframlegg låg inne som BFR3. Næraste punkt til sjø ligg 70-80 meter frå sjøen, hyttefeltet er nesten heilt ute av 100-meters beltet.

8.3.2.7.4 BFR6_4 (Del av hyttfelt 6).

Dette området inneheld 4 av dei 10 nye hyttetomtene, som i tidlegare planframlegg låg inne som BFR3.

8.3.2.7.5 BFR6_5 (del av hyttfelt 6)

Inneheld ei ferdig utbygd hyttetomt. Denne er det planstilar sjølv som eig.

8.3.3 CAMPINGPlass

Campingplassen har vi delt opp i to områder: BC1 og BC2.

BC1 speglar dagens situasjon, med oppstillingsplassar for dei som ynskjer heilårs plass, med løyve til å setje seg opp elementbygg. Det skal og være mogleg å setje opp bygg på området. Nokre av bygga/fasilitetane finnast allereie per i dag slik som sanitæranlegg, grillstove og resepsjon/kontor.

BC2 er område sett av til døgnplassar – dvs. bubilar og campingvogner som kjem for kortare periodar. Innafor BC2 vil det ikkje være lov å setje opp elementbygg eller andre bygg. Det vil derimot være tillate å sette opp strømsøyler for å sikre bubilar/vogner straum, samt å legge fram vatn til/på området. Dette er heilt naudsynt i forhold til å sikre branntryggleiken på området. Før dette området kan nyttast til oppstillingsplass for bubilar/campingvogner vil det være naudsynt å planere det. Ein skal unngå sprenging, men planere det slik at det vert nokolunde i plan med dagens campingplass.

8.3.3.1 CAMPINGPlass (BC1):

Område kan ha bygg som høyrer under campingdrift:

Kiosk, resepsjon/administrasjon, leikeplass, pub og kafè, grillstove og sanitærbygg.

Grad av utnytting:

Maks BYA = 50%.

Området ligg nær strandlinja, campingplass er eit føremål som skapar allmenn ferdsel og inviterer til det, samt òg retteleggjast for at det blir lettare å nytte/kome til strandsona, ser vi på det som positivt. det vil og kunne bli lettare for rørslehemma og kome til strandsona ved å ha campingplass her. Campingplass er eit føremål som verkar motsett av privatiserande på eit område.

Etter innspel frå FM og fylkeskommunen i høyringsrundar har vi lagt inn byggegrense på campingplassen, slik at det ikkje vert bygd nærare strandsona enn det som er bygd per i dag. Det er i praksis byggegrensa som skapar skilje mellom BC1 og BC2.

Ved oppsetjing av elementbygg/spikartelt gjeld følgjande for desse:

- a) Mønehøgde skal ikkje overstige 3,5m.
- b) Gesimshøgde maks 3m.
- c) Arealet skal ikkje overstige 20m².
- d) Oppføring av elementbygg/spikartelt er søknadspliktige.
- e) Plassering av campingvogn på campingplass som er godkjent eller regulert for føremålet er ikkje søknadspliktig sjølv om den skal stå i meir enn 2 år.
- f) Spikartelt skal fylgje forskrift om teknisk krav til byggverk (TEK).
- g) Avstandskrav: i hen hald til teknisk forskrift, per dags dato er dette 3 meter. Brannføreskrift og EL-føreskrift for BC1 finnast per i dag, då campingplassen allereie eksisterer.

8.3.3.2 CAMPINGPLASS BC2:

Område BC2 ligg heilt inntil BC1, oppdelinga er gjort slik for å synleggjere kva område som inneheld plassar for døgnleige og kva område det er tillate med elementbygg m.m. på. BC2 er område for korttidsplassar for bubilar/campingvogner, samt telt. Område for BC2 er i revidert planframlegg av juni 2021 utvida til også å inkludere område sør for vegen, som tidlegare gjekk under BC1. Denne endringa er gjort fordi VLFK hadde merknad til den delen av BC1 som låg sør for vegen, då dei meiner det kjem for nært kystfortet dersom ein skal kunne ha heilårsplassar, elementbygg osv. så nær fortet. Slik det no ligg føre i planen er det lov med korttidsplassering av bubilar/vogner på sørsida av vegen (BC2_2), dvs. at bubilar/vogner kan stå der ei natt eller to med bubilen/vogna, samt at teltarar kan nytte området. Det vil derimot ikkje være lov å setje opp bygg der eller ha heilårs plass her.

Vi meiner dette vil betre ivareta fortet enn i tidlegare plan, og håpar at VLFK kan godta denne endringa. Området har vore nytta til dette i ei årrekke og medfører soleis ikkje noko endring av område rundt fortet, planstilar er avhengig av å få behalde området slik. Det er ikkje andre egnelege plassar innafør planområde ein kan setje av til dette føremålet. Sidan store delar av planområde der det ville vore eigenleg med campingplass er sett av til verna område for fortet.

På BC2_1 vil være naudsynt å planere området før det kan takast i bruk, samt at det må setjast opp straumsøyler og leggest fram vatn til området. Utover det skal det ikkje gjerast fysiske tiltak på området.

planeringa er planlagt på ein slik måte at den vil ha skrånande kantar slik at den mest mogleg går i eitt med dagens terreng. Samt at det vil gro til med lyng og gras likt det er på området i dag. inngrepet er i seg sjølv reversibelt, då planeringa ikkje vil synast etter berre eit pr år om ein ikkje nyttar område som campingplass, då det vil gro att. Dette byggjer på erfaring frå området, då alt gror att fort, om ein ikkje held vegetasjonen nede.

området ligg nærare strandsona enn BC1 men på grunn av høgdeforskjellen i terrenget, samt at det er for bratt ned til svaberga så er ikkje dette staden der folk nyt sjølivet og nærleiken til sjøen. Ved planering av området vil ein og oppnå å legge til rette for at ein faktisk kan nytte nærleiken til sjøen frå denne delen av planområdet. Av erfaring har vi sett at der vi gjer inngrep – som invitera til ferdsel (lik camping, flytebrygger, opparbeiding av stiar, utsetting av bord/benkar osv.) bidreg sterkt til at folk som ikkje er på camping også nyttar dette området. Pga. nærleiken til strandsona er det her ikkje lov med andre tiltak enn å planere terrenget og tilrettelegging slik at ein kan nytte område til oppstillingsplassar for bubilar/campingvogner. Vidare vil det og være lov å setje opp strømsøyler og legge fram vatn til området. I nærleiken av BC2 ligg også eine luftvernstillinga til kystfortet, det er lagt inn omsynssone rundt denne, som sikrar at den har god plass og ikkje blir direkte råka av tiltaket. Luftvernstillinga vil bli lettare tilgjengeleg av tiltaket, då delar av området som inngår i BC2 per i dag er så overgrodd at ingen nyttar det til noko. Då det i hovudsak er overgrodd av einebuskar der.

8.3.4 SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE:

Tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova sine bestemningar skal godkjennast av hamnemynde Flora hamn KF før dei kan utførast/utbyggast.

I revidert planframlegg av 12.08.2020 vart det gjort endringar i arealføremålet for småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, dette på grunnlag av FM merknader til planframlegget som låg ute til høyring våren 2020.

Endringane består i hovudsak av å redusere avsett arealføremål.

BBS1 vart redusert frå 853 m² til 420 m² etter første høyring.

I dagens reviderte planframlegg av juni 2021, etter 2. høyring er arealføremålet BBS1 endra til VS – småbåthamn, og ein har sett av nok areal til føremålet som tek høgde for utriggarar, samt at det kan ligge to båtar i breidda på eine langsida og i enden av brygga. Det er også tatt høgde for at vær og vind vil kunne flytte/endre på flytebryggas plassering med inntil 1-2 meter i arealavgrønsinga.

BBS2 vart etter første høyring redusert frå 287 m² til 118 m².

BBS3 vart tatt ut av tidlegare planframlegg rett før det vart sendt ut på høyring, derfor var ikkje dette med då. Men etter første høyring er det som tidlegare heitte BBS4 i planframlegget som var på høyring våren 2020, oppdelt for å minske arealføremålet, De t som heitte BBS4 under første høyring er no oppdelt og finnast under namna BBS3, BBS4 og BBS5. Arealavgrønsingane til dei ulike områda inkludera areal til eksisterande flytebrygger og kaier. BBS3-5 er privateigde flytebrygger og kaier for dei frådeltte hyttene i område. Dei er tekne med i planframlegget for å vise dagens situasjon.

8.3.4.1 BBS2 – Flytebrygge

Flytebrygge (BBS2)

Dette området inneheld ei **eksisterande** flytebrygge med plass til inntil 6 båtar.

Desse vil bli kunne bli brukt i samband med utleige av feriehus, gjesteplassar eller for å lette tilkomst til/frå sjø ved sjøaktiviteter .

Permanent byggeløyve gitt 05.04.2018, arkivsak ID 17/1476, dokument ID: 18/4051 hjå Fjaler kommune (18).

Størrelse på brygga: 2,5 x 10 meter.

Størrelse landgang: 1,5 x 5 meter.

Det vil ikkje være tillate med molo eller utfylling i sjø innafor område.

I revidert planframlegg av 12.08.2020 er arealføremålet her redusert så langt ned ein kan for å kome FM imøtes, BBS2 er redusert frå 287 m² til 118 m² og frigjer soleis 169 m².

8.3.4.2 BBS3 - Flytebrygger og kaianlegg

Dette er eksisterande område, med flytebrygger og kaier som har fått permanent godkjenning frå kommunen tilhøyrande private hytteeigarar innafor planområde.

Området er i dag nytta som flytebrygger og kaianlegg for hyttefelt. Område er tatt med i planen, då noko av bakgrunnen for endringa er å få dagens kart til å stemme overeins med terrenget.

Det er ikkje tillate med molo eller utfylling i sjø innafor område.

Det tillatast ikkje tiltak på land utover landfeste for landgang.

I revidert planframlegg av 12.08.2020 er arealføremålet her redusert så langt ned ein kan for å kome FM i møtes. Areal avsett til området, dekkar eksisterande tiltak.

8.3.4.3 BBS4 - Flytebrygger og kaianlegg

Dette er eksisterande område, med flytebrygger og kaier som har fått permanent

17.02.2020

godkjenning frå kommunen tilhøyrande private hytteeigarar innafør planområde. Området er i dag nytta som flytebrygger og kaianlegg for hyttefelt. Område er tatt med i planen, då noko av bakgrunnen for endringa er å få dagens kart til å stemme overeins med terrenget.

Det er ikkje tillate med molo eller utfylling i sjø innafør område.

Det tillatast ikkje tiltak på land utover landfeste for landgang.

I revidert planframlegg av 12.08.2020 er arealføremålet her redusert så langt ned ein kan for å kome FM i møtes. Areal avsett til området, dekkar eksisterande tiltak.

8.3.4.4 BBS5 - Flytebrygger og kaianlegg

Dette er eksisterande område, med flytebrygger og kaier som har fått permanent godkjenning frå kommunen, tilhøyrande private hytteeigarar innafør planområde. Området er i dag nytta som flytebrygger og kaianlegg for hyttefelt. Område er tatt med i planen, då noko av bakgrunnen for endringa er å få dagens kart til å stemme overeins med terrenget.

Det er ikkje tillate med molo eller utfylling i sjø innafør område.

8.3.5 LEIKEPLOSS

8.3.5.1 BLK – Leikeplass:

Det er lagt inn område for leikeplass ved B2, som skal være ein felles leikeplass for bustadfelt B1 og B2. I utkast til ny arealdel av kommuneplanen er det sett krav til at det ved utarbeiding av reguleringsplan skal setjast av minimum 25m² til leikeplass pr. bueining.

Vi har sett av eit område på 714 m², noko som er godt over kravet. Då bustadfelt B1 og B2 i planen til saman krev eit areal på 275 m².

Leikeplassen er eigna for opphald, den har god tilkomst frå husvære, med veg heilt bort til den. Den ligg skjerna frå støy og forureining og har gode sol- og lysforhold.

8.3.6 UTHUS / NAUST / BADEHUS

8.3.6.1 BUN2 - Naust

Området ligg sør på planområdet og inneheld eit eksisterande naust på eksisterande nausttomt. Tatt med i planforslaget for å få kartet til å stemme overeins med dagens terreng. Tomta er utbygd.

Nye tiltak skal byggast i samsvar med tryggleiksklasse F1 i teknisk forskrift.

Grad av utnytting: Maks BRA 40m².

Mønehøgd: Maks 5 meter.

Gesimshøgd: Maks 3 meter.

8.3.7 NÆRING OG TENESTEYTING

8.3.7.1 BKB2 - Lager / Kontor / Leilegheit / bueining

Areal brukt til næring i dag. Bygget vert i dag nytta som næringsbygg der ein har lager for bygningsfirmadelen. I 2. etasje er det no kome leilegheiter. Det er i samsvar med å gjere bygningen mest mogleg autentisk lik slik den var bygd under 2. verdskrig. Det vil og være mogleg å ha kontor i 2. etasje.

Byggeløyve til å setje opp 2. etasje vart gitt 28.02.2017, arkivsaks ID: 16/813 og dokument ID: 17/578, hjå Fjaler kommune (20).

Grad av utnytting: Maks BYA =70%

Mønehøgd: Maks 9 meter.

Gesimshøgd: Maks 8 meter.

8.4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12 - 5, NR. 2)**8.4.1 KØYREVEG O_SV1**

Kommunal veg.

Dette er eksisterande kommunale vegar på planområdet per i dag.

8.4.2 VEG – FELLES, FSV

vegar skal følgje terrenget i størst mogleg grad slik at unødige terrenginngrep blir unngått.

Minimum vegbreidde: 3,5 meter.

Maks vegbreidde: 4,5 meter.

Vegen er regulert av jordskifte frå 1971.

I tillegg er det regulert inn veg mot BFR6. På denne vegen ser vi så for oss avkøyrslar til BFR6. Vegane blir mellom 3,5 – 4,5 meter breie og følg mest mogleg terrenget for å hindre unødige terrenginngrep. Vegen sluttar i ein vendehammar, dimensjonert slik at det er mogleg for ein stor lastebil å snu.

Strekning frå BFR2_1 til BFR6 prosjektert, sett ut i terrenget etter synfaring slik den mest truleg vil bli bygd. Her er senterlinja lagt naturleg i terrenget for å få ei god tilpassing til terrenget.

8.4.3 ANNAN VEGGRUNN – GRØNTAREAL, SVG

Arealet for vegskulder, grøfter, etablering av frisktlinjer, sikring (autovern/gjerde), handtering av overvatn, hindre erosjon, mur og plastring.

Legging av VA, el og tele i vegar og annan veggrunn kan gjerast utan søknad etter PBL, men det må vere etter avtale med grunneigar.

8.4.4 PARKERING**Dagens situasjon:**

Figur 8-2: Syner dagens parkeringsplass som ligg der SPA1 er planlagt. Bilete tatt 16.06.2018.

Bilete av parkeringsplassen syner dagens situasjon når det gjeld parkeringsplass. Parkeringsplassen ligg ved campingplassen, og er planlagt utbygd til SPA1. som ein ser av biletet er parkeringsplassen full, slik er det stort sett kvar dag i høysesongen (mars - september), slik at folk lyt parkere på snuplassen ved lager bygningen og andre stader.

Tabellen under viser dagens parkeringsplassar fordelt på tiltak/område:

(parkering på bystadfelt og fritidsbusutader er ikkje tatt med, då dei har parekring på eiga tomt)

SPA1 – dagens parkeringsplass camping	7 plassar
BKB2	3 plassar

Behov:

Per i dag er ein langt unna å dekke dagens parkeringsbehov, og ved ei eventuell utbygging etter planframlegget vi ein trenge enno fleire parkeringsplassar. Planstilar har

17.02.2020

fleire gonger søkt om å få utvide dagens parkeringsplassar og etablere nye, men har fått avslag av kommunen pga. at det må vente til reguleringsplanen er vedtatt.

Bakgrunnen for parkeringsbehovet er samansett av fleire faktorar;

Kystfortet utløyser behov for parkeringsplassar for personbilar som kjem på dagsbesøk.

Campingplassen utløyser behov for fleire parkeringsplassar for personbilar – for dei som kjem med campingvogner eller med telt. Det er no regulert inn rundt 40 plassar for campingeingingar totalt. Det er både dei som har heilårs plass og dei plassane som går på rein døgnoppstilling.

Utleiehytter/leilegheiter – utløyser behov for fleire parkeringsplassar for personbilar, enn det ein har på område i dag.

Andre besøkande, ved å marknadsføre område som ein egna plass for friluftsliv, rekreasjon, camping osv. ser vi at det stadig er for lite plass på dagens parkeringsplassar. Og at det derfor stadig er folk som parkera langs vegen, og andre plassar.

Samla sett ser vi behov for å minimum kunne tilby rundt 70 parkeringsplassar. Vi har fordelt dette på 4 ulike område, ut frå behovet og arealet ein har tilgjengeleg.

Behovet ein har for plassar knytt til campingvogner og teltarar vert dekkja inn av parkeringsplassen som ligg ved campingplassen – SPA2, denne vil etter ei utviding ha plass for 22 parkeringsplassar.

Besøkande til kystfortet, andre dagsbesøkande til området vil dekkast inn ved etablering av SPA3 tvers over vegen for BKB. Der vil det kome 42 parkeringsplassar.

SPA1 vil dekke inn behovet for parkeringsplassar tilknytt leiligeheit/kontor ved BKB, med 5 parkeringsplassar.

SPA2 vil dekke behovet både til gjestar ved utleiehytter, men og til besøkande som har med kajakkar og anna utstyr som gjer at dei treng nærleiken til sjøen. Då det er upraktisk for dei å parkere lenger inne på planområdet for å bære alt utstyr ned for å drive med aktivitet i, på og ved sjøen. Vi ser at per i dag parkera folk langs vegen der nede, for nettopp dette. Og vi ynskjer å legge til rette slik at vi har ei betre løysing for desse gjestane.

Område	Dagens parkeringsplassar	Behov ved dagens situasjon	Behov ved utbygging av tiltak
Campingplass, SPA1	7	15-20	20-25
BKB2 nyttar SPA2	3	6	6 – 8
Gjestar som kjem til ormdet pga. kystfortet, friluftsliv m.m.	0	20-30	30-45
Gjestar som kjem til området for friluftsliv i, ved og på sjøen	0	10	10
Summering	10	51-66	66-88

Område avsett til parkeringsplass: SPA1 - 4

Dette er område regulert til parkeringsplassar i ny reguleringsplan.


Det er tillat å plassere bossdunkar for henting/tømming innanfor områda.

Parkeringsplass SPA1

Denne vil i hovudsak bli nytta for gjestar til campingplassen . det vil verte plass til 22 parkeringsplassar her. Dette skal dekke inn behovet for våre gjestar ved BC1 og BC2. Per i dag opplever vi ofte i løpet av høgsesongen at vi ikkje har nok parkeringsplassar til

17.02.2020

besøkande , noko som er uheldig.



Figur 8-3: syner skisse over SPA1 slik den er tenkt utforma.

Parkeringsplass SPA2

Plassert der den asfalterte kommunevegen enda. Her vil det bli etablert p-plassar knytt til leilegheiter/kontor BKB2. På SPA2 vil det bli 5 parkeringsplassar.



Figur 8-4: Illustrasjon som syner SPA1 til venstre og SPA2 inntil BKB, samt SPA3 nede til høgre.

Parkeringsplass SPA3

Plassert tvers over vegen for BKB2. parkeringsplass avsett for kystfortets og området dagsbesøkande, reserveplass for gjestar ved utleigehyttene. Antall parkeringsplassar innfor SPA3: 42 stk.

Parkeringsplass - SPA4

SPA4 vil innehalde 10 parkeringsplassar. 2 av desse vil være forbeholdt våre overnattingsgjestar. Resterande vil være tilgjengelige for dagsbesøkande på området, som kjem for å nytte strandsona og drive med aktivitetar i strandsona eller i sjøen. Vi ser eit aukande behov for akkurat dette. Mange gonger er området rundt der vi har lagt inn SPA2 nedparkert av bilar langs vegen og i vegen, noko som er svært uheldig for området og for framkommeligheita.



Figur 8-5: Illustrasjon som syner SPA2.

8.4.5 KAI f_SK1:

Felles kaianlegg for gards nr. 272 bruk nr. 2 og 3.

8.5 LANDBRUKS- NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (PBL §12-5, NR. 5)

8.5.1 LNFR AREAL FOR NØDVENDIGE TILTAK FOR LANDBRUK OG REINDRIFT OG GARDSTILKNYTT NÆRINGSVERKSEMD BASERT PÅ GARDENS RESSURSGRUNNLAG

8.5.1.1 L3 og L4

Område for LNRF.

L3 er eit stort grøntområde som strekk seg over store delar av planområde. Her ynskjer ein å skape eit område for fritidsaktivitetar basert på naturen slik den er. Målet er å skape eit attraktivt område som kan gi grunnlag for næringsbasert verksemd og gjere området betre tilgjengeleg for gjestar, turistar og folk generelt. Aktiviteten på området vil i størst mogleg grad basere seg på at det ikkje blir gjort varige inngrep i naturen. Aktuelle aktivitetar kan være Paintball og Frisbee golf. Område L4 vil fungere som ei naturleg av skjerming mellom B2 og eksisterande bustader vest for B2.

Innanfor områda L3 og L4 vil det kunne setjast opp benkar og bli tilrettelagt med turstiar utover dei som finnast i dag. etablering av turstiar kan kun gjerast ved å rydde kratt og skog, samt trakke opp sti manuelt. Det vil ikkje være tillate med maskinell tillaging av turstiar. Turstiar skal ikkje ha ei utforma breidde på over 1 meter.

8.5.1.2 LNA5 - Friluftsområde i LNRF.

Tilrettelegging av turstiar/turvegar vil ikkje være tillate innafør område. Det vil heller ikkje være tillate med andre inngrep innafør område.

8.5.2 FRILUFTSFORMÅL AV LNFR

8.5.2.1 L1 og L2

L1: Grøntområde nordvest på planområdet som fungerer som ein skjerm mellom strandsona og hyttefelt BFR1 og campingplass BC1. i dette området ynskjer ein ikkje organisert aktivitet, men området vil vere tilgjengeleg og tilrettelagt for allmenta og det vil kunne bli oppretta stiar der dette er hensiktsmessig.

L2: Dette området ligg mellom campingplass BC1 og bustadområde B1. området eignar seg for leik og mindre aktivitet.

Innafor områda L1 og L2 vil det kunne setjast opp benkar og bli tilrettelagt med turstiar utover dei som finnast i dag. etablering av turstiar kan kun gjerast ved å rydde kratt og skog, samt trakke opp sti manuelt. Det vil ikkje være tillate med maskinell tillaging av turstiar. Turstiar skal ikkje ha ei utforma breidde på over 1 meter.

8.6 FRILUFTSOMRÅDE I SJØ OG VASSDRAG

8.6.1 VS - Småbåthamn:

I utgangspunktet ser vi for oss ei flytebrygge på ca. 2,5 x 21 meter, med utriggarar på den eine sida, det leggast til rette for landgang frå brygga. Areal sett av til føremålet inkluderer flytebrygga, utriggarar, og at det skal være mogleg å legge 2 båtar i breidda på den eine sida samt på enden av flytebrygga.

Småbåthamna skal ha plass til 6-8 mindre båtar og 6 større båtar.

Den skal i hovudsak dekke inn behovet for ei trygg hamn for våre egne båtar i dårleg vær – då dei ikkje kan ligge ved BBS2 i all slags vær, samt at den skal dekke behovet for båtplassar for dei 10 nye hyttetomtene på BFR6.

Tiltaket vil kunne innebære at besøkande kan kome seg i land på vestre side av

17.02.2020


Lammetun. Tilkomst til område vil vere i form av naturleg trakka sti, med mindre tilpassingar, men utan terrenginngrep. Stien til det aktuelle området er der frå før. Det vil ikkje være tillate med molo eller utfylling i sjø innafor område.

I same område vart det i 2017, 2018 og 2019 gitt løyve til utlegging av midlertidig flytebrygge, sjå arkivsak ID hjå Fjaler kommune: 17/263 for 2017 (15) og 18/419 for 2018 (16).

Seinast våren 2019 vart det gitt løyve til mellombels dispensasjon for utlegging av flytebrygge i dette området. Sjå arkivsak ID 18/1725 (17).

I revidert planframlegg av 12.08.2020 er arealføremålet her redusert så langt ned ein kan for å kome FM i møtes, BBS1 er redusert frå 853² m til 420 m² og frigjer soleis 433 m².

No er arealet auka opp til 714 m². dette fordi statsforvaltaren ikkje ynskjer nytt tiltak innafor BBS5. Behovet for desse ekstra plassane må sjåast i samanheng med utviding av hyttefelt BFR6. Der det vert lagt til rette for 10 nye fritidsbustader. Med ei slik geografisk plassering som vi har her vil kjøp av fritidsbustader utløyse ynskje/krav om båt plass. For å dekke inn behovet for båt plassar som utviding av BFR6 vil utløyse i reguleringsplanen og for å unngå eit eventuelt skred av dispensasjonssøknader om flytebrygger, eller for å unngå eventuelt 10 båt feste i strandsona (som vil verke privatiserande) har vi lagt inn 10 ekstra båt plassar her på VS.



8.6.2 VFV1 og VFV2

Desse områda vil bli brukt slik som i dag – med normal aktivitet i skjergarden som til dømes ferdsel med båt, kajakk og kano.


Her er det ikkje planlagt nye tiltak eller tenkt noko spesiell aktivitet anna enn at det er ope for allmenta.

8.7 OMSYNSSONER

8.7.1 SIKRINGSSONE H140 – FRISIKT

Følgjande gjeld for fri sikt sonene: det skal være fri sikt ned til ei høgde på 0,5 meter over nivået til dei til støytande vegane.

8.7.2 STØYSONER H200



Figur 8-7: syner støysonekart som ligg føre for Lutelandet vindpark per d.d. innlagt på eigedommen. Markert med skravert område. Det største arealet er støysone H220 og det minste området (liten boge nedst i kartet) syner H210.

8.7.2.1 STØYSONE H210

Støysone H210 omfattar raud støysone i samband med den planlagde vindparken på Lutelandet. Arealet i støysona ligg i sjø – sør på planområde.

I raud sone er det ikkje tillat med bebyggelse med støyfølsamt bruksføremål.

Planen medfører ikkje tiltak innafør støysona.

8.7.2.2 STØYSONE H220

Støysone H220 omfattar gul støysone i samband med den planlagde vindparken på Lutelandet.


I gul sone kan bebyggelse med støyfølsamt bruksføremål oppførast dersom avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold.

Planen medfører ikkje tiltak innafør støysona.

8.7.3 FARESONE RAS- OG SKREDFARE H310

Faresone H310 omfattar ras- og skredfare som ligg innanfor planområde. Området ligg delvis inne på område L4. L4 har arealføremål friluftsføremål av LNRF. Det skal ikkje byggast innanfor område og planen opnar heller ikkje for utbygging i dette området. Planen medfører ikkje auka risiko eller påkjenningar for dette tema, då det innanfor faresona ikkje er planlagt aktivitet eller tiltak i noko form.

17.02.2020

8.7.4 FARESONE HØGSPENNINGSANLEGG H370


Figur 8-8: Utklipp fra plankartet som viser høgspenningslinje som går gjennom L4. Samt at det viser faresone H310 – ras- og skredfare til høyre i utklippet.

Faresone som ligg innanfor område L4, og i nærleiken av B2, som syner kvar på planområde høgspenningslinja går. Faresona er lagt med 7,5 meter klaring til kvar side frå midtlinje av høgspenningslinje.

Dersom høgspenningslinja leggest i kabelgrøft vil omsynssona gå ned til å gjelde 1 meter til kvar side av kabelen, for å sikre tilgang dersom kabelen må gravast opp for feilretting. Det vil ikkje være tillat å bygge over jordkabel.

Tiltak innanfor faresona skal gjerast i samråd med linjeeigar.


Planen medfører ikkje tiltak som vil krysse eller komme for nær linja.

8.7.5 BEVARING NATURMILJØ**8.7.5.1 H560_1 – Bevaring naturmiljø**

Figur 8-9: Utklipp fra plankart som syner omsynssone H560_1 ved Ramsøyna

Omsynssone H560 inneheld blautbotnsområde i sjø i nærleiken av Ramsøyna. områder i sjøen ved Ramsøyna er registrert som eit middels stort blautbotnsområde i strandsona, verdi set til middels viktig av miljødirektoratet. Viser til naturbase ID for Ramsøyna: BM00114940 (9).

Vi har lagt inn omsynssone i det aktuelle området (H560), for å sikre at det blir ivaretatt. Det vil ikkje være tillate med inngrep som oppmudring, hindring av vassgjennomstrøyinga ved bygging av moloar og fylling av grunnvassområda innanfor omsynssona då det vil endre produktiviteten i område. Det er heller ikkje planlagt andre tiltak innanfor eller i nærleiken av omsynssona.

8.7.5.2 H560_2 – Bevaring naturmiljø

Figur 8-10: Utklipp frå Plankartet. Syner omsynssone H560_2 i Neset.

H560_2 dekkar eit større område i Neset, dette området er markert som viktig av miljødirektoratet, dette fordi det har vore funn av sjeldsynte og kravfulle landskapsartar i område.

Viser til naturbase for Lammetun ID: BN00068445 hjå Miljødirektoratet (8):


B (viktig) på grunn av funn av eit par sjeldsynte og kravfulle kulturlandskapsartar. Skal verdien ikkje reduserast, må gjengroing må hindrast.

Lokaliteten omfattar dei gamle militæranlegga lengst vest på Lammetun . Her ligg det gamle bunkerar og stillingar frå 2. verdskrig. Vegetasjonen omfattar grasmark, med grunna opphøyr av beite veks det no gradvis igjen med busker og lauvkratt. Sidan det er brukt noko kalk i mørtelen til anlegga , har desse grunnlag for ein noko meir kalkkrevjande flora. Det er gjort funn av regionalt sjeldne artar som marinøkkel og bakkesøte på lokaliteten . Andre artar som vart registrerte er fjellmarikåpe , flekkmarihand , geitsvingel , katefot , smalkjempe og småengkall (Gaarder 11.04. 2003). Lokaliteten er elles skildra i rapporten "Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Fjaler kommune" (Rudsengen et al 1991).

Tradisjonell bruk som slått og beite kan gjere til at landskapet held seg ope og bevarar kulturlandskapsplantane . Dersom det ikkje kjem i gang skjøtseltiltak vil området gradvis miste verdi. det bør ikkje gjødselast på lokaliteten.

Dersom verdien av området ikkje skal reduserast må gjengroast hindrast, på grunn av sjeldne og kravfulle kulturlandskapsartar som krev gode solforhold og vekstvilkår i form av ope landskap.

På Lammetun er der enno spor av plantene: «Bakkesøte», fjellmarikåpe, flekkmarihand, geitsvingel, katefot, smalkjempe og småengkall, men det har ikkje vore observert «Marinøkkel» siste åra.

8.7.6 BEVARING KULTURMILJØ H570**8.7.6.1 H570**

Figur 8-11: Utklipp frå plankart som syner omsynssone H570.

Eigedommen har ingen automatisk freda kulturminne og i fylgje Geo.no er det ingen verneverdige bygningar på eigedommen. Låven som ligg i B1 er merka av som Sefrakbygning.

17.02.2020

Områda H570 inneheld bygningar frå 2. verdskrig, Lammetun kystfort og er lagt inn for å bevare desse områda slik at dei for framtida kan være den kulturattraksjonen dei er i dag.

tiltak innanfor områda bør være mest mogleg autentisk likt frå 2. verdskrig.



Figur 8-12:
drone
bilete tatt
av kanon-
stillingar
og bunkers
som ligg
innafor
H570

Det er viktig for planstilar å gjere kystfortet meir attraktivt for besøkande. Vi ynskjer at det skal verte ein større turistattraksjon i Hafs-området enn det er i dag. Kystfortet vil vere ein stor ressurs på eigedommen dersom ein får vidareutvikle området.

Vi er no inne i ein prosess der vi held på å få tak i mykje dokumentasjon som gjeld spesifikt for kystfortet på Lammetun etter 2. verdskrig, vi har og fått tak i nokon av teikningane av bunkersane. Arbeidet med å få samla inn mest mogleg av den dokumentasjonen som finnast er av høg prioritet for oss.

Grunneigar ynskjer å stengje den store fjellhallen slik at ein kan ha kontroll på denne delen av fortet, her er store kulturverdiar som må ivaretakast. Ein vil freiste å søkje om midlar til å rekonstruere/restaurere dørene i hallen slik at den kan stengast av, og på same tid ha dører som er autentiske med dei som er/har vore. Ein vil også ordne treverk, drenering inne i hallen, få vekk rotne plankar og kle opp att tak som har falle ned. Ein vil prøve å få råd av andre som har restaurert i forhold til kva lampar, støpsel og leidningar ein kan bruke for å sikre seg eit mest mogleg autentisk uttrykk.

Ved å stengje fjellhallen kan ein på same tid henge opp bilete og stille ut utsyr frå krigen som har stor affeksjonsverdi. Dette er utstyr som ein i dag ikkje torer ha utstilt i frykt for at det skal verte borte/øydelt.

Eit anna moment med å stenge av delar av fortet er at ein kan guide grupper med turistar. På den måten kan ein ta noko betalt og slik halde fram med vedlikehald og rehabilitering av anlegget. Dette er eit kontinuerleg arbeid og ein har fleire planar for kva ein kan gjere for område.

Etter synfaring med Knut Åland frå Fylkeskulturkontoret planla vi korleis ein kan stengje av kommandobunkersene og tunellen for å skaffe seg kontroll over område.

17.02.2020

På denne måten kan ein klare å ivareta kulturverdien av denne delen av kystfortet og det vi har av utstyr. Blant anna er det inn teikna og handmåla av tyskarane under krigen på veggen over «utkikkslugge» i kommandotårnet alle øyane rundt Lammetun med riktig avstand m.m. desse er «lette» å pirke vekk, så det ynskjer ein å ha kontroll på.



Figur 8-13 (over): Biletet syner teikningar måla av tyskarane på veggen i kommandobunkersens. Dei er måla inn med posisjon og avstand, til hjelp for å sjå posisjonen til fartøya på fjorden.



Figur 8-14 over: Bilete av kommandobunkersens på Lammetun på omsynsområde H570_2. Denne ligg på ei høgd med utsyn over Vilnes - og Bue fjorden i sør - vest - nord. Bilete er tatt 30.05.2018.

9 KONSEKVENSA FOR PLANFORSLAGET INKLUDERT KONSEKVENSGREIING

9.1 KONSEKVENSGREIING

Formålet med konsekvensutgreiinga er å klargjere verknader av reguleringsplanen som kan ha vesentleg konsekvensar for naturressursar, miljø og samfunn.

Utgreiingane som følger nedanfor er utforma i tråd med det vedtekne planprogrammet, datert 08.02.2016.

Dei er gjort med bakgrunn «i forskrift om konsekvensutgreiingar av 26.06.2009» (5) sist endra 15.03.2013».

Konsekvensutgreiinga baserer seg på Statens vegvesen si handbok V712 datert 2014 (21), sjå kapittel 6 om ikkje-prissette konsekvensar.

Forhold som ligg til grunn for at tema ikkje prisetjast er:

1. Verdien er knytt til godar som en ønskjer å bevare for framtida, og som det per i dag er vanskeleg eller umogleg å verdsette i kroner og øre.
2. Verdien er knytt til ressursar som kan bli verdifulle for samfunnet i framtida, og som det dermed er svært vanskeleg å måle verdien av i kroner og øre i dag.

17.02.2020

9.1.1 TEMA SOM INNGÅR I KONSEKVENSVURDERINGA:

Strandsone
Kulturminne
Naturområde

9.1.2 METODE

Konsekvensutgreiinga er delt inn i tre trinn.

TRINN 1

Registrering og vurdering av verdi.

Med verdi meinast ei vurdering av kor verdifullt et område eller miljø er.

I verdivurderingane er det verdiane i samanlikningsåret i alternativ 0 som leggjast til grunn.

Verdien vert angitt i tabell med skalaen: liten - middels - stor.



Figur 9-1: Skala for vurdering av verdi. Skalaen er glidande og pila flyttast oppover eller nedover for å nansere verdivurderinga.

TRINN 2

Tiltakets verknad/omfang.

Med verknad/omfang meinast ei vurdering av korleis og i kva grad eit område påverkast. verknads vurderingane er et uttrykk for kor stor negativ eller positiv verknad det aktuelle tiltaket (alternativet) har for eit delområde.

Verknaden/Omfanget vurderast i forhold til referansesituasjonen (nullalternativet).


Omfanget skal vurderast for dei same miljøa eller områda som er verdivurdert.

Vurderingane bygger på kunnskap om verdiane i delområde, kunnskap om tiltakets fysiske utforming og kunnskap om korleis tiltaket påverkar verdiane i delområde.

Vurderingane skal beskrivast og grunngjevast i kvart enkelt tilfelle.

vurderingane for verknad/omfang angiast på en glidande skala frå stort negativt til stort positivt omfang. vurderingane skal vises på en figur der omfanget markerast med ei pil på ein linjal, sjå Figur 9-2. Det kan være behov for å nansere vurderingane ytterlegare.

Dette kan gjerast ved at pila flyttast til høgre eller venstre innan ein kategori. Linjalen er samanfallande med y-aksen i konsekvensvifta i Figur 9-3.



Figur 9-2 syner skalaen for vurdering av omfang. Skalaen er glidande og pila flyttast oppover eller nedover for å nansere verdivurderinga. Pila illustrerer grada av påverknad på delområdet.

TRINN 3

Tiltakets konsekvens.

Med konsekvens meinast dei fordelar og ulemper eit definert tiltak vil medføre i forhold til alternativ 0. Konsekvensgraden for eit alternativ kjem fram ved å saman stille verdi og omfang. Dette gjerast etter konsekvensvifta i Figur 9-3.

Konsekvensvurderingane angis på en ni-delt skala fra meget stor negativ til meget stor positiv konsekvens.

Eventuelle avbøtande tiltak som vil ha betydning for val av alternativ, skal beskrivast,


17.02.2020

men ikkje inngå i konsekvensvurderinga.

konsekvens for eit delområde

Konsekvensvifta skal nyttast for å saman stille verdien i et område med omfanget av det alternative tiltaket. Verdi-linjalen (Figur 9-1) utgjer x-aksen i vifta, og omfang-linjalen (Figur 9-2) utgjer y-aksen.

Konsekvensvifta er vist i Figur 9-3. Som det går fram av figuren, angis konsekvensen på en ni-delt skala fra meget stor positiv konsekvens (+ + + +) til meget stor negativ konsekvens (– – – –). Det er berre inngrep i delområde med stor verdi som kan få meget stor negativ konsekvens.



Figur 9-3. Konsekvensvifte – kor en finn konsekvensgrad ved samanstilling av verdi og omfang.

Samanstilling av konsekvensar for kvart alternativ

Etter at konsekvensen for kvart delområde er utgreia, skal det gjerast ei samla konsekvensvurdering av kvart alternativ.

Det gjerast ved at konsekvensen for alle område som blir påverka av eit alternativ, samanstillast.

Den samla vurderinga skal angjevast i en tabell. I denne skal alle delområda inngå.

Konsekvensen for kvart alternativ setjast inn i tabellen. Delområde som ikkje påverka av eit alternativ skal synleggjerast, med kryss, tekst eller farge.

9.1.3 KU TRINN 1: REGISTRERING OG VURDERING AV VERDI

9.1.3.1 Verdivurdering av Strandsona:

Strandsona på Lammetun skil seg ikkje ut frå resten av lokalområdet, og den har vanlege og gode visuelle kvalitetar lik andre område i Fjaler kommune.

Strandsona på eigedommen består i hovudsak av middels til bratt skrånande svaberg samt ei fjære som er alt for dårleg til at den kan brukast som badeplass .

det er eitt mindre område av strandsona som vert berørt av tiltaka i planen. Tiltaket som er innafor strandsona er utviding av campingplass, dette er likevel langt frå den aktuelle fjæra.

Landskapet ovanfor strandsona består av berg, fjell, krattvegetasjon og lyng. Frå naboområder er det krattvegetasjonen som dannar horisontlinja.

17.02.2020

Verdi: Middels

Figur 9-4: Skala for vurdering av verdi strandsone.

9.1.3.2 Verdivurdering av kulturminne:

Eigedommen har eit kystfort frå 2.verdskrig. Kystfortet er godt ivaretatt og vert heldt ved like av grunneigar.

Kystfortet har uvanlege visuelle kvalitetar for området det ligg i. I Noreg har vi fleire kystfort men dei er alle å rekne som unike i nasjonal samanheng, og det er viktig å ivareta dei på ein god måte.

Derfor er det lagt inn ei stor omsynssone som omfattar heile fortet på eigedommen slik at ingen tiltak i planen skal bygge ned området det ligg i.

Innanfor planområde har ein prøvd å forklare korleis ein ser føre seg framtidig bruk og grenser for det verna område. Ein ynskjer å utvikle fortet og bruken av det, på same tid som ein rustar det opp.

Tiltaka har liten konsekvens for kystfortet, gjennom planen vert òg kystfortet tatt vare på og ein ynskjer å gjere det meir attraktivt for besøkande.

Verdi: Stor

Figur 9-5: Skala for vurdering av verdi kulturminne.

9.1.3.3 Verdivurdering av naturområde:

Naturområda har eit rikt dyreliv, lik resten av lokalområdet.

Det er viktig å halde naturområde mest mogleg fri for inngrep av ein slik art at ein øydelegg dyrelivet. Det er viktig å ta vare på naturområde slik at ein ikkje øydelegg miljøet til dyra. Ein har teke omsyn til dette i planforslaget.

Det er lagt inn omsynssoner der det er aktuelt for å ivareta naturområda best mogleg. Det er ikkje planlagt aktivitet eller tiltak innafør desse områda, utover å vedlikehalde bla.a. stiar som finnast der frå før.

Området på Neset er eit viktig naturvernområde , på grunn av funn av eit par sjeldsynte og kravfulle kulturlandskapsartar . Det er gjort funn av nasjonalt sjeldne artar som marinøkkel og bakkesøte på lokaliteten. Sjå naturbase Id: BN00068445 hjå miljødirektoratet. Av rapporten går det fram at:

«Tradisjonell bruk som slått og beite kan gjere til at landskapet held seg ope og bevarer kulturlandskapsplantane. Dersom det ikkje kjem i gang skjøtseltiltak vil området gradvis miste verdi. Det bør ikkje gjødsle på lokaliteten». Om ein ikkje nyttar området og held det ved like ved hjelp av slått/rydding av skog så vil desse artane verte borte.

Det som er viktig for at desse sjeldne kulturlandskapsartane skal trivast og forsette med å være her er at vegetasjonen blir halde ned slik at dei får nok sollys, samt at det anbefalast å ikkje gjødsle jorda der dei er.


Ein effekt av at folk nyttar området som tur område er at vegetasjon held seg meir nede, i tillegg til at ein lyt drive med utsiktsrydding for å halde vegetasjon nede – noko planstilar kontinuerleg jobbar med. Både for desse artane sin del men og for at område ikkje skal verte gjengrodd.

Ramsøyna som ligg like utanfor planområdet er registrert som område av naturverninteresser , prioritet 3. Sjå temakart A kommuneplan Fjaler. Område i sjø ved Ramsøyna er registrert av miljødirektoratet som lokalt viktig, på grunn av at det er registrert blautbotnsområder i sjøen der. Dette område er bandlagt med omsynssone for å ta vare på botnen slik at den ikkje vert øydelagt, det er ikkje planlagt aktivitet, bygging eller fylling innanfor området.

Arealet i sjøen langs strandsona på sørsida av Lammetun er registrert som område av friluftsiinteresse , prioritet 1. Sjå temakart A kommuneplan for Fjaler.

Som tidlegare presisert vil ein ikkje kome til å øydelegge naturområdet , men har funne løysingar som i varetek område og det dyrelivet ein har der. Ein har og lagt inn omsynssoner der det er hensiktsmessig for å best mogleg ivareta områda. Naturområdet på planområdet har overordna sett kvalitetar som er typiske for lokalområdet, men med innspel av del områder som er spesielle og skil seg ut frå lokalområdet. Gir middels til stor verdi.

Verdi naturområde: Middels til Stor



Figur 9-6: Skala for vurdering av verdi naturområde.

9.1.4 KU TRINN 2: TILTAKETS VERKNAD /OMFANG

Omfangsvurderingane er eit uttrykk for tiltakets påverknader på det enkelte delområde. Påverknadane kan være positive eller negative og vurderast i forhold til nullalternativet. Omfanget skal vurderast på ein glidande skala som går frå stort negativt til stort positivt omfang.

9.1.4.1 Verknad / omfang strandsoner:

0 – alternativet:

Strandsona på planområdet er per i dag utbygd med forskjellige tiltak:

ei sjøbu – som er nytta til utleige, det er og etablert parkeringsplass for to bilar i nærleiken av denne, samt at det ligg ei flytebrygge med landgang i tilknytting til denne sjøbua (BBS2). Det ligg og ei sjøbu til i same område, heilt inntil planområdet. Delar av eksisterande campingplass, ligg innanfor 100-meters beltet. Det same gjer nokre av tomtene sett av til fritidsbustad samt ein utbygd fritidsbustad innanfor BFR1 (Dette feltet er ei vidareføring av hyttefelt frå reguleringsplan for Lammetun av 2002), fritidsbustadane innanfor BFR5, BFR4 og BFR3 (BFR3-5 er utbygde fritidsbustader), naust på BUN2, samt flytebryggene VS, BBS2, BBS3, BBS4 og BBS5. Stiar: På heile planområdet er det per i dag etablert mange stiar. Til dei tiltaka det ikkje er planlagt å bygge veg, skal det heller ikkje lagast turveggar eller turstiar – dette fordi dei allereie finnast på området.

Av tiltaka som er planlagde på planområdet er desse innanfor strandsona:

2) VS

3) Delar av BFR6 (1 tomt innafor BFR6_3 og ei tomt innafor BFR6_4)

5) Utviding av campingplass (BC2)

Samtlege tiltak er meint for å skape større ferdsel på området og for å leggje det til rette for ålmenta.


1) **VS – Småbåthamn:**

Flytebrygge med landgang tiltenkt gjestar på området òg 10 båt plassar til dei nye

17.02.2020

tomtene sett av til fritidsbustad innafor BFR6. Denne småbåthamna gjer det mogleg for dei som kjem sjøvegen for å besøke område å legge til her. I 2019 fekk planstilar mellombels løyve til å legge ut flytebyggje i dette området (17), og den vart fort populær, her legg folk til for å besøke området, gjestar som skal bu i hytter som kjem sjøvegen. Tiltaket eksisterer per dags dato, samstundes er dette berre eit mellombels løyve gitt av kommunen. Flytebyggja ligg ikkje langt frå BBS2 som er ei anna flytebyggje, som ligg ved felles kai til bruka på Lammetun, samt ei flytebyggje som ligg nær BBS2 som er til bruk for naboeigedommane. Tilkomsten til VS er eksisterande stiar som ligg på området, tilkomsten vil ikkje bli endra.

Sidan tiltaket er der per i dag, som er 0-alternativet, og sidan tiltaket fell saman med andre tiltak av same type innanfor området vil tiltaket ha ingen verknad på strandsona om tiltaket vert permanent.



Figur 9-7: Verknad/omfang av VS på strandsona.

2)

BFR6 – herunder 1 av tomtene på BFR6_3 og ei av tomtene på BFR6_4:

BFR6_3 og BFR6_4 er delar av hyttfelt 6 BFR6 inneheld totalt 10 nye tomter for fritidsbustader, 2 av desse tomtene ligg noko innafor 100-meters beltet – ei finn ein på BFR6_3 og ei på BFR6_4. Næraste punkt til sjø ligg ca. 80 meter frå sjøen. Så det er nesten heilt ute av strandsona.

I området rundt ligg det fleire hytter, rett i nærleiken finn ein både BFR2, BFR3, BFR4, BFR5 og BFR6_2 som allereie er utbygde felt (utanom BFR6_2 som er delvis utbygd med ei utbygd tomt og ei ny tomt).


BFR3, BFR4 og BFR5 ligg innafor 100 meters beltet – nærare sjøen enn dette feltet. Vegen vil bli utbygd saman med hyttfeltet. Nye hytter i hyttfeltet vil bli utforma på ein slik måte at dei ikkje skal være ruvande i terrenget og ein skal unngå signalfargar. Det er lagt klare føringar for dette i føresegnene.

Vegen vil bli mest mogleg terrengtilpassa. Vegtraseen er lagt opp etter synfaring på staden.

Tiltaket har visuell forankring i landskapet rundt då det i 0-alternativet er ein gode del hytter i nærområdet.

Verknad dimensjon/skala: lite – intet då tiltaket stort sett står i eit harmonisk forhold til landskapets/stadens skala.

Verknad/omfang av tiltakets utforming i form av konstruksjonar, materialbruk, fargeval m.m. vil være lite/intet då det vil samanfalle med nærliggande hytter.



Figur 9-8: Verknad/omfang av BFR6 på strandsona.

17.02.2020

3) **Utviding av eksisterande campingplass BC2:**

Campingplass BC2 ligg per i dag innafor område som i ny plan er sett av til BC, heilt inntil BC1. BC1 er område som per i dag er nytta til campingplass – og har vore det i rundt 20 år. Arealet sett av til BC2 er på bakgrunn av at ein ynskjer å utvide campingplassen på grunn av etterspurnad etter fleire plassar. BC2 skal berre nyttast til korttidsopphald, dvs. bubilar og campingvogner som kjem for korte tidsrom såkalla døgnplassar.


Ei utviding av campingplassen med BC2 vil ha visuell forankring i at det allereie er campingplass på område per i dag.

Det er snakk om ei mindre utviding, det finnast ikkje betre alternative plasseringar av ei slik utviding, då kystfortet ligg på andre sida av vegen.

Ein kjem noko nærare strandsona, men denne delen av strandsona består av bratte svaberg og vert ikkje nytta til aktivitet. På det nedste plataet av utvidinga vil det verte tilrettelagt med bord og benkar, slik at det inviterer til bruk av området (og soleis strandsona) – for alle. Dette har vi gjort andre plasser på planområde og ser at det har god effekt. Campingplass er eit arealføremål som oppmodar og legg til rette for allmenn ferdsel og verkar motsett av privatiserande.

Det er lagt inn byggegrense innafor arealføremål campingplass BC1, slik at delen av campingplassen som ligg nærast sjøen – ikkje vil være mogleg å sette opp bygg på.

Verknad/omfang: ingen.




Figur 9-9: Verknad/omfang av utviding av BC2 på strandsona.

4) **Samanstilling av verknader/omfang for tiltak i strandsona:**

Det er svært små delar av strandsona som vert berørt av tiltaka i planen. Alle tiltaka er godt forankra i område bruken som er innafor planområde per i dag.

Verknad / Omfang strandsona: Lite/intet



Figur 9-10: Samanstilling av verknader omfang for tiltaka i strandsona.

9.1.4.2 **Verknad / Omfang Kulturminne:**

Det er utført søk i kulturminnesok.no (22) og Askeladden (23), søket viser at det er registrert eitt kulturminne innanfor planområdet: Lammetun kystfort.

Det er ikkje registrert andre kulturminne innanfor planområdet.

Planforslaget medfører ingen inngrep som vil endre kulturminne, kystfortet vil framleis vere godt les bart i terrenget og den historiske lesbarheita vil ikkje endrast. Ein del av tiltaka i planen vil verte synlege for fortet, men dei vil ikkje kome i konflikt med området kystfortet står på. Det er lagt inn omsynssoner som tek i vare kystfortets interesser.

17.02.2020

0-alternativet: Kystfortet er i dag rett attmed eksisterande campingplass. Frå kystfortet ser du eksisterande hyttefelt, bustadhuset og garasjen til planstilar, ein ser sjøbuer ved sjøen og frå dei ytste kanonstillingane kan ein skimte VS når det ikkje er lauv på trea. Frå kommandotårnet kan ein skimte BBS2 når det ikkje er lauv på trea. Fleire delar av planområdet ligg slik til i terrenget at dei ikkje blir særleg synlege på grunn av høgdeforskjellar og vegetasjon.

Det er lagt inn ei stor omsynssoner som dekkar alle bunkersar og kanonstillingar, med omkringliggande område, slik at ein sikrar kystfortet mot å bli nedbygd. Det vert ikkje tillate å bygge noko innafor omsynssona. Det er i område rundt og utanfor kystfortet det er planlagt utbygde tiltak – desse vil i nokre tilfelle få visuell verknad for kystfortet.

Tiltak som vil ha innverknad på kystfortet:

- 2) Utviding av campingplass med BC2
- 3) Utviding av parkeringsplass SPA2
- 5) BFR6

1) Utviding av campingplass BC2:

Campingplass (BC2) ligg per i dag på område som ligg heilt inntil område sett av til BC1 som er dagens eksisterande campingplass.

Kanonstillinga som ligg i nærleiken er godt verna av omsynssone H570, denne vil framleis vere ein viktig del av Lammetun Kystfort og blir tatt omsyn til ved at ein har lagt inn omsynssone, slik at ein ikkje kjem for nær.


Campingplassen ligg der som sagt frå før, utvidinga vil ikkje føre til ei nedbygging av kystfortet, alternative plasseringar er ikkje lette å finne for utviding av campingplassen – då det på store delar av andre sida av vegen er område for kystfortet slik at ein ikkje kan utvide området den vegen. Campingplassen vil bli terrengtilpassa med fleire ulike nivå, slik at det ikkje vil sperre utsikta frå kystfortet.

Det vil i samanheng med utviding av campingplassen bli sett ut bord og benkar på nivået nærast sjøen, slik at det opnar og inviterer til allmenn ferdsel. Slik vi av erfaring ser at det har gjort på andre delar av planområdet.

Ved å sikre dei aktuelle område med omsynssoner vil tiltakets utforming styrke omgjevnadens kvalitetar og særpreg.

Det er lagt inn byggegrense på området BC slik at det på BC2 ikkje vil være tillate å setje opp elementbygg eller plassere vogner/bubilar der på heilårs plass, BC2 vil kun nyttast til døgnplassar for bubilar og campingvogner. Dette vernar mot at det blir bygd nærast sjøen og fortet. I revidert planframlegg er arealet sett av til campingplass redusert noko, slik at omsynssona H570 er blitt mykje større, og dermed set av større området rundt kystfortet til omsynssone slik at det har betre vern.

Tiltakets verknad/omfang: Middels positiv då tiltaket er visuelt forankra i eksisterande campingplass og harmonerer med landskapsbiletet på området, utforminga er gjort så skånsam som mogleg for at det skal bli minst mogleg terrenginngrep samstundes som ein nyttar dei naturlege nivåa på området, slik at ein ikkje forringar utsikta frå verken kystfortet eller dagens gjestar ved eksisterande campingplass,

Samstundes vil tiltaket være med på å rydde opp i eit noko u-strukturert område.

Figur 9-11: Verknad/omfang av utviding av BC1/BC2 på kulturminne.


2) Utviding av parkeringsplass SPA2:

SPA2 ligg på område per i dag, den er planlagt utvida for å få plass til dei som kjem for å gå i kystfortet og på området samt campingplassen gjestar.

Det vil bli enklare for allmenn ferdsel og kome til både kystfortet og strandsona ved ei eventuell utbygging. Det vil og bli enklare for folk med rørslehemming å nytte området, på denne måten vil det ha ein positiv innverknad på området for allmenta. Dersom vi ikkje utvidar parkeringsplassen endar vi opp med å måtte stenge av for parkering av andre enn våre egne gjestar, for per i dag har vi problem med å finne plass til alle som kjem for å besøke området. Det vil være svært uheldig for kystfortet. Då det kjem mange dagsbesøkande for å besøke dette som treng ein stad å parkere.

Ved å sikre dei aktuelle område med omsynssoner og grøntområde vil tiltakets utforming vil styrke omgjevnadens kvalitetar og særpreg.

Tiltakets verknad/omfang: Middels positiv då tiltaket er visuelt forankra i eksisterande parkeringsplass og harmonerer med landskapsbiletet på området, utforminga er gjort så skånsam som mogleg for at det skal bli minst mogleg terrenginngrep. Besøkande som kjem for å gå i kystfortet vil ha moglegheit til god parkering, i staden for dagens situasjon der folk parkerer der dei finn plass vilkårleg på planområdet og i området rundt.



Figur 9-12: Verknad/omfang av utviding av SPA2 på kulturminne.


3) BFR6 – utviding av eksisterande hyttefelt.

på planområdet er det i dag fleire hyttefelt som er synlege frå kystfortet, ein kan sjå både BFR1, BFR2, BFR3, BFR4 og BFR5, BFR6_2 frå ulike plassar i kystfortet. Fleire av hyttene i BFR2 ligg tett inntil området for kystfortet.

BFR6 ligg lenger unna kystfortet enn både BFR1, BFR2, BFR4 og BFR5, og vil bli både mindre synlege og ruvande i terrenget for kystfortet enn dei andre hyttefelt. I revidert planframlegg har ein teke omsyn til Fylkeskommunens merknad der dei ynskte hyttefelt BFR3 (namn i tidlegare planframlegg som låg på høyring våren 2020) trekt lenger bak mot BFR2, for at det ikkje skulle være like synleg frå kystfortet. Dette er no imøtegått, og vi ser det som at dei nye felt innafor BFR6 vil ha minimal påverknad for kystfortet.

Ingen av dei eksisterande hyttefelt ligg i siktelinja for kystfortet som er mot fjorden, det vil heller ikkje BFR6 gjere.

Tiltaket vil ha lite/intet verknad på kystfortet då det har god visuell forankring i det omkringliggande landskapet med dei andre hyttefelt, utforminga med tanke på konstruksjonar, materialval, fargeval m.m. er planlagt og lagt retningslinjer for slik at

taket er tilpassa omgjevnadane.

Figur 9-13: Verknad/omfang av BFR6 på kulturminne.

4) Oppsummering:


Det er som sagt både campingplass, utleiehytter, parkeringsplass og hyttefelt som er synlege frå kystfortet i området frå før, så sjølv om ein bygger området ut vil det bli tatt vare på slik som i dag, alle tiltaka som er tenkt utbygde innafør området fell saman med allereie eksisterande tiltak på området slik at det vil bli lite visuell verknad av desse. Det vil bli enklare for folk å kome til både kystfortet og strandsona ved ei eventuell utbygging, med betre parkeringsmoglegheiter for alle vil det lette for dei som kjem. Det vil og bli enklare for folk med rørslehemming å nytte området, på denne måten vil det ha ein positiv innverknad på området for allmenta.

Ved å sikre dei aktuelle område til kystfortet med omsynssoner og urørte områder vil dei planlagde tiltaka ikkje forringe verdien av kystfortet.

Kystforta vart bygde slik at dei ikkje skulle være synlege frå sjøen og lufta. For å hindre eventuelle åtak og for å kunne overraske fienden med åtak. Derfor vil det ikkje være mogleg å kunne gjere tiltak i området utan å hindre at kystfortets synligheit for omverda vert påverka. All den tid dette skal være eit skjult anlegg kan ein ikkje legge vekt på at nye tiltak gjer det mindre synleg. Fortet er synleggjort ved skilting, og ved at det er rydda skog rundt det for å få det fram i terrenget.

samanstilling for verknader/omfang av alle tiltaka i som har innverknad på kystfortet:

Verknad /omfang kulturminne: lite/intet



Figur 9-14: Samanstilling av verknad/omfang som tiltaka i planen har på kulturminne.

9.1.4.3 VERKNAD / OMFANG NATUROMRÅDE:

Temakart A, Fjaler kommune (4) syner området på «Neset» som eit viktig naturvernområde, det syner og at Ramsøyna ,5, er registrert som område av naturverninteresse, prioritet 3.

Miljødirektoratets naturbase ID BN00068445 syner funn av sjeldne artar i området for «Neset» (8).

Miljødirektoratets naturbase ID BM00114940 (9) syner områder i sjø ved Ramsøyna registrert som eit middels stort blautbotnsområde i strandsona, verdi set til middels viktig av miljødirektoratet.

NGU sine kartløyisingar på nett (geo.no) (24) gir oversikt over bonitet på området. Stort sett består vegetasjonen av selje og krattskog som tek overhand. På 70-talet vart det planta gran. Ein finn og bjørk, osp og rogn innafør planområde.

NIBIO sine gards kart (25) syner oversikt over markslaga innafør planområde.

17.02.2020

Planområde består stort sett av skrin fastmark, med mindre innslag av uproduktiv skog, myr, overflate dyrka jord og innmarksbeite.

Dagens situasjon:

0-alternativet: planområdet inneheld i dag campingplass, utleigeiningar, parkeringsplassar, flytebrygger, hyttefelt, bustadhus med garasje for planstilar og lagerbygning med leilegheiter for utleige i andre etasje.

Beskriving av planens verknader:

Tiltak som vil kunne ha innverknad på naturområde:

2) VS


3) BFR6

1) VS – Småbåthamn:

Småbåthamna VS ligg per i dag på området som eit midlertidig løyve på ei flytebryggje.

Flytebrygga vil ha tilkomst via gangsti - som allereie finnast på området og nyttast som tilkomst til den aktuelle flytebrygga per i dag. Det vil ikkje vere aktuelt å bygge tilkomstveg gjennom naturvernområde til denne.

Tiltaket vil ha liten/intet verknad/omfang for naturområde då det ikkje er skilnad frå 0-alternativet sidan tiltaket per i dag er ferdig utbygd og i bruk.



Figur 9-15: Verknad/omfang av VS på naturområde.


2) BFR6 – Hyttefelt:

Ei utviding av hyttefelt BFR6 vil ikkje påverke naturområda negativt då det har forankring i dei nærliggande utbygde hyttefelte som ligg på planområdet per i dag. BFR6 er ei utviding av eksisterande hyttefelt BFR6_2. Der to av 12 fritidsbustader er utbygde. Det går veg fram til starten av hyttefeltet. Hyttefeltet ligg langt unna områda for funn av sjeldsynte artar, og vil derfor ikkje forårsake verknad på desse. Område for blautbotnsområde som ligg i sjø vert ikkje påverka av tiltak på land. Områder i sjø ved Neset og Ramsøyna er ifølge temakart A (4) Fjaler kommune, definert som område av friluftsiinteresse, hyttefeltet ligg såpass unna desse områda at det vil ikkje ha negativ innverknad på friluftslivet.

I tillegg er BFR6 godt forankra i dei andre hyttefelte innafor planområde, samt hyttefelt rundt planområde.

BFR6 vil vidare være med på å gjere til at det blir køyreveg til nye delar av planområde og gjere det enklare å nytte planområde i heiling for ålmenta og komme fram til områder som tidlegare har vore lite nytta til friluftsliv.

Tiltaket vil ha liten/ingen verknad/omfang for naturområde då tiltaket har god visuell forankring i det omkringliggende område, i 0-alternativet per i dag er ei

hytte utbygd i dette feltet. Det vil ikkje ha negativ verknad for friluftslivet.

Figur 9-16: Verknad/omfang av BFR6 på naturområde.


3) Oppsummering:

Området mister generelt sett ingen spesielle kvalitetar då landskapet innanfor planområdet ikkje skil seg ut frå resten av landskapet på Lammetun. Tiltaka vil stort sett være tilpassa til landskapets form og element og tiltakets dimensjon vil stort sett stå i et harmonisk forhold til landskapets skala.

Aktuelle områder for kulturmiljø vil verte ivareteke ved å bandlegge desse med omsynssoner. Når det gjeld naturmiljø vil dette ikkje bli vesentleg påverka i forhold til dagens situasjon.

Dei sjeldne artane (8) finns innanfor dei områda som har enten LNFR eller Naturformål av LNF. På denne måten blir område i stor grad urørt og aktivitet på områda vil vere avgrensa. Kulturlandskapsartane som er registrerte her, er heilt avhengige av at vegetasjon haldast nede for å bli ivaretatt og bevart, elles kjem dei til å forsvinne.

Tiltaka i planen er med på å auke aktiviteten i området, slik at det vil generer fleire som nyttar området til tur og rekreasjon. Noko som igjen vil vere med på å halde vegetasjon nede, som igjen vil vere med å bidra til å bevare sjeldne kulturlandskapsartar og opne opp for at allmenta lettare kan nytte område til friluftaktivitet.

samanstilling for verknader/omfang av alle tiltaka i som har innverknad på naturområde:**Verknad / Omfang: liten positiv konsekvens.**

Figur 9-17: Samanstilling av verknad/omfang av tiltaka som har verknad/omfang på/for naturområde.

9.1.5 KU TRINN 3:

Samla vurdering av konsekvensar. Her kombinerer ein trinn 1 (områdets verdi) og trinn 2 (tiltakets verknad /omfang) for å få fram den samla konsekvensen av tiltaket.

Med konsekvensar meiner ein dei fordelar og ulemper et definert tiltak vil medføre i forhold til alternativ 0.

Konsekvensutgreiinga vert angitt på ein ni-delt skala frå meget stor negativ, til meget stor positiv konsekvens.

Det skal gjerast ei vurdering av kvart alternativ samla for dei ikkje-prisette konsekvensane. Det skal også gjerast greie for om desse konsekvensane er positive eller negative i forhold til alternativ 0, samt kva for alternativ som er best og dårlegast i forhold til den samla vurderinga av dei ikkje-prisette tema.

17.02.2020


Eventuelle avbøtande tiltak eller anna informasjon, eksempelvis usikkerheit, som kan ha betydning for val av alternativ, skal gå fram som merknad i den samla konsekvensutgreiinga. Avbøtande tiltak kan også redusere graden av negative konsekvensar.

Vurdering av verdi for landskapsbilde i strandsone ble satt til middels og tiltakets verknad/omfang ble satt til lite/intet. Konsekvensane av tiltaket blir, med utgangspunkt i konsekvensviften, vurdert til ingen konsekvens.

Vurdering av verdien til kulturminne – her under stor vektlegging av kystfortet er satt til stor og tiltaka i planen er funne til å ha omfang/verknad frå intet – middels positiv, samla verknad/omfang for tiltak som har innverknad på kulturminne er funne å ha lite/intet.

Vurdering av verdien til naturområde er funne til å være middels til stor.

Verknad/omfang for tiltaka som har innverknad på naturområde er plassert på skalaen frå intet til middels positiv. Samla verknad/omfang for tiltaka som har innverknad på naturområde er funne til å være liten positiv.



Figur 9-18. Konsekvensvifte henta frå statens vegvesen si handbok. Lagt inn verdi for kvart deltema samt samla verknad/omfang for kvart delområde.

Utgreiingstema	Vurdering	Konklusjon / Utfyllande kommentar
Strandsone	Områdets verdi: Middels	Strandsona på planområdet skil seg ikkje frå strandsona elles i området eller kommunen er verdien funne til å være middels. Lammetun er ei lita øy, det er vanskeleg å ikkje kome inn i 100-meters beltet om ein skal planlegge å gjere tiltak på eigedommen. Strandsona er per i dag i dag bygd ut med ulike tiltak for ulike føremål. Alle planlagde tiltak har som mål å leggje til rette for allmenta og skape rom for bruk, samstundes som ein vernar om og tek vare på strandsona
Strandsone	Verknad/omfang: fordelt på skalaen mellom lite negativt - ingen - lite positiv.	0 – alternativet: Strandsona er allereie bygd ut, med fleire naust, ei sjøbu som fungerer som utleigeeining, parkeringsplass, campingplass, hyttefelt, gapahuk med bålplass, og fleire hyttefelt. Planlagde tiltak som kjem innanfor 100-meters beltet til

17.02.2020

Strandsone	Verknad/omfang: fordelt på skalaen mellom lite negativt - ingen - lite positiv.	<p>strandsona er:</p> <p><u>Utviding av eksisterande hyttefelt BFR6:</u> 1 av tomtene innafor BFR6_3 og ei innafor BFR6_4 ligg noko innafor 100-meters beltet for strandsona. Men dette er minimalt, dei næraste punkta i hyttefeltet ligg ca. 80 meter frå sjøen. God visuell forankring i det omkringliggende landskapet. Omkringliggende hytter; BFR3, BFR4, BFR5 ligg innafor 100 meters beltet. Dette er utbygde hytter.</p> <p>Verknad/omfang: ingen.</p> <p><u>Utviding av eksisterande campingplass BC med BC2:</u> Visuelt forankra i at campingplassen eksisterer på dette område per i dag. Det er snakk om ei mindre utviding, det finnast ikkje betre alternative plasseringar av ei slik utviding. Ein kjem noko nærare strandsona, men denne delen av strandsona består av middels bratte svaberg og vert ikkje nytta til aktivitet. Campingplass er eit arealføremål som oppmodar og legg til rette for allmenn ferdsel og verkar motsett av privatiserande. Det er lagt inn byggegrense slik at det ikkje vært bygd bygg nærare sjøen enn dagens spikartelt på som står på område.</p> <p>Verknad/omfang: ingen.</p> <p>Småbåthamn VS: Dette er ei eksisterande flytebrygge som Fjaler kommune har gitt mellombels bruksløyve til både i 2017, 2018 og 2019. Visuell forankring i det omkringliggende landskapet. Flytebrygga skal ikkje ha ny tilkomst.</p> <p>Verknad/omfang: ingen.</p>
Strandsone	Konsekvens: lite – ingen konsekvens.	<p>Strandsone vil framleis bli godt ivaretatt, det vil være mykje større strandsone areal att innafor planområde som framleis vil være heilt urørte, enn areal som vil bli bygd ut. Tiltaka vil oppmode og føre til auka allmenn ferdsel, samt legge til rette for at også rørslehemma kan få tilkomst til større delar av planområdet.</p> <p>Strandsone per i dag er bygd ut med tiltak som fell saman med føremåla til nye planlagde tiltak.</p> <p>Alle dei planlagde tiltaka er plassert der det i dag allereie er gjort tiltak i strandsona, slik at verknaden på strandsona får lite til ingen konsekvens. I tillegg er det tiltak som opnar og innbyr for/til allmenn ferdsel og legg til rette for betre bruk av friluftsområde enn det som er per i dag. Ein går ikkje inn i urørte delar av strandsona.</p>
Kulturminne	Verdi: Stor	<p>Eigedommen har eit kystfort frå 2.verdskrig. Kystfortet er godt ivaretatt og blir heldt ved like av planstilar. Kystfortet har uvanlege visuelle kvalitetar for området det ligg i, I Noreg har vi fleire kystfort men dei er alle å rekne som unike i nasjonal samanheng, og det er viktig å ivareta dei på ein god måte. Derfor er det lagt inn ei stor omsynssone som dekkar inn heile kystfortet samt store areal rundt og mellom dei ulike delane</p>

17.02.2020

	<p>Omfang/verknad: fordelt mellom intet til middels positiv.</p>	<p>av fortet, med klare føresegner slik at ingen tiltak i planen skal bygge ned området det ligg i.</p> <p>0-alternativet: Kystfortet ligg rett attmed eksisterande campingplass. Frå kystfortet ser du eksisterande hyttefelt, bustadhus til planstilar ,ein ser sjøbuer ved sjøen og frå dei ytste kanonstillingane og kommandotårnet kan ein skimte VS når det ikkje er lauv på trea. Fleire delar av planområdet ligg slik til i terrenget at dei ikkje blir særleg synlege på grunn av høgdeforskjellar og vegetasjon. Det er lagt inn ei stor omsynssone som dekkar inn heile kystfortet på eigedommen; alle bunkersar og kanonstillingar, slik at ein sikrar kystfortet mot å bli nedbygd. Det vert ikkje bygd noko innafor omsynssona, dette er det lagt inn klare og strenge føresegner for.</p> <p>Det er i område rundt og utanfor kystfortet det er planlagt utbygde tiltak – desse vil i nokre tilfelle få visuell verknad for kystfortet. Men det er viktig å merke seg at det er minimalt. Tiltak som vil ha innverknad på kystfortet: BFR6, utviding av BC med BC2 og SPA2.</p> <p>På grunn av at område frå før er bygd ut med fleire forskjellige tiltak, og sidan dei tiltak som er planlagde fell saman med dei som finnast på planområdet frå før. Blir verknaden av tiltaka fordelt på skalaen mellom ingen verknad til middels positiv verknad. BFR6 ligg lenger unna kystfortet enn både BFR1, BFR2, BFR3, BFR4 og BFR5, og vil bli mindre ruvande i terrenget for kystfortet enn dei andre. Ingen av hyttefelte ligg i siktelinja for kystfortet som er mot fjorden. Ny plassering i dette reviderte planframlegget er etter fylkeskommunens eige ynskje etter innspel i høyringsperioden. Dette i forhold til å få det lenger unna kystfortet.</p> <p>Tiltaket vil ha lite/intet verknad på kystfortet då det har visuell forankring i det omkringliggende landskapet med dei andre hyttefelte, utforminga med tanke på konstruksjonar, materialval, fargeval m.m. er planlagt og lagt retningslinjer for slik at taket er tilpassa omgjevnadane.</p> <p><u>Utviding av BC med BC2 og SPA2:</u></p>
Kulturminne	<p>Omfang/verknad: fordelt mellom intet til middels positiv.</p>	<p>Campingplass (BC1) er der allereie - i noko mindre skala enn det som er planlagt . Kanonstillinga som ligg i H570 nedanfor campingen vil framleis vere ein viktig del av Lammetun Kystfort og blir tatt omsyn til ved omsynssone. Utvidinga vil ikkje føre til ei nedbygging av kystfortet, alternative plasseringar er ikkje lette å finne for utviding av campingplassen – då det på andre sida av vegen er område for kystfortet slik at ein ikkje kan utvide området meir den vegen enn det som er lagt inn i planen i dag. Campingplassen vil bli terrengtilpassa med fleire ulike nivå, slik at det ikkje vil sperre utsikta frå kystfortet.</p> <p>Det vil i samanheng med utviding av campingplassen bli sett ut bord og benkar på nivået nærast sjøen, slik at det opnar og</p>

17.02.2020

Kulturminne	Omfang/verknad: fordelt mellom intet til middels positiv.	<p>inviterer til allmenn ferdsel. Slik vi av erfaring ser at det har gjort på andre delar av planområdet.</p> <p>Det er lagt inn byggegrense på BC1 for å hindre at ein kjem for nær fortet med eventuelle bygg. På utvidinga som er kalla BC2 vil det ikkje være lov å byggje noko, for eks. elementbygg og liknande, det vil heller ikkje være lov å setje opp campingvogner eller bubilar for at dei skal bli ståande lengde. Dette skal kun være område for døgnplassar/korttidsopphald for bubilar/vogner.</p> <p>SPA2 ligg på området per i dag, den er planlagt utvida for å få plass til dei som kjem for å gå i kystfortet og på området samt campingplassen gjestar.</p> <p>Det vil bli enklare for allmenn ferdsel å finne parkering slik at dei lett kan kome til både kystfortet og strandsona ved ei eventuell utbygging. Det vil og bli enklare for folk med rørslehemming å nytte området , på denne måten vil det ha ein positiv innverknad på området for allmenta.</p> <p>Ved å sikre dei aktuelle område med omsynssoner og grøntområde vil tiltakets utforming vil styrke omgjevnadens kvalitetar og særpreg.</p> <p>Tiltakets verknad/omfang: lite/intet då begge føremåla finnast på plassen i dag berre i litt mindre skala.</p>
Kulturminne	Konsekvens: lite til Ingen konsekvens	<p>Kystfortet vil framleis bli godt ivaretatt.</p> <p>Det er lagt inn omsynssone for å sikre seg at det ikkje blir gjort tiltak innafor område for kystfortet, samt at tiltak ikkje skal kome for nær.</p> <p>Tiltaka i planen har føremål som fell saman med dagens bruk av planområde. Av dei tiltaka som ligg nærast kystfortet er det snakk om ei utviding av campingplassen og parkeringsplassen som finnast per i dag, sidan begge finnast på den aktuelle plasseringa i dag vil det ikkje forringe kystfortets verdi.</p> <p>Ei utviding av hyttefelt BFR6 vil ikkje ha noko å seie for kystfortet, då det ligg hytter mykje nærare kystfortet enn det desse vil kome. Slik vil dei nye hyttene ha god visuell forankring i det omkringliggende landskapet og dermed heller ikkje forringe verdien av kystfortet.</p> <p>Av andre tiltak vil dei bli minimalt merkbare frå kystfortet, og derfor vil dei ikkje forringe kystfortets verdi.</p>
Naturområde	Verdi: Middels til stor	Naturområdet på planområdet har overordna sett kvalitetar som er typiske for lokalområdet, men med innspel av delområde som er spesielle og skil seg ut frå lokalområdet. Gir middels til stor verdi.
Naturområde	Omfang/Verknad: ingen til liten positiv til middels positiv.	<p>0-alternativet:</p> <p>Planområde inneheld i dag campingplass (BC1), utleigeiningar – derav ei sjø sjøbu som ligg i strandsona, parkeringsplass (SPA2), fleire utbygde hyttefelt (BFR1, BFR2, BFR3, BFR4 og BFR5, samt</p>

17.02.2020

Naturområde	Konsekvens: Liten positiv til middels positiv konsekvens	<p>delar av BFR6) – derav BFR3, BFR4 og BFR5 ligg i nærleiken av områder av friluftssinteresser ifølge temakart A av Fjaler kommune, BFR2 ligg nær kystfortet.</p> <p>Bustadhus med garasje for planstilar, lagerbygning med leilegheiter for utleige i 2. etasje samt kontor/resepsjon ved BC1. Tiltak som vil kunne ha innverknad på naturområde er: BFR6 og VS.</p> <p><u>VS - småbåthamn:</u></p> <p>Av tiltaka er VS - småbåthamn det tiltaket som eksisterer per i dag. Denne flytebygga vart det gitt mellombels løyve til i 2017, 2018 og sist i 2019. Det vil ikkje bli endra tilkomst til flytebygga, tilkomst per i dag er sti etablert på området frå før.</p> <p>Omfang/verknad: ingen.</p> <p><u>BFR6 – hyttefelt 6:</u></p> <p>BFR6 er ei utviding av eksisterande hyttefelt, der 2 av totalt 12 hytter er ferdig utbygd.</p> <p>Hyttefeltet har visuell forankring i det omkringliggende landskapet, både på og rundt planområdet der det i dag finnast mange hyttefelt samt frittstående hytter. Og vil derfor ikkje ha innverknad på friluftslivet.</p> <p>Tiltaket ligg langt frå område i Neset med sjeldsynte og kravfulle artar, samt område for blautbotnsområder i sjø ved Ramsøyna. Område for blautbotnsområder har vi lagt inn omsynssone for – det er berre tiltak i sjø innanfor omsynssone som kan ha påverknad for blautbotnsområde.</p> <p>BFR6 ligg og langt unna områder av friluftslivinteresser som kjem fram av temakart A, Fjaler kommune. Og vil soleis ikkje kome i konflikt med desse..</p> <p>Verknad/omfang: liten/ingen.</p>
Naturområde	Konsekvens: Liten positiv til middels positiv konsekvens	<p>Det er i planen lagt inn egne tiltak for å sikre og ivareta naturområda.</p> <p>Det er lagt inn omsynssoner for blautbotnsområder i sjø ved Ramsøyna. Det er ikkje planlagt å gjere tiltak av noko art innfor omsynssona.</p> <p>Område der det er gjort funn av sjeldsynte artar vil stort sett være urørt av tiltaka i planen.</p> <p>Områder for friluftssinteresser er ivaretatt ved at det ikkje er planlagde tiltak innanfor områda definert som område for friluftssinteresse etter temakart A for Fjaler kommune, av tiltak planlagt i nærleiken av desse områda er det tiltak som oppmodar til allmenn ferdsel og som vil være med å bidra til at fleire kan nytte område som friluftsområde.</p> <p>Av tiltaka i planen vil eitt kunne få verknad på naturområda: VS. Samlege tiltak i planen er med på å auke aktiviteten innfor planområdet, slik at det vil bli fleire som nyttar området til tur og rekreasjon. Noko som igjen vil vere med på å halde vegetasjon nede, som igjen vil vere med å bidra til å bevare sjeldne</p>

17.02.2020

		<p>kulturlandskapsartar og opne opp for at allmenta lettare kan nytte område til friluftaktivitet.</p> <p>Ingen av tiltaka vil ha innverknad for blautbotnsområda i sjø ved Ramsøyna.</p> <p>Dei sjeldne artane finns innanfor dei områda som har enten LNA eller Naturformål av LNF. På denne måten blir område i stor grad urørt og aktivitet på områda vil vere avgrensa.</p> <p>Ingen av tiltaka vil få påverknad for området i Neset, som er merka av miljødirektoratet til å ha viktig verdi på grunn av funn av eit par sjeldsynte og kravfulle kulturlandskapsartar.</p> <p>Den samla konsekvens av tiltaka i planen på naturområde: liten positiv til middels positiv konsekvens.</p>
--	--	---

9.2 KONSEKVENSAAR FOR EKSISTERANDE REGULERINGSPLEANAR

Delar av eigeidommen er regulert tidlegare i reguleringsplan for Lammetun, og det nye planforslaget i si heilheit vil erstatte denne plan. Enkelte områder har berre fått justert formålsgrenser for å samsvare med terreng og den faktiske situasjonen på område i dag. Andre område vil være like med eksisterande plan (for eks. er BFR1 lik H1, BFR2, BFR6_4 lik H3 i plan frå 2002).

9.3 NATUR OG RESSURSGRUNNLAGET

Sjå KU i pkt. 9.1.

9.4 VERKNADER FOR NABOAR OG INTERESSEMOTSETNADER

Plantiltaket vil ikkje gi store innverknadar for naboar.

Trafikken har auka siste åra, ei endring i planforslaget vil kunne føre til større auke i trafikken. Sjå trafikkanalyse under punkt 9.9.

Utsikta til naboar i aust er minimal. Næringsbygget ligg ca. 50 m. frå bustadhuset på eigeidom 272/2, slik den har gjort sidan krigen. Pga. av god avstand til naboar vil ikkje dei planlagde nye bygga vere skjemmaende i forhold til sol- og lysforhold for dei eksisterande bustadane.

Nabotomtene ser ikkje til hovudhuset på garden grunna ei forhøgning i terrenget. Grunna vegetasjon og mønehøgde vil ein ikkje sjå noko særleg til tomtene som er planlagde bak hovudhuset på garden(B1). Ein vil ikkje oppleve innsyn av noko slag.

Planforslaget vil heller ikkje gi negative konsekvensar tilknytt forhold for sol og lys for naboane.

Nabobruka har vegrett til sjø, frå innmarks slutt og til sjøen . Tidlegare var dette ein kjerreveg som var smal. Etter at bruk 272/3 har grusa vegen har det etter kvart blitt breiare veg til sjøen . Slik kjem ein seg no til sjøen med store køyretøy . Det er ikkje planlagt noko som gjer at vegretten vert hindra for naboeeigeidommene.

Naboane til planområde har vassskjelde like ovanfor B2, og vassleidningen kryssar dette område. Dette er ei privatrettsleg avtale som ikkje vil bli påverka av planforslaget.

9.5 FRILUFTSLIV, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGES INTERESSER I NÆRMILJØET

Dagens situasjon:

Område har gode naturkvalitetar som nyttast til friluftsliv i noko grad. Med hovudvekt på fiske, kajakk og turgåarar.

På området har det vore gjort ei viss tilrettelegging for allmenta frå før, campingplass er eit

17.02.2020

tiltak som oppfordrar og innbyr til allmenn ferdsel. Turstiar laga på området av planstilar innbyr også til dette, saman med bord og benkar som er sett ut i området frå før. Dette ser vi er ofte i bruk, både av Lammetun Ferie og Fritids gjestar men mest av dagsbesøkande.

Beskriving av planforslaget:

Planforslaget vil utvikle område og gjere det meir og betre tilgjengeleg for allmenta. Ein vil kunne bruke område på ein annan måte utan at det får store konsekvensar for området. Fleire av tiltaka vil gjere det enklare for allmenta å nytte området. Der vi ser at tidlegare område som ikkje var tilrettelagt no blir brukt av alle.

Tiltaka i planen vil ikkje endre bruksmogelegheitene til området med tanke på friluftsliv, heller legge til rette for auka bruk.

Utviding av campingplass BC1 med BC2 og parkeringsplass SPA2, vil bidra til å opne nye område og gjere dei lettare tilgjengelege for allmenta. Det er planlagt utsetjing av bord og benkar på det plataet nærast sjøen på BC2_2, dette er eit område der det i dag ikkje ferdast folk fordi det er så bratt. Med tilrettelegging her vil det ære mogleg for alle å kome nesten heilt ned i sjøkanten.

Utviding av eksisterande hyttefelt BFR6 er plassert med sikte på å ivareta friluftssinteressene på ein best mogleg måte.

Verknad for planforslaget:

Det er lagt vekt på å sikre god tilkomst til planområde som friluftsområde ved at det er lagt til rette for fleire parkeringar, og ved at planforslaget generelt er me på å sikre dei allmenne interessene.

9.6 UNIVERSIELL UTFORMING OG TILGJENGE

Eksisterande forhold:

Område er delvis tilrettelagt for universell utforming.

Beskriving av planforslaget:

Planforslaget er lagt opp til at byggverk og uteområde skal utformast slik at dei kan brukast av alle, i så stort omfang som mogleg. Nye bygg og uteområde følg plan- og bygningslova, som gjer at dei lyt oppfylle krava til universell utforming.

Omsynet til strandsona, og det å behalde naturlandskapet mest mogleg urørt gjer at det på delar av planområdet ikkje blir lagt til rette for universell utforming.

Verknad av planforslaget:

Planforslaget vil medføre til auka universell utforming.

9.7 NATURMANGFALD

Eksisterande forhold:

Delar av området har vore nytta som landbruksområde etter krigen, utan at det ber noko preg av det. Store delar av der campingplass BC1 ligg i dag er plassert på område som tidlegare vart brukt som innmark. Det var frå krigen og så lenge besteforeldra til grunneigar dreiv med slått.

Lokaliteten omfattar dei gamle militæranlegga lengst vest på Lammetun. Her ligg bunkersar og stillingar frå 2. verdskrig. Vegetasjonen omfattar grasmark, men grunna opphøyr av beite veks det no gradvis over med busker og lauvkratt. Sidan det er brukt noko kalk i mørtelen til anlegga, har desse grunnlag for ein noko meir kalkkrevjande flora.

Det er gjort funn av regionalt sjeldne artar som marinøkkel og bakkesøte på lokaliteten (8). Andre artar som har vore registrert er fjellmarikåpe, flekkmarihand, geitsvingel, kattedot, smalkjempe og småengkall (Gaarder 11.04.2003). på Lammetun er det enno spor av

17.02.2020

plantene: Bakkesøte, fjellmarikåpe, flekkmarihand, geitsvingel, kattedot, smalkjempe og småengkall, men det har ikkje vore observert Marinøkkel dei siste åra.

Gards kart frå NIBIO viser at det er område innanfor planområdet for det meste er «anna markslag», men og overflatedyrka jord, innmarksbeite, produktiv skog og myr.

Planforslagets innverknad:

Det meste av planlagde nye tiltak ligg på område som går under «anna markslag» jf. NIBIO sine gards kart. Ein bestrebar best mogleg å ikkje røre ved områda der det er gjort funn av sjeldne artar.

Bustadfelt B1 vil ta areal som i dag er markert som innmarksbeite. Området har ikkje vore nytte som beite på svært lang tid, og er i dag ganske overgrodd av busker og tre.

Område for produktiv skog og overflatedyrka jord vil ikkje bli påverka av tiltaka i planen.

verknad av planforslaget:

Planforslaget vil i svært stor utstrekning ta vare på det biologiske mangfaldet.

9.8 LANDSKAP / ESTETIKK –(Nær-/Fjernverknad)

Eksisterande forhold:

Spreidd busetnad på heile øya, med tilhøyrande uthus og garasjar.

Det er fleire områder både innanfor planområdet og i det omkringliggende området for hyttefelt. Områder for hyttefelt og bustadhus er per i dag nær kvarandre i nokre tilfelle. Ved sjøen finn ein sjøbuer, flytebrygger spreidd utover planområdet og i området rundt planområdet.

Beskriving av planforslaget:

Ein har tilstreba å sikre ei best mogleg terreng- og landskapstilpassa utbygging. Både ved å leggje nye tiltak til delar av området som ligg lågt i terrenget for at dei ikkje skal verke ruvande eller skjemma på andre, men og på ein slik måte at ein har sikra å legge tiltak til delar av eigedommen der det vil bli minst naudsynt med sprengings- og gravingsarbeid for å kunne utføre planane.

Ein har så langt det let seg gjere, plassert tiltak som høyrer saman i nærleiken av kvarandre. Føresegnene er utforma slik at storleik og høgder på fritidsbustader skal være med på å danne eit heilskapleg hytteområde saman med dei eksisterande fritidsbustadane innanfor og rundt planområde. Bygningane må plasserast slik at samspelet mellom dei ulike tomtene skal fungere godt. Dette vil og gjelde for bustad- og campingplassområda.

Verknad planforslag:

Nye tiltak som ligg utanfor dagens veg er plassert slik at dei vil bli lite synlege frå dagens veg og naboeigedommar. Frå sjøen vil ein kunne sjå dei, men dei vil likevel harmonere med bruken av området som er i dag.

Tiltak som ligg i nærleiken av dagens veg, slik som utviding av BFR6 og B2 er plassert slik i terrenget at dei er plassert lågt i terrenget, for å bli minst mogleg dominerande i landskapet med tanke på nær- og fjernverknad.

9.9 TRAFIKKANALYSE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Trafikkanalyse Lammetun

Bakgrunn:

Formannskapet i Fjaler kommune godtok planprogrammet for detaljreguleringsplan for Lammetun gards/bruksnummer 272/3 datert 08.02.2016. eit tilleggskrav var at det måtte lagast ei trafikkanalyse for gardstuna på Lammetun.

Statens vegvesen si uttale til planforslaget: «Det må utarbeidast ein trafikkanalyse for tiltaket

17.02.2020

og utifrå denne må ein sjå på om krysset til Fv. 65 har god nok utforming slik det er i dag».

Ved tidlegare levert planforslag har det vore lagt fram ei trafikksteljing gjort på snuplassen på planstilars eigedom, som ligg plassert slik at dei som skal til dagens campingplass og hyttefelt må køyre forbi denne. Denne ligg slik til på planområdet at den ligg plassert etter naboeigedommar.

Trafikksteljinga vart utført april 2016, tidspunktet for steljinga var basert på den gongs framdriftsplan for reguleringsplanen, og derfor vart det ikkje mogleg å legge trafikksteljinga til høysesong (mai-september).

Lammetun vegen har ei gjennomsnittsbreidde på 3,5 meter, den er ca. 4 km og har ei fartsgrense på 80 km/t. vegen har stort sett eit køyrefelt.

Viser til definisjonane i statens vegvesen si handbok N100 frå 2019 (27), der kjem Lammetun vegen under lokale vegar L1, pga. lengde og fartsgrense. Noko som gir ei ÅDT <500, pga. breidda på vegen.

Angående kryssløysingar for slike vegar står det at «kryss der lokalvegen kommer inn på overordna veg byggas etter krava for overordna veg. Kryss på lokalvegen byggas som T-kryss...». Krysset som statens vegvesen har kommentert i si uttale til høyring av planforslaget ligg ved Våge skule, 7,2 km unna planområdet.

Dagens situasjon:

Eigedom 272/3 vart regulert fyrste gong i 1996, deretter med enkelte justeringar i 2002. frå 1996 har vart det lagt ut hyttefelt. Det har også sidan 1996 vore campingplass på eigdommen, samt utleigeeiningar.

Campingplassen har per i dag 14 stasjonære campingvogner ståande noko som reduserer trafikken av store bular/campingvogner noko, det er per i dag 5 oppstillingsplassar for bular/campingvogner.

Kystfortet som ligg på eigdommen har over fleire år vore besøkt av turistar.



Figur 9-19: Utklipp frå plankartet, syner kvar nabohusa (sentralt i utklippet) ligg i forhold til planforslaget.

Ved ei eventuell utbygging av planområdet vil det generere meir trafikk. Både av personbular og tyngre køyretøy. Men det vil ikkje auke den så mykje at den vil kome i nærleiken av anbefalt ÅDT for vegen. Dette kjem fram i dei neste punkta.

Trafikksteljing:

For å skaffe oversikt over dagens trafikk vart det gjennomført ei trafikksteljing ein laurdag og ein onsdag for å få med både helg og vekedagar.

Det vart registrert trafikk kl. 08.00 – 11.00 – 13.00 – 16.00 og 18.00 – 20.00.

Vi har teke med alle typar køyretøy. Steljinga vart gjennomført ved snuplassen (ved BKB2 om ein ser på plankartet).


Trafikkteljing onsdag 6. april:		
Køyretøy	Fastbuande	Andre
Bil under 3,5 tonn	14	2
Bil over 3,5 tonn	0	2 (skulebussen)
Sum	14	4
Trafikkteljing laurdag 9. april 2016:		
Køyretøy	Fastbuande	Andre
Bil under 3,5 tonn	22	2
Bil over 3,5 tonn	0	0
Sum	22	2

Trafikkteljinga utført i 2016 viser at vegen har god kapasitet i forhold til trafikkmengd.

Kapasitetsutnyttinga er svært låg og kapasitetsreserven vesentleg.

Administrasjonen i Fjaler kommune kommenterte i 2019, det at trafikkteljinga vart lagt utanom høgsesong var uheldig. Det er som tidlegare påpeika på grunn av den gongs framdriftsplan. Sidan vi no er utanom høgsesong, har eg valt å legge ei hypotetisk trafikkteljing til grunn – for å synleggjere at vegen har god kapasitet i forhold til trafikkmengd både slik dagens situasjon er i dag og ved ei eventuell utbygging.

Hypotetisk trafikkteljing – dagens situasjon:



Figur 9-20: syner kart henta frå kartverket sine nettsider 03.12.2019, på kartet er hyttefelt nummerert og markert med raude ellipsar – hyttefelta inkludera alle hytter på Lammetun både på og utanfor planområdet, bustadfelt er markert med blå ellipsar desse markera alle bustadhus på Lammetun – både på og utanfor planområdet, utleigeeiningar på planområdet er markert med gule ellipsar og dagens campingplass på planområdet er markert med oransje

Kriteria som ligg til grunn:

1. Bustadhusa er markert med blå/turkise ellipsar.
Per i dag er det 8 be budde bustadhus på Lammetun, alle utanom 2 er be budde av par. Derfor er det lagt inn i teljing at 6 av husa køyrer med 2 bilar kvar, 2 gongar per dag på område. Medan 2 av husa er lagt inn med 1 bil kvar, 2 gongar per dag.
Alle køyrer personbil. Dette gir totalt 28 personbilar per dag.
2. Hyttefelta er markert med raude ellipsar.
Det er per i dag totalt 23 hytter på Lammetun. Det blir lagt til grunn i teljinga at det køyrer 1 bil per hytte per dag. Dette basert på erfaring frå køyremønsteret på øya, dei kjem stort sett til helg og reiser ved enden av helga. Sidan området ligg såpass avsides vel dei fleste å handle på veg ut. Alle køyrer personbil. Dette gir 23 personbilar per dag.
3. Utleigehytter:
 - 1) Alle utleigehytter er utleigde samstundes.
 - 2) Gjestar kjem i personbilar

17.02.2020

3) Mengd bilar per hytte blir fordelt etter tal på sengeplassar. Hytte med 4 sengeplassar gir 1 personbil, hytte med over 4 sengeplassar og opp til 8 gir 2 personbilar.

4) Køyremønster: 1 gong per dag per bil.

Dette gir 8 personbilar per dag.

4. Camping

1) 14 stasjonære plassar – gir gjestar som kjem/reiser i personbil

2) 5 oppstillingsplassar gir gjestar som kjem/reiser i bubil eller med campingvogn.

3) Åtkomst ein dag og avreise ein dag.

Dette gir 14 personbilar per dag og 5 bubil eller bilar med campingvogn per dag.

5. Dagsturisme:

Maks 10 personbilar per dag.

Dette talet er basert på egne erfaring, vi held sjølv litt statistikk med dette på grunn av at vi følg med marknaden.

Tabell hypotetisk trafikkteljing – dagens situasjon:		
Køyretøy	Fastbuande	Andre
Bil under 3,5 tonn	28	55
Bil over 3,5 tonn	0	7 (2 av desse er skulebussen)
Sum	28	62

Av hypotetisk trafikkteljing av dagens situasjon der det er lagt til grunn at det er folk på alle hytter, i alle stasjonære campingvogner, på alle oppstillingsplassar på campingplassen, i alle utleiegeiningar samt at alle fastbuande køyrer x2 per dag på Lammetun – ser ein at vegen har god kapasitet i forhold til trafikkmengd slik dagens situasjon er per i dag.

Hypotetisk trafikkteljing – maks utbygging:

Om ein då ser på ein eventuell utbyggings situasjon og legg til grunn maks utbygging av planområdet i hen hald til dagens planforslag. Aukar det trafikken på denne måten:

1. 10 hytter i hyttefelt BFR6, gjestar antatt å an komme i 1 bil per hytte. Og aukar trafikken med 10 personbilar per dag.
2. camping BC1 og BC2
Utvida kapasitet aukar trafikken med 5 stasjonære plassar og 15 oppstillingsplassar, som aukar trafikken med 5 personbilar per dag og 15 bubil/bil med vogn per dag.
3. Dagsturisme
Det er anslått at tiltak som Blåklokka og utvikling av kystfortet vil auke dagsturismen noko, den er derfor dobla til 20 personbilar per dag.
4. Nye fastbuande
Det er lagt inn 10 nye tomter for bygging av nye bustadhus på planområdet (NB. 2 av tomtene på B1 er det som tidlegare var den eine tomte rundt planstilars eksisterande bustadhus, den måtte delast i to pga. FM. Den tel ikkje med i denne utrekninga). Dette vil ved utbygging genererer til 10 nye bustader, om ein legg til grunn at det flyttar par inn i alle 10 vil det i så fall auke trafikken med 40 personbilar per dag.

17.02.2020

Tabell hypotetisk trafikktejing – maksimal utbygging av planområdet:		
Køyretøy	Fastbuande	Andre
Bil under 3,5 tonn	64	73
Bil over 3,5 tonn	0	17 (2 av desse er skulebussen)
Sum	64	91

Oppstilling av trafikktejingar i tabell:

Køyretøy	Trafikktejing april 2016	Hypotetisk- dagens situasjon	Hypotetisk - maks. utbygging
Bil under 3,5 tonn			
Fastbuande	22	28	64
Andre	2	57	73
Bil over 3,5 tonn			
Fastbuande	0	0	0
Skulebuss	2	2	2
Andre	0	5	15
SUM ÅDT	26	92	155

Oppsummering:

Det er i dette punktet lagt fram resultat frå kapasitetsberekning av vegen gjennom gardstuna på Lammetun.

Teljingane syner at vegen har god kapasitet i forhold til trafikkmengd – også maks utbygging etter planforslaget.

Kapasitetsutnyttinga er svært låg og kapasitetsreserven vesentleg.

Maks ÅDT <500 etter statens vegvesen si handbok, trafikktejing ved maks utbygging syner at ÅDT vil bli 151 som er under halvparten av anbefalt ÅDT ved vegen. Og då er det lagt til grunn at alle køyrer kvar dag, hyttefolk som fastbuande, derfor er det sannsynleg å anta at reell ÅDT blir godt under 151.

Konklusjon:

Dagens vegnett er godt nok slik det er per i dag. Kapasitetsutnyttinga er låg og kapasitetsreserven er vesentleg, sjølv ved maks utbygging av tiltaka planen kan medføre.

jf. Arealdelen til Fjaler kommune ligg fylkesveg 5655 med ÅDT på 100 til 500 (2). Noko som og er langt under kapasitetsutnyttinga av den vegen, slik at der er også kapasitetsreserven vesentleg.

9.10 MILJØKRAV

Ingen konsekvens.

9.11 RISIKO OG SÅRBARHEIT

Sjå kapittel 10 – ROS-analyse.

9.12 JURIDISKE OG ØKONOMISKE KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN

Ingen

9.13 ENERGIBEHOV OG FORBRUK:

Dagens leidningsnett er per i dag utbygd for å tole ei utbygging både av campingplass BC1 og hyttefelt BFR6. Dersom B1 og B2 utbyggast vil det verte auka behov for energi. Dette er planlagt slik at det vil bli lagt saman med etablering av vegane til områda. Liten konsekvens. Det vil verte auka behov for energi.

9.14 KONSEKVENSA FOR NÆRINGSINTERESSER

Planområdet ligg innanfor gnr./bnr. 272/3 som er eigd av planstilar Frode Haugen, på område driv han i dag bedrifta Lammetun Ferie og Fritid. Næringsgrunnlaget for bedrifta er i hovudsak overnatting i feriehus og campingplass med tilhøyrande fasilitetar og opplevingar knytt til området. Planforslaget vil ha positiv verknad for Lammetun ferie og fritid. Det er

17.02.2020

ikkje registrert andre verksemder på området som planforslaget vil få negative verknader for. Planforslaget vil også få positive verknader for det lokale næringslivet, slik som entreprenørar, leverandørar av material, daglegvare butikkar og liknande.

9.15 AVVEGNING AV VERKNADANE

konsekvensane for planforslaget blir sett på som relativt små.

10. RISIKO OG SÅRBARHEITSANALYSE

10.1 INNLEIING

I tilknytning til planarbeidet er det utarbeidd ei ROS-analyse (risiko- og sårbarheits analyse) for å identifisere moglege truslar og belyse eventuelle konsekvensar av desse.

Ikkje klarerte moglege truslar som er identifisert i ROS-analyse må innlemmast i bestemmingane som føresetnad for bygging.

Følgande truslar er identifisert men ikkje klarert: **Ingen.**

10.2 METODE

ROS-analysen er gjennomført med ei forenkla sjekklister basert på DSBs rettleiar «Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging – metode for risiko- og sårbarheits analyse i planlegginga» utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap i 2011 (28), samt rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar utgitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2011 (29).

Akseptkriteria definerer kva risiko ein er villig til å akseptere, ofte knytt opp mot tap innan følgande tema: liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar. Risiko blir vurdert ut i frå sannsynet av ei hending kombinert med konsekvensane denne fører med seg. I tilfelle der det berre er ein viss risiko for at ei hending oppstår, kan det være vanskeleg å vurdere konsekvens og sannsyn. Dette blir då gjort ved at ein ser på forhold ut i frå tidlegare erfaringar og synfaring av risikoområde.

kjelder for innhenting av informasjon:

- NVE: Fare- og aktsemdskart
- NGU sine databasar
- Kommuneplan
- Lutelandet Energipark – konsesjonssøknad, reguleringsplan og konsekvensutgreiing.
- Miljødirektoratet (med vekt på miljødirektoratets naturbase ID: BN 00068445)
- Kartverket
- DSB – rapport om havnivåstigning og stormflo
- Ryland Bygg
- Tek17
- Kulturminnesok.no
- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T1442/2016)
- Fiskeridirektoratets kartløyisingar på nett med tilhøyrande informasjon.
- Temakart for trafikkulykker – Statens Vegvesen
- Støysonekart og skuggekastanalyse for Lutelandet Vindmøllepark
- Rådgivande Agronomar AS v/Dr. Scient Karl-jan Erstad.
- Forskrift om elektriske forsyningsanlegg.
- DSB sin rettleiar til forskrift om elektriske forsyningsanlegg.
- Sunnfjord Energi AS
- Kommuneplanens arealdel 2020-2032 (Fjaler kommune).

10.3 DEFINISJONAR

I ROS-analysar er konsekvens og sannsyn definert som:

Begrep	Liv/Helse	Miljø	Økonomiske verdiar / produsjonstap
Ufarleg	Ingen personskadar	Ingen skadar	Skadar for inntil 50 000 kr.
Ein viss fare	Få og små personskadar	Mindre skadar, lokale skadar	Skadar for mellom 50 000 – 500 000 kr.
Farleg	Alvorlege personskadar	Omfattande skadar, regionale konsekvensar med restitusjonstid <1år	Skadar for mellom 500 000 – 5 000 000 kr.
Kritisk	Alvorlege skadar /en død	Alvorlege skadar, regionale konsekvensar med restitusjonstid >1 år	Skadar for mellom 5 000 000 – 30 000 000 kr.
Katastrofal	Ein eller fleire døde	Svært alvorlege og langvarige skadar, uoppretteleg miljøskade	Skadar for meir enn 30 000 000 kr.

Tabell 10-1: Konsekvensvurdering

Sannsyn	Generelt	Skred	Flaum
Svært sannsynleg	Ei eller fleire hendingar per år	Meir enn eit per 100 år	Som sannsynleg
Ganske sannsynleg	Ei hending per 1-10 år	Eit per 100 år	1 pr. /20 år – garasje, lager 1 pr. /200 år – B/F/K/Skule 1 pr. /1000 år – sjukehus, beredskap
Mindre sannsynleg	Ei hending per 10-100 år	Eit per 333 år	
Lite Sannsynleg	Mindre hending per 100 år	Eit per 1000 år	

Tabell 10-2: Definisjon av sannsyn

Vurdering av risiko blir gjort ved at ein plasserer hendingane i ei risiko-matrise etter sannsyn og konsekvens. Matrisa viser risiko etter fargane raud, gul og grøn:

Akseptkriterium	
Raude felt	Uakseptabel risiko. Her må det settast i verk tiltak for å redusere risikoen til gult eller grønt.
Gule felt	Potensiell risiko. Det må vurderast om risikoreduserande tiltak er naudsynt.
Grøne felt	Akseptabel risiko. Det kan likevel vere nødvendig med risikoreduserande tiltak i enkelte tilfelle.

Tabell 10-3: Akseptkriterium i ROS-analysen

Svært sannsynleg	4	8	12	16	20
Ganske Sannsynleg	3	6	9	12	15
Mindre Sannsynleg	2	4	6	8	10
Lite sannsynleg	1	2	3	4	5
	Ufarleg	Ein viss fare	Farleg	Kritisk	Katastrofal

Tabell 10-4: Risikomatrise.

17.02.2020

10.4 SJEKKLISTE ROS OG VURDERINGAR

Uønskt hending	Aktuelt	sannsyn	Konse- kvens	Samla risiko	Kommentar/tiltak
Natur- og miljøforhold					
Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko eller auka påkjenningar for:					
Snø- eller steinskred/-sprang?	Ja	1	2	2	Delar av L4 ligg innanfor aktsemdsområde for steinskred, det syner NVE sine kartløyisingar. Sjå kommentar til sjekklister.
Flodbølger som følgje av skred?	Nei				NGU si oversikt over ustabile fjellparti som kan medføre flodbølge, viser ingen slike fjellparti verken innanfor eller i nærleiken av planområde.
Kvikkleire el. a. ustabilitet?	Nei				Opplysningar: NVE Atlas. Innanfor planområde finnast det ikkje kvikkleire.
Flaum/flaums kred?	Ja	1	1	2	Temaet vert i denne analysen handtert saman med stormflo og havnivåstigning. Sjå kommentar til sjekklister
Overvatn?	Ja	2	1	2	Overvatn vil ikkje være noko utfordring innafør planområdet, då det er naturleg fall til sjø på alle kantar innanfor planområde, samt at det er gode dreneringsgrøfter til sjøen.
Radon?	Ja	4	2	8	Det er høg nivå av radon innanfor planområde. Plan- og bygningslova (TEK) har krav til tiltak mot radon i alle bygningar for langvarig opphald. Tilhøvet vert vurdert dekkja gjennom TEK. Sjå utfyllande kommentar til sjekklister.
Skog-/lyngbrann?	Ja	2	3	6	Planområde inneheld skog/lyngområde. Sjå utfyllande kommentar til sjekklister.
Stormflo og havnivåstigning?	Ja	3	2	6	Planområde ligg langs/nær sjøen. Sjå utfyllande kommentar til sjekklister
Vind-/ekstremnedbør?	Ja	3	2	6	Klimaframskriving indikerer auke i ekstremnedbør, men lite endring i vindtilhøva. Ekstrem nedbør vert i denne analysen handtert under stormflo og havnivåstigning. Sikring mot sterk vind vert vurdert som dekkja gjennom TEK. Sjå utfyllande kommentar til sjekklister
Sårbar flora?	Ja	2	2	4	Temaet er handtert i KU og ROS. Sjå utfyllande kommentar til sjekklister
Verneområde?	Ja	2	3	6	Temaet er handtert både i KU og i ROS, Sjå utfyllande kommentar til sjekklister
Vassdragsområde?	Nei				
Kulturminne/-miljø?	Ja	2	2	4	Temaet er handtert i KU under kulturminne, kap. 9.
Verksemdrisiko					
Er det i området:					

17.02.2020

Anlegg/verkse mder som kan utgjere ein risiko?	Nei				Det er ikkje etablert verksemdar på eller rundt planområdet som utgjør ein slik risiko.
Lager med farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	Nei				Det er ikkje etablert verksemdar verken på eller rundt planområde som lagrar farlege stoff.
Medfører planen/tiltaket:					
Anlegg/verkse md som kan utgjere ein risiko?	Nei				Planen opnar ikkje for arealbruk til denne type verksemd.
Lagring av farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	Nei				Planen opnar ikkje for arealbruk til denne type verksemd.
Auka risiko eller andre påkjenningar for sårbare bygg, infrastruktur, aktivitetar?	Nei				Det er ikkje foreslått arealbruk som medfører slik auka risiko.
Forureining					
Er det i området:					
Fare for akutt forureining?	Nei				Det er ikkje kjend forureining innanfor planområde. Det er heller ikkje verksemdar eller arealbruk innanfor planområde som kan føre til forureining.
Permanent forureining?	Nei				Det er ikkje forureining innanfor planområde, ei heller planlagt tiltak innanfor planområde som kan medføre permanent forureining.
Støy og støv (industri, trafikk m.v)?	Ja	2	2	4	Det er ikkje stor trafikk innanfor planområde. I nærleiken til planområdet er det planlagt etablert vindpark, på Lutelandet, som vil kunne medføre støy i form av høyrbar støy og i form av skuggekast. Det er lagt inn sone rundt Lutelandet vindpark. Støy og skuggekast tilknytt Lutelandet vindpark vert i denne analysen handtert under støy og støv tilknytt industri, trafikk m.m. Sjå utfyllande kommentar til sjekkliste
Forureina grunn?	Nei				Informasjon frå nasjonale databasar syner at forureina grunn ikkje er ei utfordring innanfor planområde.

17.02.2020

Forureining i sjø/vassdrag?	Ja	3	2	6	Det er ikkje kjend forureining i sjø/vassdrag i dag. Sjå kommentar til sjekkliste.
Høgspenlinjer ?	Ja	3	1	3	Det ligg ei høgspenlinje som går gjennom delar av planområde. Sjå utfyllande kommentar til sjekkliste
Anlegg for avfallsbehandling?	Nei				Det er ikkje sett av areal til avfallshandtering innanfor planområde.
Medfører planen/tiltaket:					
Fare for akutt forureining?	Nei				Planen opnar ikkje for arealbruk som kan medføre akutt forureining.
Fare for permanent forureining?	Nei				Planen opnar ikkje for arealbruk som kan medføre permanent forureining.
Støy og støv?	Ja	4	1	4	Tiltaka i planen vil medføre noko auka trafikkmengd. Men ikkje ein auke som er så vesentleg at det medfører noko fare. Sjå utfyllande kommentar til sjekkliste
Høgspenlinjer ?	Nei				Planen medfører ikkje at det vil bli lagt fleire høgspenlinjer innanfor planområde.
Anlegg for avfallsbehandling?	Nei				Planen opnar ikkje for arealbruk til denne type verksemd.
Beredskap					
Er det i området:					
God tilkomst for utrykkingskøyr etøy?	Ja				
Tilstrekkeleg sløkkevasskap asitet?	Ja				Vatn via borehol og brønn. Nær sjø.
Medfører planen/tiltaket?					
Behov for nye/auka beredskapstiltak (brann, helse m.v)?	Nei				
Infrastruktur					
Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre auka risiko for:					
Trafikkulykker ?	Ja	1	3	3	Planen opnar for arealbruk som vil medføre auka trafikk. Temaet er handtert i KU. Sjå og utfyllande kommentar til sjekkliste
Manglande kapasitet i kraftforsyninga?	Ja	4	1	4	Må utbyggast dersom ein del av tiltaka i planen skal gjennomførast. Sjå kommentar til sjekkliste
Manglande kapasitet i	Nei				Sommaren 2019 vart det lagt fiber til planområdet.

17.02.2020

tele- /dataforsyning a?					
Manglande kapasitet i VA- system?	Ja	4	1	4	Må utbyggast i tråd med tiltaka i planen. Sjå kommentar til sjekkliste
Andre forhold					
Brann tilknytt campingplass	Ja	2	4-5	8-10	Tiltaka i planen opnar for auka aktivitet og utbygging av campingplassar. Dette medfører auka risiko for brann. Sjå utfyllande kommentar til sjekkliste

Med utgangspunkt i sjekklista, er følgjande hendingar valt ut for nærare risiko- og sårbarheits vurdering:

- Snø- eller steinskred-/sprang
- Radon
- Skog- og lyngbrann
- Stormflo- og havnivåstigning
- Vind og ekstremnedbør
- Sårbar flora
- Verneområde
- Kulturminne
- Støy og støv, frå trafikk, industri m.m.
- Forurensing i sjø og vassdrag
- Høgspenlinjer
- Trafikkulykker
- Kraftforsynings kapasitet
- VA-System
- Brann tilknytt campingplass

10.5 KOMMENTARAR TIL SJEKKLISTE

10.5.1 NATUR OG MILJØFORHOLD:

10.5.1.1 Snø- eller steinskred-/sprang:


Eit steinsprang eller steinskred oppstår når ei eller fleire steinblokker losnar frå ei bratt fjellside og fell, sprett, rullar eller skli nedover ei skråning til terrenget flatar ut. Steinskred og steinsprang losnar ofte i bratte fjellparti der hellinga på terrenget er større enn 40 til 45 grader.

Snøskred er ei plutseleg for flytting av store mengder snø nedover ei fjellside eller ein skråning. Snøskred utløyast vanlegvis der terrenget har helling mellom 30 og 50 grader. Dei fleste snøskred oppstår på grunn av naturlege forhold, men nokre blir utløyast av menneske som bevegar seg i terrenget.

Alle typar skred representerer i større eller mindre grad ein risiko.

Innanfor delar av planområdet og i nærleiken til resten av planområdet ligg fjellet Lammetun fjellet. Lammetun fjellet er karakteristisk med sine bratte fjellsider og med flatt fjellplatå på toppen. Fjellet er 111 moh. Lammetun fjellet er registrert med fare for steinskred-/sprang ifølgje NVE (30) sine kartløyisingar.

17.02.2020




Figur 10-5: Kartet er henta frå NVE Atlas og syner aktsemdsomsråde for snø og steinsprang i bratt terreng. Planområdet er markert med gult på kartet. Som ein ser ligg L4 innanfor aktsemdsomsrådet.

Innanfor delområde L4 i planen er det fare for steinskred-/sprang. L4 har arealføremål friluftsføremål av LNRF. Det skal ikkje byggast innanfor område og planen opnar heller ikkje for utbygging i dette området. Planen medfører ikkje auka risiko eller påkjenningar for dette tema, då det innanfor faresona ikkje er planlagt aktivitet eller tiltak i noko form.

10.5.1.2 Radon:

Radon er ein naturleg førekommande gass som siv gjennom berggrunnen. Førekomsten av radon vil variere med dei geografiske forholda, men Noreg er eit av dei landa i verda som har størst konsentrasjon av gassen.



Figur 10-6: Kart henta frå NGU sin database 11.12.2019.

NGU sin database (31) opp gir at det er høg radonfare innanfor planområdet. Som sjåast og av kartutsnittet henta frå NGU sin database 11.12.2019.

Vidare heiter det seg at om radonfaren er sett til høg, bør det takast vidare omsyn til.

Dette er gjort ved avbøtande tiltak.

Avbøtande tiltak:

Jf. Byggteknisk forskrift (32) skal alle nye bygningar innanfor planområdet som er berekna for varig opphald prosjekterast og utførast med radonførebyggjande tiltak, slik at radonkonsentrasjonen i inne luft ikkje overstig 200Bq/m³.

Forskrifta seier og at alle bygningar berekna for varig opphald skal ha radonsperre mot grunnen, og at det skal leggjast til rette for eigna tiltak i byggegrunnen som kan aktiverast dersom radonkonsentrasjonen i inne lufta overstig 100Bq/m³.

Kvar enkelt bygning skal vernast for radon. Dette vert gjort i prosess ved byggesak, og på den måten får ein risikoen ned til gult-grønt nivå.

10.5.1.3 Skog-/lyngbrann:

På store delar av planområdet finn ein mykje lyng, lauv- og krattskog. Det vil være skog-/lyngbrannfare i tørre periodar. Tenkelege årsaker til skog-/lyngbrann: Uforsiktig bruk av eld, grilling i tørke periodar, lynnedslag.

Jf. Kommunens utkast til arealplan 2020 – 2030 (2) finnast det ikkje data som syner at kommunen er mykje plagd med skog- og mark/lyngbrann. Område verkar ikkje å vere meir utsett enn samanliknbare område på vestlandet.

Tiltak som blir gjort for å redusere risikoen for skog-/lyngbrann:

Ein har plassert ut bålgruver på egna områder for å minimere faren. Samstundes opplyser vi i tørke periodar om forbod mot all bruk av eld inkl. bruk av bålgruver/eingongsgrillar og liknande. Vi følj med på kommunens anbefalingar og rettar oss etter dei – samstundes som vi gjer egne vurderingar når vi synest det er naudsynt at ein i periodar er ekstra forsiktig utan at det er varsla frå andre myndigheiter.

10.5.1.4 Flaumfare, ekstremnedbør, overvatn, stormflo og havnivåstigning:

Opplysningar innhenta frå kartverket, NVE Atlas (30), DSB sin rapport om havnivåstigning og stormflo utgitt i 2016 (33), Kartverkets nivåskisse med de viktigaste vasstandsniåa og ekstremverdiar (34), samt opplysningar innhenta frå J. Ryland v/Ryland Bygg.

Flaumfare, ekstremnedbør og overvatn:


Etter tal frå kartverket og NVE Atlas er det fare for flaum i planområdet. Eventuell bygging innanfor flaum utsette områder vil ta omsyn til dette ved å sette byggjegranser mot sjø. I alle høve skal tiltaka plasserast slik at krava til tryggleik i kapittel 7 i TEK er ivareteke.

Det er ikkje fare for oppdemming på planområdet pga. flatt terreng.

Endring i klima gjer det mogleg at nedbøren vil auke dei komande åra. Størst auke kan ein rekne med om hausten og vinteren. I tillegg må det takast høgde for korte og sterke nedbørsperiodar.

Det er ikkje elvar og bekkar innanfor eller i nærleiken av planområde som medfører fare for flaum.

I føresegnene er det sett krav til VAO-plan (vatn, avløp og overvatn) for tiltaka BFR6, B2 og B1 innanfor planområde ved utbygging av områda. Av VAO-planen skal det og kome fram spesifikasjonar for det eksisterande VA-systemet.



Figur 10-7: kart over faresoner for flaum (det blåprikkede områder) henta frå NVE Atlas 21.06.2017. gult område syner planområde.

17.02.2020


Stormflo og havnivåstigning:

DSB sin tema rettleiar om havnivåstigning og stormflo (33) visar at ei stigning på +69cm inkludert klimapåslag. Returnivå 200 år på stormflo viser eit nivå på 20 år + 145cm, 200 år +158cm og 1000 år +166cm. I berekningane er det teke omsyn til venta landheving og klimapåslag.

Havnivåstigninga kan føre til at stormflo og bølger strekk seg lenger inn på land enn det som er tilfelle i dag. noko som kan føre til erosjon og skadar på busetnad og infrastruktur på grunn av overfløyming av område der ein i dag ikkje har registrerte skadar.

innanfor planområde er det ikkje sett av område til ny arealbruk som kan vere utsett.

Derfor er det ikkje tatt vidare i planarbeidet eller lagt inn føresegner angående dette, då det ikkje påverkar tiltaka i planen.



Figur 10-8 over: Nivåskisse for Lammetun med dei viktigaste vasstands nivåa og ekstremverdiar, henta frå kartverket 20.02.2018

17.02.2020

<p>Lavvann med 20 års gjentakintervall (20YMIN) Statistiske beregninger av hvor hyppig et ekstremt lavvann av en viss størrelse vil opptre. I gjennomsnitt når lavvannet dette nivået en gang i løpet av gjentakintervallet. Det betyr at et ekstremt lavvann med for eksempel 50 års gjentakintervall i gjennomsnitt vil opptre en gang per 50 år. Gjentakintervall kalles også returperiode.</p> <p>Sjøkartnull (CD) Nullnivå for dybder i sjøkart og høyder i tidevanntabellen. Sjøkartnull er fra 1. januar 2000 lagt til laveste astronomiske tidevann (LAT). Løngs Sørlandskysten og i Oslofjorden er tidevannsvariasjonene små i forhold til værrets virkning på vannstanden (vind, lufttrykk og temperatur). Sjøkartnull er derfor av sikkerhetsmessige grunner lagt 20 cm lavere enn LAT langs kysten fra svenskegrensen til Utsira og 30 cm lavere enn LAT i indre Oslofjord (innenfor Drøbakundet).</p> <p>Middelvann (1996-2014) (MSL) Gjennomsnittlig høyde av sjøens overflate på et sted over en periode på 19 år. Middelvann beregnes som gjennomsnittet av vannstandsobservasjoner foretatt med faste tidsintervall - fortrinnsvis over en periode på 19 år. Dagens middelvann er beregnet over perioden 1996-2014.</p> <p>Normalnull 2000 (NN2000) Nullnivå i det norske offisielle høydesystemet NN2000</p> <p>Middel høyvann (MHW) Gjennomsnittet av alle observerte høyvann i en periode på 19 år. Kartverket bruker middelvann pluss amplituden til den harmoniske konstituenten M2 som en god tilnærming.</p> <p>Høyeste astronomiske tidevann (HAT) Høyeste mulige vannstand under midlere meteorologiske forhold, det vil si uten påvirkning fra blant annet vind, lufttrykk og temperatur. I praksis bestemmes HAT ved å lage tidevanntabeller for 19 år og plukke ut det høyeste tidevannet. Tidevannet har blant annet en periode på 18,6 år.</p>

Figur 10-9:
Informasjon
tekst til
figur 23
"Nivåskisse
med de
viktigste
vasstandsni
vå og
ekstremver
diar, henta
frå
Kartverket
20.02.2018

TABELL 7. Sogn og Fjordane

Kommune	Sted	Nærmeste måler	Returnivå stormflo (1 cm over middelvann)			Havnivåstigning med klimapåslag (1 cm)	NN2000 over middelvann (1 cm)
			20 år	200 år	1000 år		
Askvoll	Askvoll	Måløy	145	158	166	70	5
Aurland	Aurlandsvangen	Bergen	140	152	159	60	7
Balestrand	Balestrand	Bergen	139	151	158	65	7
Bremanger	Svelgen	Måløy	149	162	170	74	5
Eid	Nordfjordeid	Måløy	156	169	177	74	6
Fjaler	Dale	Måløy	145	158	166	69	6
Flora	Flørø	Måløy	148	161	169	74	4
Førde	Førde	Måløy	147	160	168	69	6
Gaular	Bygstad	Måløy	145	158	166	69	6
Gloppen	Sandane	Måløy	156	169	177	72	6
Gulen	Eivindvik	Bergen	133	145	152	70	5
Hyllestad	Hyllestad	Måløy	143	156	164	69	6
Hayanger	Hayanger	Bergen	138	150	157	66	7
Leikanger	Hermansverk	Bergen	139	151	158	62	7
Luster	Gaupne	Bergen	141	153	160	61	7
Lærdal	Lærdalsøyri	Bergen	140	152	159	58	7
Naustdal	Naustdal	Måløy	147	160	168	72	6
Selje	Selje	Måløy	156	169	177	75	4
Sogndal	Sogndal	Bergen	140	152	159	61	7
Solund	Hardbakke	Måløy	141	155	162	70	5
Stryn	Stryn	Måløy	157	170	178	72	7
Vik	Vik	Bergen	139	151	158	64	7
Vågsøy	Måløy	Måløy	153	166	174	75	4
Årdal	Årdalstangen	Bergen	140	152	159	57	7

Figur 10-10: Tabellen er henta frå DSB sin rapport om havnivåstigning og stormflo utgitt i 2016

Forklarande tekst til tabell:

Tabellane opp gir stormflo tall og havnivåstigning, inkl. anbefalt klimapåslag for norske kystkommunar (nokon kommunar har fleire enn ein lokalitet). Nærmaste vasstandsmaal er også oppgitt. I tabellane opp gis kun middelveidien for stormflo tala, da det er dette talet som anbefalast. For maks- og minimumsverdiane, sjå rapporten Sea Level Change for Norway. For havnivåstigning er det 95 -persentilen for 2081 -2100 som opp gis. Dette brukas som klimapåslag. Tabellane er delt opp etter fylke, og kommunane står oppført alfabetisk. For totalt planleggingsnivå leggest klimapåslaget til det aktuelle stormflo talet. Middelvann er gjennomsnittleg vann stand på et sted over en periode på 19 år. Det beregnes ved å finne gjennomsnittet av vannstandsobservasjoner føretatt med faste tidsintervall over en periode på 19 år, fordi tidevatnet har en periode på omtrent 19 år. Dagens middelvann er beregnet over perioden 1996 til 2014.

Ut ifrå tabellen kan ein berekne stormflo og havnivåstigning for Fjaler kommune slik:

Sikkerheitsklasse 1: 145 cm (middelverdi) for 20-års returnivå + 69 cm havnivåstigning (95 persentilen/klimapåslag) - 6 cm (kartgrunnlag NN2000) = 208 cm (avrunda til 210c).
Sikkerheitsklasse 2: 158 cm (middelverdi) for 200-års returnivå + 69 cm havnivåstigning (95 persentilen/klimapåslag) - 6 cm (kartgrunnlag NN2000) = 221 cm (avrunda til 220 cm).
Sikkerheitsklasse 3: 166 cm (middelverdi) for 1000-års returnivå + 69 cm havnivåstigning (95 persentilen/klimapåslag) - 6 cm (kartgrunnlag NN2000) = 229 cm (avrunda til 230 cm).

17.02.2020

10.5.1.5 Vind:

Opplysningar/dokumentasjon innhenta frå «Lutelandet Energipark – konsesjonssøknad, reguleringsplan og konsekvensutgreiingar» (12).

Lammetun ligg ved kysten og er eit vindutsett område.


sjølve planområdet ligg lågt i terrenget, vest på øya. På grunn av plasseringa vil planområdet vere middels til hardt vindutsett. dette basert på målingar gjort ved den planlagde vindmølleparken på Lutelandet

Opplysningane er innhenta frå vindmålingar i samband med vindmølleparken på Lutelandet, henta frå «Lutelandet Energipark – konsesjonssøknad, reguleringsplan og konsekvensutgreiing», samt tiltakshavars eiga erfaring etter å ha budd på området i over 20 år. Klimaframskriving indikerer lite endring i vindtilhøva. Sikring mot sterk vind vert vurdert som dekkja gjennom TEK.

Avbøtande tiltak:

Bygningar må være utforma for å tole vindlaster ihht. teknisk forskrift.

Ved å gjere dette får ein risikoen ned til grønt nivå.

10.5.1.6 Sårbar flora:

Figur 10-11: Kart vedlagt Miljødirektoratets naturbase for Lammetun ID: BN 00068445 som syner område det er funne sjeldne artar på markert med grønt.

Opplysningar innhenta frå:

Miljødirektoratets naturbase for Lammetun ID: BN00068445 (8).

Innanfor planområdet er det gjort funn av nokre sjeldsynte og kravfulle landskapsartar, desse ligg som kartet ovanfor viser i området kalla «Neset».

Planlagte tiltak innanfor planområdet ligg ikkje innanfor området for funn av sjeldsynte artar.

Ved å legge alle byggeområde til andre delar av planområdet og ikkje etablere nye stiar eller anna innanfor området der det finnast sårbar flora, tek ein vare på den, og planen medfører soleis ingen risiko for område, og det beheld dagens nivå. Område markert i figuren inngår i heiling i omsynssone H560_2.

10.5.1.7 Verneområde:

Aktuelle områder er definert som omsynssoner i planforslaget.

Aktivitet innanfor desse områda må sjåast i samheng med fare for kulturminne m.m.

Det skal ikkje byggast noko innanfor omsynssonene for kulturminne.

10.5.2 FORUREINING:

10.5.2.1 Støy og støv knytt til trafikk:

Dokumentasjon:

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T1442/2016) (36).

Trafikkanalysen under punkt 9.9 – kapittel 9 konsekvensutgreiing.

Støysonkart utarbeidd av statens vegvesen, tilgjengeleg på nett.

Støyberekning internt på planområdet er ikkje utført då årsdøgntrafikk (ÅDT) er antatt å være for låg til at ein vil kunne registrere Lden-verdiar på over 55dB.

Statens vegvesen har utarbeidd støysonkart for alle riks- og fylkesvegar som ligg ute på deira nettsider. Desse karta syner at det er lite trafikk på hovudvegane i kommunen og at støy frå vegtrafikk ikkje synast å vere noko utfordring på vegane som fører til planområde. Innanfor planområde finn ein kommunal veg og private vegar, som det er enno mindre trafikk på enn hovudvegane.

Innanfor planområdet er det per i dag ikkje stor trafikk på og rundt området. Området ligg i spreidd bygde strøk.

Tiltaka i planen vil auke trafikken på vegane innanfor og rundt planområdet noko, men ikkje så vesentleg at ein nærmare seg grenseverdiane for støy Lden 55dB

Avbøtande tiltak for å avgrense støyen mest mogleg:

Utbetra parkering, for å minske trafikken på planområdet.

10.5.2.2 Støy knytt til anna verksemd/aktivitet:

Støy knytt til anna verksemd/aktivitet er Lutelandet vindpark. I plankartet er det lagt inn støysoner kring Lutelandet vindpark som får betydning for planområdet. Vindparken vil og medføre støy i form av skuggekast innanfor planområde. Under er begge tema gjort greie for inkludert avbøtande tiltak.

10.5.2.2.1 Støy knytt til Lutelandet vindmøllepark:

Dokumentasjon/opplysningar:

Lutelandet vindmøllepark, støysonkart tilsendt frå administrasjonen ved Fjaler kommune (37), retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) (36).

Eksisterande forhold:

Per i dag er ikkje vindmølleparken på Lutelandet realisert. Det er gitt konsesjon til den, men utbygginga er ikkje starta, og det er enno noko uvisst om vindmølleparken blir bygd eller ikkje. Derfor er det per i dag ikkje støy innanfor eller rundt planområdet knytt til Lutelandet vindmøllepark.

Kort om Lutelandet vindmøllepark:



Figur 10-12:
plasseringa av
Lutelandet med
område for
vindparken markert
med blått i forhold til
kvar Lammetun ligg.


17.02.2020

På NVE sine nettsider står det følgande:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) mottok 31.01.2019 søknad om konsesjonspliktige endringer, detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) fra Lutelandet Energipark AS for Lutelandet vindkraftverk.


Planendringssøknaden og detaljplan og MTA har blitt sendt på høring. NVE har i vedtak av 28.06.2019 godkjente MTA og detaljplan for Lutelandet vindkraftverk med tilhørende vilkår. NVE har også gitt konsesjon til økt installert effekt til 56 MW, samt gitt tillatelse til adkomstvei fra nordøst. Planområdet er også redusert noe i sørøst. Det vises til oppdatert anleggskonsesjon av 28.06.2019.

Oppdatert støysonkart for Lutelandet vindmøllepark vart tilsendt oss frå administrasjonen ved Fjaler kommune seint hausten 2019. Støysonekarta syner at delar heilt ytst av planområdet i sør ligg innanfor raud sone når det gjeld støy, samt at delar av planområdet i sør ligg innanfor gul sone når det gjeld støy frå vindkraftverket. Planen medfører ingen tiltak innafør støysonene.




Figur 10-13 over: Syner støysoner frå Lutelandet vindkraftverk per januar 2020 innarbeidd i plankart.

17.02.2020



Figur 10-14: Utklipp frå plankartet som syner raud støysone. Som ein ser er det eit lite område heilt ytst i plankartet, som dekkar område i sjø.



Figur 10 – 15: Syner støysoner lagt oppå kart for eigedom 272/3, slik den er i dag. Kartet er utarbeidd av Yngve Systad.

Støysonekartet er utarbeidd ihht. oppgitt verste scenario for støy av vindparken. Støyverdiane i et verste scenario forutset medvind i alle retningar til eikvar tid, og forutset en vindhastigheit der støyen frå vindkraftverket er på sitt maksimale. I gul støysone er det utandørs støynivå oppgitt til å kunne bli opp til Lden 45 dB. I raud støysone er utandørs støynivå oppgitt til å kunne bli opp til Lden 55dB.



Figur 10-16 over: Bildet er ein illustrasjon av korleis vindmøllene vil verte sett frå kystfortet på Lammetun, henta frå Lutelandet Energipark sin konsesjonssøknad, reguleringsplan og konsekvensutgreiing, datert april 2009. til venstra i bildet ser vi den eksisterande fritidsbustaden BFR3. Til høgre i bildet ser ein eksisterande fritidsbustad hyttefelt BFR5.

17.02.2020

Verknader for reguleringsplanen for Lammetun:

Ved ei eventuell utbygging av Lutelandet vindmøllepark vil det kunne utgjere ein risiko for planområdet i form av støy og skuggekast.

Innanfor raud støysone er det ikkje planlagt noko form for tiltak. Den delen av planområde som ligg innanfor raud støysone ligg nord på planområde – dette er område i sjø.

Innanfor gul sone er det heller ikkje planlagt noko form for tiltak.

Innafor gul støysone finn ein i dag BFR3, BFR5 og hytte 1 i BFR3 ferdig utbygde, samt BBS4 med flytebrygger for eksisterande hytter innafor planområdet.

Retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging (T1442/2016) (36) seier blant anna dette om bygging gul og rød støysone:

Gul sone:

Gul sone er ei vurderingssone der kommunen bør vise varsemd med å tillate etablering av nye bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, skular og barnehagar. I utgangspunkt bør slik busetnad berre tillatast dersom ein gjennom avbøtande tiltak tilfredsstiller grenseverdiene i tabell 3.

Raud sone:

Raud sone angir eit område som på grunn av dei høge støynivået er lite eigna til støysensitive bruksformål. I raud sone bør kommunen derfor ikkje tillate etablering av bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, skular og barnehagar. Kommunen bør og være varsam med å tillate ny busetnad eller arealbruk med støysensitive bruksformål.

Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse

Tabell 3: Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny støyende virksomhet og bygging av boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehagar. Alle tall oppgitt i dB, innfallende lydtryknivå. Se kap 6 for definisjoner.

Støykilde	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor vinduer til rom med støyfølsom bruksformål	Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23 – 07	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, dag og kveld, kl 7 - 23	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, lørdager	Støynivå på uteoppholdsareal og utenfor rom med støyfølsom bruksformål, søn-/helligdag
Vei	L_{den} 55 dB	L_{50F} 70 dB	-		
Bane	L_{den} 58 dB	L_{50F} 75 dB	-		
Flyplass	L_{den} 52 dB	L_{50AS} 80 dB	-		
Industri med heilkontinuerlig drift	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB	L_{night} 45 dB L_{AFmax} 60 dB			
Øvrig industri	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB og $L_{evening}$ 50 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB og $L_{evening}$ 45 dB	L_{night} 45 dB L_{AFmax} 60 dB	-	Uten impulslyd: L_{den} 50 dB Med impulslyd: L_{den} 45 dB	Uten impulslyd: L_{den} 45 dB Med impulslyd: L_{den} 40 dB
Havner og terminaler	Uten impulslyd: L_{den} 55 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB	L_{night} 45 dB, L_{AFmax} 60 dB			
Motorsport	L_{den} 45 dB	Aktivitet bør ikke foregå	L_{50F} 60 dB		
Skytebaner	L_{den} 35 dB	Aktivitet bør ikke foregå	L_{AFmax} 65 dB		
Vindturbiner	L_{den} 45 dB	-	-		
Nærmiljøanlegg	L_{AFmax} 60 dB				

- Ekvivalentnivåene i tabell 3 skal beregnes som årsmiddelverdier i tråd med definisjonene av L_{den} og L_{night} (se kapittel 6). Unntaket er kategorien "øvrig industri" som på grunn av stor variasjon i driftsmønster (variasjon på 3 dB eller mer) skal beregnes som døgnmiddelverdier (verste døgn).

Figuren 10-17. Syner tabell 3 henta frå Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T1442/2016) (36).

Det er som sagt ikkje planlagt tiltak innanfor verken raud eller gul støysone, slik planen ligg føre i dag.

Derfor er det ikkje naudsynt å gjere avbøtande tiltak på grunn av støysona i forhold til tiltaka som ligg inne i planen.

10.5.2.2.2 Skuggekast knytt til Lutelandet vindkraftverk:

Dokumentasjon/opplysningar:

Lutelandet vindpark – MTA og detaljplan datert 31.01.2019 (38).

Lutelandet vindpark – støy- og skuggekast analyse, datert 07.11.2018 (39).


Fjaler kommune ventar å få oppdaterte kart angående skuggekast i løpet av hausten/vinteren 2019 på grunn av endringar i planane til vindparken. Vi ynskjer å bruke desse, men dei er ikkje komne enno. Så per i dag nyttar vi dei karta som ligg ute frå før.

Eksisterande forhold:

Per i dag er ikkje vindmølleparken på Lutelandet realisert. Det er gitt konsesjon til den, men utbygginga er ikkje starta, og det er enno noko uvisst om vindmølleparken blir bygd eller ikkje.

Derfor er det per i dag ikkje skuggekast som følgje av vindparken innanfor eller rundt planområdet.

Beskriving av planens verknad:



Figur 10-18: Bilet er henta frå Lutelandet vindkraft, MTA og detaljplan datert 31.01.2019.

I reguleringsplanen vil BFR6_3 bli påverka av skuggekast frå ein eventuell vindpark på Lutelandet, då hyttefeltet fel inn i oransje sone for skuggekast.

BFR6_3 ligg innafør oransje sone når det gjeld skuggekast, dvs. at det ligg innanfor eit område som vil bli eksponert for skuggekast på over anbefalt verdi – som er 8 timar med faktisk skuggekast per år, resten av BFR6 ligg utanfor grenseverdiane. Områda ligg i same område som BFR3, BFR4, BFR5, samt eksisterande utbygd fritidsbustad innafør BFR6_2 på planområdet.

Utanom BFR6_2 ligg alle desse hyttefelte ligg innanfor oransje verdi av skuggekast. Lutelandet vindpark har sjølv lagt inn i sine avbøtande tiltak jf. Lutelandet vindpark – MTA og detaljplan datert 31.01.2019 følgjande:

«For å redusere skuggekastbelastinga vil det gjerast tiltak for å oppfylle grenseverdiane i retningslinjene for skuggekast. Enkelte vindturbinar vil bli stansa innanfor enkelte tidsrom. Kvar turbin er utstyrt med utstyr og programvare som sørger for dette. Slik produksjonsregulering er berekna til å føre til eit produksjonstap på ca. 0,2%. ein detaljert beskriving av kva turbinar som vil bli stansa finnast i den vedlagte rapporten for støy- og skuggast.»

På grunn av at allereie etablerte hytter i området ligg innanfor oransje sone – plassert i nærleiken av planlagt utviding av hyttefelt BFR6, og dermed innanfor

17.02.2020

området som vil få skuggekast over anbefalt grenseverdi. Vil vindparken sjølv justere grenseverdien i dette området ned slik at den kjem inn under anbefalt grenseverdi for skuggekast per år.

Hyttefeltet som er planlagt for utbygging innanfor planområdet er ei utviding av eksisterande hyttefelt BFR6 den eksisterande hytta (BFR6_2) i dette feltet var bygd før konsesjon vart gitt for Lutelandet vindpark, og vindparken har difor tatt omsyn til denne og slå av turbinar for å kome seg under anbefalt verdi skuggekast per år. Derfor vil omsyna dei tek til denne hytta spele inn for nye hytter lagt i same område. Jmfør dokumentasjon framlagt frå vindparken. Både i MTA og detaljplanen (38) samt i støy- og skuggekastanalysen deira (39).

Derfor vil ikkje skuggekast bli eit problem ved ei eventuell utbygging av eksisterande hyttefelt BFR6.



Figur 10-19: syner utklipp av skuggekast sone for Lutelandet vindkraftverk. Den raude sirkelen markera der den eksisterande hytta innanfor BFR6_2 ligg per i dag.

Om ein ser på tabell 2 frå skuggekastanalysen utarbeidd for Lutelandet vindkraftverk, så ser ein at etter avbøtande tiltak så kjem bygning Q (som ligg i nærleiken til BFR3) under anbefalt grenseverdi på 8 timar per år. L kjem ned i 07:01 timar: minutt per år, G kjem ned i 04:24 timar: minutt per år og Q kjem ned i 06:52 timar: minutt per år.


Tiltak:

Det er anbefalt at tiltak innanfor sone for skuggekast blir utforma med tanke på skuggekast frå vindparken, ved å plassere vindauga på ein slik måte at ein får minst mogleg verknad av skuggekast inn i bueiningar, vil ein kunne minske verknadane av dei.

10.5.2.3 Forureining i sjø/vasdrag:

Dokumentasjon:

Kart og informasjon frå fiskeridirektoratet som syner gytefelt for sei og hyse (26).
NGU sin database (31).



Figur 10-20: Kartet er henta frå Fiskeridirektoratet sine kartløyisingar på nett og syner gyteområde for sei og hyse, vest for Lammetun.

17.02.2020


Dagens situasjon:

I dag er det utbygd fleire flytebrygger og kaianlegg innanfor gytefeltet. Innanfor planområde finn ein VS, BBS2, samt BBS3-5 som er eksisterande og utbygde flytebrygger og kaianlegg innanfor gytefeltet.

Det finnst ikkje sjeldne eller trua artar i sjøen innanfor planområdet.

Verknader av planforslaget:

Av tiltak i planen er det ingen av tiltaka som har innverknad på gytefeltet

10.5.2.4 Høgspenlinjer:

Figur 10-21: syner utsnitt frå plankartet, høgspenlinja er innskravert med raud faresone.

Dokumentasjon:

Sunnfjord Energi AS (40), Forskrift om elektriske forsyningsanlegg (41) og DSB sin rettleiar til forskrift om elektriske forsyningsanlegg (42).

Dagens situasjon:

Det går ei høgspenlinje gjennom delar av planområdet, denne går gjennom L4 som synt på figuren ovanfor.

Verknader av planforslaget:

Tiltaka i planen vil ikkje medføre at det kjem nye høgspenlinjer innanfor eller rundt planområdet. Det er planlagt tiltak i form av bustadhus med tilhøyrande busetnad i nærleiken av høgspenlinja. Men ikkje så nær at dei kjem i konflikt med linja.

Avbøtande tiltak:

Etter samtalar med og dokumentasjon tilsendt frå Sunnfjord Energi As, samt innhenting av lover og reglar som er gjeldande for høgspenlinjer – forskrift om elektriske forsyningsanlegg (41) og DSBs rettleiar for forskrift om elektriske forsyningsanlegg (42), har vi bandlagt høgspenlinja med faresone (H370_1).

Det visast til DSBs rettleiar til forskrift om elektriske forsyningsanlegg (42), kapittel 6, der «viktige bygningar» og «mindre viktige bygningar» definerast slik:


- *Viktige bygningar: bygningar nytta til bustad føremål.*
- *Mindre viktige bygningar: bygningar med største grunnflate 50 m², som ikkje nyttast til bustad føremål, og der det berre leilegheitsvis eller kortvarig oppheld seg menneske.*

Jamfør dokumentasjon tilsendt frå Sunnfjord Energi, forskrift om elektriske forsyningsanlegg (41) og DSB sin rettleiar til forskrift om elektriske forsyningsanlegg (42), gjeld desse reglane for høgspenlinjer:


viktige bygningar skal vere meir enn 6 meter frå ytste straumførande fase. kryssing tillatast over mindre viktige bygningar med største grunnflate 50m², som ikkje nyttast til bustadformål, og der det berre leilegheitsvis eller kortvarig oppheld seg menneske. Avstand frå mindre viktige bygningar til annan bygning må være minimum 4m. For

17.02.2020

mindre garasjar for inntil 2 bilar kan avstanden til viktige bygningar reduserast til 2 meter. Ved slik kryssing av høgspenninglinje må det være minimum 5 meter avstand frå toppen av mønet til underkant av høgspenninglinje målt i ei rett oppatt gåande linje.



Figur 10-22: Illustrasjon som syner plassering av viktig bygning i forhold til høgspenninglinje ihht. Forskrift om elektriske forsyningsanlegg.



Figur 10-23: Illustrasjon som syner plassering av mindre viktig bygning i forhold til høgspenninglinje, samt plassering av viktig bygning i forhold til mindre viktig bygning ihht. Forskrift om elektriske forsyningsanlegg.

Strålevernforskriftas §5 (xx) seier:

§ 5. Berettigelse og optimalisering

All strålebruk skal være berettiget. Dette innebærer at fordelene skal være større enn ulempene strålingen medfører.

Strålebruken skal være optimalisert. Dette innebærer at eksponering for ioniserende stråling skal holdes så lav som praktisk mulig, teknologisk kunnskap, sosiale og økonomiske forhold tatt i betraktning.

For ikke-ioniserende stråling skal all eksponering av mennesker holdes så lav som god praksis tilsier.

I tilknytning til denne forskrifta opp gir «Folkets strålevern» dette angående høgspenning og avstand til bygningar:

I tabellen nedenfor er det gitt representative magnetfeltverdier ved ulike høyspenningledninger med planoppheng.

Sammenheng mellom feltstyrke og avstand for noen ledningstyper. Avstanden er gitt som horisontal avstand fra nærmeste linje. A = strøm i ampere, kV = kiloVolt, nT = nanoTesla:

Spenning	420 kV	300 kV	132 kV	22 kV
Strømstyrke	800 A	400 A	200 A	20 A
Feltnivå i 10 meters avstand	5 000 nT	2 500 nT	1 400 nT	70 nT
Avstand ved 400 nT	70 m	45 m	25 m	3 m
Avstand ved 100 nT	145 m	100 m	55 m	8 m

Basert på tabellen over er det vanskelig å gjette om en bolig har for høye felt. Verdiene er avhengige av hvor mye strøm (ampere) som går gjennom kablene. Det anbefales å få utført målinger for å vite hvilke felt man er utsatt for. I byer er det vanlig å legge høyspenningkablene i bakken. Derfor finnes det boligområder i Oslo med ekstremt høye felt, og dette er ukjent for de fleste som bor der. Det anbefales å få målt strålningsnivået før man kjøper seg ny bolig, for mye tyder på at slike boliger vil få redusert verdi i fremtiden; det er ikke så attraktivt å kjøpe bolig med antatt negativ helsepåvirkning som f.eks. doblet risiko for leukemi hos barn.

17.02.2020

Vi har vore i kontakt med Sunnfjord Energi, no BKK. Og fått oppgitt følgande om den aktuelle høgspenlinja som er innafor planområdet:

Høgspenlinja på Lammetu er ei 22 Kv linje. Har vore litt borti dette med stråling og som det er beskrive i teksten på vedlegget er straumen og avstanden veldig avgjerande. På Lammetu er det kun den eine trafoèn pr i dag, å den er på 100 Kw. Det betyr at på linja er det ikkje meir straum enn maks 5A. Om det blir behov for meir kapasitet på Lammetu, så er det fortsatt mykje å hente før ein kjem over 20 A som er referert til i tabellen.

Til saman utgjer denne informasjonen det som sikkert nok med den faresona som er lagt inn rundt høgspenlinja, som går 7,5 meter ut frå midtlinje senterlinje til kvar side.

I tillegg er B2 no endra slik at ikkje høgspenlinja går innpå området.

B2 ligg slik no at det er 12 meter frå næraste punkt på næraste tomt til midtlinje senterlinje av høgspenningslinja. Noko som gjer at ein er under 70nT (sjå siste kolonne i tabellen over).

Det er lagt inn faresone for høgspenningsanlegg på 7,5 meter på kvar side av linja (dette kjem fram av føresegner og plankart, ein kan også sjå det på figur 10-10).

Innanfor faresona vil det ikkje vere lov å bygge bygningar meint for varig opphald (viktige bygningar).

kryssing av høgspenlinja tillatast over mindre viktige bygningar med største grunnflate 50m², som ikkje nyttast til bustadformål, og der det berre leilegheitsvis eller kortvarig opphald seg menneske. Avstand frå mindre viktige bygningar til annan bygning må være minimum 4m. For mindre garasjar for inntil 2 bilar kan avstanden til viktige bygningar reduserast til 2 meter. Ved slik kryssing av høgspenlinje må det være minimum 5 meter avstand frå toppen av mønet til underkant av høgspenlinje målt i ei rett oppatt gåande linje.

Tiltak innanfor faresona skal gjerast i samråd med linjeeigar.

Høgspenlinja vil eventuelt kunne bli lagt i kabelgrøft ved utbygging av området B2.

Dersom høgspenlinja leggst i kabelgrøft vil omsynssona gå ned til å gjelde 1 meter til kvar side av kabelen, dette for å sikre tilgang dersom kabelen må gravast opp for feilretting. Det vil ikkje være tillat å bygge over jordkabel.


10.5.3 BEREDSKAP:

Lege og helsetenester er plassert i Dale, ca. 40 minutts køyring frå Lammetun. Det same er også Brannstasjonen.

Vegnettet i kommunen gjev ei rekke omkøyringsmoglegheiter, vegane har noko låg standard så det tek tid å kome fram sjølv om omkøyring er mogleg. Lammetun skil seg ut, saman med nokre andre områder på det området at det ikkje finnast omkøyringsmoglegheit til område. Lammetun er ei landfast øy heilt vest i Fjaler kommune. Responstida ligg på 40-45 minutt.

Tilkomst for utrykkingskøyrerøy er bra slik den er per i dag, tiltaka i planen vil ikkje endre tilkomsten.

Det er tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet innanfor planområdet, ein kan og nytte sjøvatn til brannsløkking for dei bygningane nærmast sjøen.

10.5.4 INFRASTRUKTUR:**10.5.4.1 Trafikkulykker:**

Figur 10-24: temakart for trafikkulykker utarbeidd av Statens vegvesen, henta frå deira nettsider 11.12.2019.

Dokumentasjon:

Temakart for trafikkulykker – Statens vegvesen (43) og Trafikkanalysen under punkt 9.9.

Planen opnar for endring av arealbruk som vil generer ein auke i trafikken.

Ei auke i trafikkmengda aukar automatisk faren for trafikkulykker.

Trafikkmengda vil framleis være relativt låg og faren for trafikkulykker dermed relativt låg. I tillegg er terrenget/vegen så kupert at det er ikkje naturleg å halde fart over maks 30 km/t på den siste delen av den kommunale vegen til planområdet. Noko som er med på å redusere faren for trafikkulykker

Temakart for trafikkulykker utarbeidd av Statens vegvesen viser per 11.12.2019 at det ikkje har vore trafikkulykker på Lammetun. Heller ikkje ved vegkryss tidlegare FV65 ved Våge skule.

Avbøtande tiltak:

På området er det både av planstilar og av nabo sett opp fleire skilt for å redusere farten til innkomande køyretøy på og rundt planområdet. Det er skilta med barn leikar to plassar før starten av planområdet, i samband med tuna til naboeigedommane. Og skilta med sone for lav fart ved Låven som ligg innafor B1, der vegen går ned til campingplassen. Det er lagt inn frisktsoner der det er tilrådeleg (for eks. ved B2).

10.5.4.2 Kraftforsyning

Det er høgspenst-luftleidningar innanfor planområdet.

Dagens kraftforsyning er meir enn god nok for bruken av området per i dag.

Det er usikkert om det eksisterande straumforsyningsanlegget er tilstrekkeleg for å dekke eventuelle nye bustader. Ved utbygging må det difor settast av plass til å etablere ein eller fleire nettstasjonar. Sunnfjord Energi AS har bedt om å bli kontakta når detaljplan for utbygging og utnytting føreligg. Dei kan då berekne kva som trengs av forsterkingar i nettet, samt å anslå omtrent kvar nye anlegg bør plasserast.

tiltak: Før utbygging av nye område kan skje må det utarbeidast og godkjennast plan saman med kraftselskapet på området for forsterkingar av kraftforsyning.

10.5.4.3 Energi og VA-System**Eksisterande forhold:**

Det er eksisterande privat vassverk i form av borehol og brønn, og privat avløps reinseanlegg på området.

17.02.2020

Dagens leidningsnett er rettelagt og dimensjonert for å tole utbygging av eksisterande campingplass BC1/bc2, utviding av hyttefelt BFR6. På eksisterande område for campingplass BC1 i dag, kjem reglane som er oppført under eksisterande forhold framleis til å ligge til grunn. Dette kan forsvarast med at det tilfredsstillar reglane jf. TEK17 (32). Dagens campingplass er utbygd etter reglane som gjaldt den gong den vart bygd og desse vil framleis ligge til grunn for denne.

Konsekvensar av planlagde tiltak:

utbygging av nye bustader og fritidsbustader medfører at det må leggest fram vann- og avløpsleidningar og straumkablar fram til bygningar.

Ved ei utbygging av områda B1 og B2 vil det bli naudsynt med ei utbygging av VA-system. Då det vil bli for liten kapasitet i forhold til dagens situasjon å dekke desse.

Det er planlagt og legge leidningar og rør i vegane som skal etablerast i samband med utbygginga.

Tiltak:

Om naudsynt må kapasiteten utvidast.

Før oppstart av utbygging av tiltaka B1, B2 og BFR6 skal det utarbeidast og godkjennast av kommunen ny VAO-plan for utbyggingsområde.

Evt. Søknad om utsleppstillating må sendast godkjenningmyndigheit Fjaler kommune. i forhold til forureining i forbindelse med ovanfor nemnte tema vil ikkje planforslaget medføre særleg auka utslepp. Det forutsetjast forskriftsmessige og godkjente anlegg.

10.5.5 ANDRE FORHOLD:

10.5.5.1 Brann tilknytt campingplass:

Dokumentasjon:

Tek17 §11-6, Tiltak mot brannspreiing mellom byggverk. Med fokus på campingplass (44).

Pressemelding via nettsida: Regjeringen.no, angående reglar for campingplass. 2019 (45)

På campingplasser vil det alltid være fare for brann.

TEK17 har 3 meter som avstandskrav, medan brannvern foreininga anbefaler 4 meter.

Eksisterande forhold:

Campingplass BC1 som per i dag ligg på området har vore her i over 20 år, det har aldri oppstått brann eller fare for brann på campingplassen i det tidsrommet.

I resepsjonen rett ved campingplassen er det plassert eit pulverapparat, samt eitt i sanitærbygget.

Det er lengre vasslange tilgjengeleg ved sanitærbygget, samt kopling til denne ute på veggen der, slik at ein rekk over heile campingplassen.

Det er utarbeidd egne brann føreskrifter for campingplassen, som alle stasjonære gjestar har fått utdelt, samt at alle som er her på korttidsopphald blir gjort merksame på reglane.

Gjeldande brannføreskriftene for Lammetun camping seier:

- Avstand mellom campingvogner/bueining: minimum 3 meter. Det er ikkje tillate å legge golv i 3-metersona. Det er tillat med le skjerm i tekstilduk i 3-metersona, men det må haldast open ein rømmingsveg på minst 80 cm.
- Alle campingvogner står på hjul, for å kunne trekkast lett vekk.
- Alle bueiningar/campingvogner må ha røykvarslar og pulverapparat på minst 6kg, samt

17.02.2020

ein ekstra røykvarslar i elementbygg.

- Alle bueiningar/campingvogner skal være utstyrt med gassvarslar.
- Bruk av open eld er strengt forbod, grillar kan nyttast.

Gjeldande EL-føreskriftene for Lammetun camping seier vidare:

- Kabelen til dykkar campingvogner skal være av godkjent type og tverrsnitt (H07, 3x2,5mm²).
- Alle stikkontaktar og skøyteleidningar skal være med jord.
- Nedgrave kabel f. eks. over naboens «tomt» eller i veg skal vere beskytta med rør.
- Kabelen skal vere kortast mogleg, og utan synlege skadar. Det skal ikkje være skøyter/kontaktar mellom straum stolpe og vogn.
- Støpsel/kontaktar skal være utan skadar/brennemerker.
- Støpsel skal være tilpassa straum stolpe, slik at den kan låsast.
- Gi beskjed ved resepsjonen ved elektriske feil. Hugs at ein feil på di vogn kan føre til at naboane dine også mister straumen på sine vogner.
- Faste elektriske installasjonar ved din plass (elementbygg, fortelt, ute plass og liknande.) skal være utført av autorisert installatør.
- Eigar av vogna er ansvarleg for at det elektriske anlegget er i forskrifts messig stand til ei kvar tid.

Verknad av tiltaka i planen:

Auka aktivitet skapar automatisk auka fare for brann.

Avbøtande tiltak:

Ved ei utviding av eksisterande campingplass BC1 vil desse reglane gjelde:

- Avstandskrav ihht. TEK.
- Alle campingvogner skal stå på hjul.
- Alle campingveiningar må ha røykvarslar, gassvarslar og pulverapparat på minst 6kg, samt ein ekstra røykvarslar i elementbygg.
- Bruk av open eld er forbode, grillar kan nyttast.
- Campingplassane skal ha kvar si informasjonstavle – plassert lett synleg – som syner plassering av sløkkeutstyr, vasspost og rømmingsvegar.
- Elementbygg reknast som ei eiga branncelle med tak og veggjar, slik at konstruksjonen dannar eit rom. Den skal tilfredsstillе dagens EL-30 krav.

11 Avsluttande kommentar

Det vert lagt til grunn at planområdet og verknadane av forslaget er tilstrekkeleg vurdert, og på ein slik måte at tiltaka planen omfattar ikkje vil vere til umiskjennelig bry eller fare for nærliggjande busetnad, landbruks- og friluftstinteresser eller naturmangfald.

Alle tiltaka er planlagde med sikte på å leggje til rette for betre bruk av området, både med tanke på næringsutvikling, friluftsliv, allmenn ferdsel og kultur.

I revidert planframlegg av 12.08.2020 har vi strekt oss langt i å kome Fylkesmannen og Fylkeskommunens merknader til planframlegget som låg til høyring våren 2020 i møtes. Vi har til og med delt opp tomte som inneheld planstilars hus og hage i to, fordi den måtte kome under 2 daa. Slik at vi no har delar av hagen på ei tomt og huset på ei anna. Vi meiner at dette viser at vi strekk oss langt, for å imøtekome krava dei har. Dersom vi skal kunne utvikle verksemda og gjennomføre ei utvikling i forhold til kva reiselivet krev – krevjast det nye tiltak. Elers stagnerer det og ein vil ikkje kunne konkurrere med andre aktørar men derimot fell ein ut av reiselivet fordi ein ikkje kan tilby det turistane ynskjer.

17.02.2020

Vi ynskjer å presisere at vi ser Lammetun Kystfort som kanskje det mest unike ved eigedommen, planstilar driv kontinuerleg med å halde det ved like, og jobbar for å gjere det til ein god attraksjon, tilgjengeleg for ålmenta.

Planstilar har sjølv stått for oppryddinga i kystfortet då han tok over eigedommen på 90-talet.

Det er hengt opp lokale bilete frå krigstida inne i hovudbunkersens.

Fylkeskulturkontoret ved Vestland fylkeskommune er kontakta angående å ivareta målingane som er gjort av tyskarane under 2. verdskrig i utkikkstårnet.

Vi har fått byggeløyve frå Fjaler kommune til å setje opp ei blombert kanon i eine kanonstillinga.

I resepsjonen ved «hovudinngongen» til kystfortet og campingplassen er det utstilling av eit tysk verdskart frå 2. verdskrig samt gjenstandar frå 2. verdskrig. Desse kan vi ikkje henge opp/stille ut inne i kystfortet, både på grunn av fuktigheita men og fordi dei lett vil kunne bli øydelagde eller borte.

I 2020 var det 75 år sidan krigen tok slutt, dette skulle blitt markert med fordrag av den kjende krigshistorikaren og forfattere Kjell Ragnar Berge, samt omvising i kystfortet. Men vart avlyst pga. covid-19 sine restriksjonar og risikoar.

Vi held på å arbeide med å få fram ein del dokumentasjon om kystfortet får krigen. Vi har fått tak i nokre teikningar av bunkersane, samt fleire lister over bygningsmateriale som har gått med og ein del oppdrag som vart sett ut til andre under bygginga av fortet. Dette kjem vi til å jobbe vidare med i tida som kjem.

Tek dette fram her for å vise at vi både ynskjer og prøver å ta vare på kystfortet best mogeleg, samstundes som ein prøver å skape vekst i næringa som drivast på eigedommen med overnatting, camping, opplevings turisme m.m.

Vi opplever at vi har fått positive tilbakemeldingar på at det er fleire føremål tett saman. Og vi har gjestar som kjem fordi dei har høyrte om fortet.

Dei seinare åra har vi erfart at dei reisande vel reisemål etter kva ein kan tilby av opplevingar. Ein av dei største opplevingane dei reisande ynskjer no, er storm turisme og det å oppleve det lokale dyrelivet. Vi har likevel valt å ta ut tiltaket BFT1 då vi opplever mykje motstand frå Statsforvaltaren. Dette er synd, då dette tiltaket hadde medført meir heilårsturisme, og ein hadde vore med på utviklinga til reiselivet og kunne gitt reisande det dei ynskjer.

Av erfaring ser vi at føremålet campingplass opnar for allmenn ferdsel og innbyr til dette. Ved ei utviding av eksisterande campingplass er det lagt vekt på at ein ynskjer å leggje til rette med bord og benkar på det nedste nivået, som er nærast strandsona. Slik at alle kan få glede av å kunne nytte denne delen av område.

Vi håpar å kunne få til ei god utvikling av området, som både vil bidra til auka friluftskativitet og til at folk kjem seg ut å nytter naturen. Mange av tiltaka i planen vil gjere det mogleg for fleire å ta seg til delar av planområdet der det i dag ikkje er så lett å kome til. Og nytte naturen og bruke den til både friluftsliv og rekreasjon.

Til slutt vil vi og få kommentere at ein må hugse på at planen er eit resultat av dei seinare års byggesøknader som har blitt avslått av Fjaler kommune, med den grunngevinga at det må utarbeidast ny reguleringsplan for området der tiltaka som har vore byggesøkt om er innarbeidd.

12. REFERANSAR OG KJELDER:

- (1) Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (Kgl.res. av 25 mars 2011)
- (2) Kommuneplanen sin arealdel 2020 – 2032 for Fjaler kommune.
- (3) kommuneplanens samfunnsdel 2014-2025, Fjaler kommune.
- (4) Temakart A i kommuneplanen for Fjaler kommune
- (5) Forskrift om konsekvensutgreiing, FOR-2017-06-21-854
- (6) Plan og bygningslova, LOV-2008-06-27-71.
- (7) Rapport: Kulturlandskap og kulturmarks typar i Fjaler kommune, skrive av Rudsengen et al 1991.
- (8) Naturbase for Lammetun ID: BN00068445 hjå Miljødirektoratet
- (9) Naturbase ID for Ramsøyna: BM00114940, miljødirektoratet.
- (10) Direktoratet for naturforvaltning, DN-handbok 19-2001 revidert 2007: Kartlegging av marint biologisk mangfald.
- (11) UTGÅR: Rapport om myr og karbonutslepp for Lammetun utarbeidd av Dr. scient. Karl-Jan Erstad v/Rådgivande Agronomar AS i samband med reguleringsplan for Lammetun.
- (12) Lutelandet Energipark – konsesjonssøknad, reguleringsplan og konsekvensutgreiing, datert april 2009. Nytt til blant anna å utgreie forhold som vind.
- (13) Vedtak gjort av Fjaler kommune, arkivsak ID: 09/161 (BFR3).
- (14) Vedtak gjort av Fjaler kommune, arkivsak ID: 166/3830 (parkering ved sjø).
- (15) Vedtak gjort av Fjaler kommune, arkivsak ID: 17/263 (BBS1).
- (16) Vedtak gjort av Fjaler kommune, arkivsak ID: 18/419 (BBS1).
- (17) Vedtak gjort av Fjaler kommune, arkivsak ID: 18/1725 (BBS1)
- (18) Vedtak gjort av Fjaler kommune, dokument ID: 18/4051 (BBS2).
- (19) Gått ut etter revisjon.
- (20) Vedtak gjort av Fjaler kommune, arkivsak ID: 16/813, dokument ID: 17/578 (BKB2).
- (21) Statens vegvesen si handbok V712, utgitt 2014 (ved utarbeiding av konsekvensutgreiing av ikkje-prissette tema – kapittel 6).
- (22) Kulturminnesok.no
- (23) Askeladden
- (24) Geo.no, NGU sine kartløyningar: bonitet innafor planområde.
- (25) NIBIO sine gards kart: oversikt over markslag over planområde.
- (26) Fiskeridirektoratets kartløyningar på nett med tilhøyrande informasjon.
- (27) Statens vegvesen si handbok N1000, datert 2019
- (28) Rettleiar «Samfunnssikkerheit i kommunens arealplanlegging – metode for risiko- og sårbarheits analyse i planlegginga» utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) i 2011.
- (29) Rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar utgitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2011.
- (30) NVE Atlas
- (31) NGU sin database på nett
- (32) TEK 17
- (33) DSB sin rapport om havnivåstigning og stormflo utgitt 2016
- (34) Kartverkets nivåskisse med dei viktigaste vasstands nivå og ekstremverdiar for Lammetun.
- (35) Føresegner og retningslinjer, kommuneplanen sin arealdel 2020-2032, for Fjaler kommune
- (36) Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T1442/2016)
- (37) Oppdaterte støysonkart for Lutelandet vindpark, tilsendt frå administrasjonen ved Fjaler kommune nov/des. 2019.
- (38) Lutelandet vindpark – MTA detaljplan, datert 31.01.2019
- (39) Lutelandet vindpark – støy- og skuggekast analyse, datert 07.11.2018
- (40) Sunnfjord Energi AS.
- (41) Forskrift om elektriske forsyningsanlegg
- (42) DSB sin rettleiar til forskrift om elektriske forsyningsanlegg
- (43) Temakart: Trafikkulykker ved Statens vegvesen, 11.12.2019 (brukt under kapittel 10 for ROS-analysen)
- (44) Tek17 §11-6, Tiltak mot brannspreiing mellom byggverk. Med fokus på campingplass.
- (45) Pressemelding via nettsida: Regjeringen.no, angående reglar for campingplassar